

Det norske Kontor 1754-1866  
*Etablering og organisering*

Nils Haga Dyvik



Masteroppgåve i historie  
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

UNIVERSITETET I BERGEN

Våren 2019

© Nils Haga Dyvik

2019

Det norske Kontor 1754-1866: Etablering og organisering

Nils Haga Dyvik

II

# Zusammenfassung

In dieser Masterarbeit habe ich mich mit der Etablierung und Organisierung Des norwegischen Kontors vom 7. Oktober 1754 bei Bryggen (die Brücke) in Bergen befasst. Das norwegische Kontor ist von einigen Historikern als direkter Nachfolger des ehemaligen hanseatischen Kontors betrachtet worden, von anderen als etwas ganz Neuartiges in der Bergener Handelsgeschichte. Mit dieser Auseinandersetzung als Ausgangspunkt frage ich in dieser Arbeit, ob Das norwegische Kontor tatsächlich eine Neuigkeit oder im Gegenteil eine Fortsetzung Des hanseatischen Kontors darstellte. War Das norwegische Kontor in der Tat ein Handelskontor? Wie war es aufgebaut und reguliert? Warum wurde es überhaupt etabliert?

Um diese Fragen beantworten zu können, habe ich die das Kontor stiftende juristische Urkunde untersucht. Das hanseatische Kontor war auf eine Menge juristischer Urkunden gegründet. Für Das norwegische Kontor lag diese einzige Urkunde zugrunde – sie ist deshalb „das Grundgesetz“ genannt worden. Eine Analyse dieser Urkunde ergibt ein ausführliches Bild von der juristischen Gestalt des Kontors, wie die Gründer diese dargestellt haben wollten.

In der Fortsetzung habe ich Das norwegische Kontor in den politischen Zusammenhang hineingestellt, um die Stiftung als Teil des damaligen politischen Gebildes zu verstehen – vor allem im Lichte der Gesamtstaatspolitik und des Merkantilismus. Weiter habe ich einige Das norwegische Kontor kennzeichnende Züge entdeckt, die mit den Handelskompanien der damaligen Zeit vergleichbar sind, obwohl es hier auch grundsätzliche Unterschiede gibt.

Zum Schluss habe ich die Sachbearbeitung und den Lauf sowohl bei der Etablierung 1754 als auch bei der Auflösung 1866 untersucht. Diese Untersuchung hat einen Einblick in die entscheidenden Momente in diesen Prozessen ermöglicht. Unter besonders auffällige Züge kann die Betonung der Marienkirche und der deutschen Gemeinde in den Vorarbeiten zum Gesetz erwähnt werden, das den juristischen Schutz Des norwegischen Kontors auflöste.

Meine Untersuchungen haben ergeben, dass Das norwegische Kontor ohne Zweifel teilweise eine Fortsetzung Des hanseatischen Kontors darstellte. Vieles deutet darauf hin, dass die Statuten von den involvierten Kaufmännern selbst verfasst wurden, während die Zentralmacht sie nur korrigierte. Der vielleicht meist grundsätzliche Unterschied besteht darin, dass Das norwegische Kontor aus Untertanen der dänisch-norwegischen Krone bestand, während die hanseatischen Kaufmänner Bürger der Hansestädte waren. Das norwegische Kontor wurde in der Endphase des blühenden Merkantilismus gegründet und bekam dadurch sein Gepräge.

# Forord

Gjennom arbeidet med denne masteroppgåva har eg gått gjennom ein prosess som har ført til eiga fagleg styrking. Oppgåva òg eit bidrag til vår felles kjennskap til tida som har vore. For å oppnå dette, har eg fått hjelp og støtte som ikkje kan vurderast. Det har vore både med funn av kjelder og litteratur, faglege tilbakemeldingar og kritiske innskot. Eg vil gjerne takka rettleiaren min, Arne Solli, for dette.

I arbeidet har eg tidvis hatt behov for å finna fram til naudsynt kjelder. Til dette har eg fått stor hjelp ved arkiva, særleg Anders Nilsen ved Bergen Byarkiv vil eg nytta høve til å takka. Like eins hadde ikkje dette studiet vore mogleg utan digitaliseringsarbeidet til Nasjonalbiblioteket eller Digitalarkivet.

Elles er eg takksam til alle som har hjelpt meg med oppgåva.

Angående kjeldehandsaminga, er transkripsjonane av tekstar med gotisk handskrift stort sett mine egne, med dei feila dette måtte medføra. I sitata er det stundom sett inn ein bokstav i klammer. Dette er for å retta opp det eg vurderer som skrivefeil, altså eit ortografisk avvik. Dette er stort sett berre gjort i latinske framandord, der ortografien, i motsetnad til i barokk dansk, er fast.

Nils Dyvik

Bergen, 2019

# Innhold

1	Innleiing.....	1
1.1	Terminologi.....	2
1.2	Forskingslitteraturen .....	4
1.3	Problemstilling og avgrensingar .....	7
1.4	Kjeldematerialet.....	9
1.5	Metodiske problem .....	12
2	Det hanseatiske Kontor.....	15
2.1	Hanseatane i Bergen .....	15
2.2	Administrasjonen .....	20
2.3	Bryggen og gardane .....	22
2.4	Felles plikter.....	24
2.5	Avslutning.....	26
3	Lovregulering for Det norske Kontor .....	27
3.1	Om kjelda.....	27
3.2	Innhaldet i anordninga .....	30
3.2.1	Interne tilhøve.....	30
3.2.2	Forhold til det eksterne .....	37
3.3	Den retthistoriske bakgrunnen.....	40
3.4	Konklusjon.....	46
4	Kontoret i politisk perspektiv .....	49
4.1	Næring- og privilegiepolitikk .....	49
4.1.1	Heilstat og merkantilisme .....	49
4.1.2	Kontor og kompani .....	51
4.2	Handelspolitikk .....	56
4.3	Kontoret og nordlandshandelen .....	59
4.3.1	Kontorets økonomiske funksjon.....	59
4.3.2	Gjeldsforhandlingar om nordlandshandelen.....	63
4.4	Avslutning.....	66
5	Saksgangen fram mot 1754 .....	69
5.1	Bakgrunn for saka .....	69
5.2	Saksgangen i Kommercekollegiet.....	73

5.3	Avslutning.....	79
6	Opphevinga av Det norske Kontor .....	81
7	Avslutning .....	87
8	Litteratur og kjelder .....	93
8.1	Litteratur .....	93
8.2	Trykte kjelder.....	97
8.3	Internettressursar.....	100
8.4	Ikkje-trykte kjelder.....	101

Figur 1:	Data er henta frå Fossen 1979: 682, men merknad-1 (*) er henta frå førestilling nr. 1047, medan merkad-2 (**) er henta frå Nilsen 2010: 29f.....	17
Figur 2:	Eksport av klippfisk (i våger) frå Bergen, perioden 1732-1773. Utklipp frå Fossen 1979: 577 .....	57
Figur 3:	BBA A0585 Rd/L0001. Priskurant, 1. stemne 1860 .....	62

# 1 Innleiing

Det norske Kontor blei skipa i 1754 og har trådd fram som ein arvtakar etter Det hanseatiske Kontor i Bergen. Ein kort periode eksisterte dei to kontora side om side. Dei organiserte kjøpmenn som dreiv handel med tørrfisk, korn og salt. Skipinga av Det norske kontor skjedde ved ei anordning av 7. oktober 1754, som allereie tidleg på 1800-talet blei omtala som monopolistisk. Likevel var det ikkje før ved utgangen av 1866 at Det norske Kontor blei oppløyst. Sidan handelen elles hadde blitt liberalisert, blei det sett på som lite tenleg med «en saadan særskilt Korporation».<sup>1</sup> Kontoret blei skipa i ei tid prega av statlege næringsprivilegium og handelsmonopol, men på slutten av epoken. Berre dryge 20 år seinare kom Adam Smith med sitt kjende verk, som symboliserer omveltinga frå eit merkantilistisk politisk system til eit liberalistisk.

I seinmellomalderen hadde hanseatiske kjøpmenn vakse seg store på handel i Nord-Europa. I jakta på rikdomen frå handelsutbytte markerte hanseatar seg som ein maktfaktor i Nordsjø- og Austersjøområda. I takt med utviklinga mot sterkare statsmakter mista hansasamskipnaden gradvis makt og stilling. Ved inngangen til 1700-talet var posisjonen til hansabyane vesentleg svekka jamfør hundreåra før, og midt på 1700-talet var Storbritannia og Dei sameinte Nederlanda dominerande handels- og sjøfartsnasjonar. I Bergen, der hansakontoret hadde stått sterkt, var det tydeleg at noko måtte endrast og omorganiseras. Ut frå dette kom Det norske Kontor på Bryggen. Anders Bjarne Fossen har hevda at «grunnleggelsen av Det Norske Kontor [kom] som en naturlig konsekvens, uten oppstyr og uten store forandringer. Det nye kontoret representerte intet nytt [...]». Johan Koren Wiberg hadde det motsette synet, i det han hevda at skipinga «danner ett av de viktigste og interessanteste kapitler i Bergens handelshistorie». Dette må ein forstå som ein hyperbol, men det står likevel for eit syn som skil seg kraftig frå Fossen. Resultatet av denne endringa var dokumentet «Anordning og Articler for de Contoirske i Bergen» av 7. oktober 1754.

Trass i dette engasjementet, er eigentleg ikkje Det norske Kontor særleg godt handsama i forskingslitteraturen. Det er påfallande at dei fleste som har arbeidd med bergensk handelshistorie, har brukt lite krefter på Det norske Kontor – særleg på omskiplinga i 1754. Johan Koren Wibergs *Det norske Kontor* (1934) er det arbeidet som tydelegast siktar seg inn

---

<sup>1</sup> Stortingsforhandlinger 1865/66 volum 18, band 5, odelstingsproposisjon nummer 48

på emnet – sjølv om dette eigentleg er ei kjeldeutgjeving. Litteraturen om Det norske Kontor er i tillegg for det meste skriven inn i ein lokalhistorisk kontekst, og blir dermed skriven med eit bergensk perspektiv. Det kan derfor synast som om det manglar eit dansk-norsk perspektiv i litteraturen. I det heile kan det verka som at det finst langt meir forskning på 15- og 1600-talet enn 1700-talet. Døme på dette er blant andre Kåre Lunden (1976), Kari Lindbekk (1974), Alf Kiil, (1940) og Johan Schreiner (1941). Dette betyr likevel ikkje at Det norske Kontor utgjer eit mindre viktig og interessant emne for historisk forskning.

## 1.1 Terminologi

I litteraturen og i kjeldene har både Det norske- og Det hanseatiske Kontor fått ulike namn. Når det gjeld Det hanseatiske Kontor, er både det *tyske* og det *hanseatiske* Kontor brukt, altså termar som peikar i retning av kvar kjøpmennene høyrde til. Christian Koren Wiberg nyttar *Det hanseatiske Kontor* og *hansastover* som termar,<sup>2</sup> medan det i eit samtidsverk av Hildebrand Meyer blir nytta termen «Hansestædiske Contoir»,<sup>3</sup> som på moderne norsk kan omsetjast til «Kontoret for hansabyane» eller «Hansabykontoret». Ei slik nemning kjenner me òg frå fleire andre kjelder, til dømes kjeldene frå dei kontoriske sjølv.<sup>4</sup> I andre kjelder finn me eit spekter av nemningar, som «de Bergenscke Contoirer paa Garpe Bryggen».<sup>5</sup> Gjennom fleire paradigmeskifte ser det ut til at historikarar har slutta å nytta den hanseatiske nemninga – det er i dag blitt vanleg å nytta den tyske. Trass i kva som i dag er vanlegast, vil eg i denne oppgåva som hovudregel nytta nemninga *Det hanseatiske Kontor*. Årsaka til dette er at denne termen ligg nærast 1700-talsnemninga «Hansestædiske Contoir». Eit tillegg til denne vurderinga, er at dei tyske hanseatane først og fremst høyrde til ein hanseatisk kultursfære, og mange høyrde til dei autonome hanseatiske byane. Dei tala ein variant av plattysk,<sup>6</sup> men hadde nok sær sars lite til felles med andre tysktalande lenger sør på kontinentet. Handelen dei hanseatiske kjøpmennene dreiv, blei ikkje i same grad påverka av ei sentralmyndigheit, slik den danske og norske handelen var, men av byadministrasjonen i sine respektive byar, samt hansadagen – så lenge han eksisterte (1669). Å nytta ei slik nemning vil i tillegg samsvara

---

<sup>2</sup> Koren Wiberg 1932: 197

<sup>3</sup> Meyer 1786: 73

<sup>4</sup> BBA A-0585 B:1 f. 9a

<sup>5</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, Deliberationsprotokoller til supplikprotokollene (1736-1756), pk. 36: Deliberationsprotokol C, 1742-1752 – nr. 115

<sup>6</sup> Nesse 2011: 41



med ei nyare utgjeving av Det hanseatiske museums skrifter, der Geir Atle Ersland nettopp nyttar denne nemninga.<sup>7</sup>

Nemninga på Det norske Kontor er ei litt anna sak. Anders Nilsen har i si masteroppgåve granska kopiboka til Det norske Kontor og viser til ulike nemningar på Kontoret. «Det tyske Contoir», «det Bergenske Contoir» og «det Comptoirske Handels Societet udi Bergen» er alle ulike nemningar som blei nytta det første året etter skipinga i 1754. Han viser til fleire døme gjennom 1700-talet som indikerer eit «tysk» kontor, og sjølv i 1855 skal dette ha vore tilfelle.<sup>8</sup> Som Nilsen retorisk spør, er nok særleg dette siste eit tilfelle av nostalgi – eller kanskje berre gamalmodig vane. Andre nemningar som har blitt nytta, er til dømes *det nordiske kontor*, samt ein omtale frå ingressen til kopiboka for Det norske Kontor, som kanskje er den minst verdilada omtalen eg har funne: «Contoiret af 7<sup>de</sup> Octoberis 1754».<sup>9</sup>

I praksis er det ikkje spesielt vesentleg kva kontoret blei kalla, verken i kjeldene eller i litteraturen. Det at enkelte held fram med å nytta det gamle namnet på eit føretak, er slett ikkje noko ukjent fenomen i dag heller, så det blir desto viktigare å avklara. I denne oppgåva vil dei to kontora bli omtala som det Det hanseatiske Kontor (forkorta DHK) og Det norske Kontor (forkorta DNK). I tillegg blir det i denne oppgåva nytta majuskel, og til dels ubunden form, for å poengtera særnamnsstatusen til sameiningane.

I tillegg kjem namnet på kjøpmennene som etterkvart høyrde til Det norske Kontor, men som heller ikkje før skipinga av dette, høyrde til ein hansastad. Denne viktige gruppa blir av enkelte omtala som eigenhandlarar, men denne termen dekkjer heller ei anna gruppe; litt forenkla var dette nemleg dei som både dreiv og åtte ei handelsstove – altså stoveeigarar som ikkje hadde ein forvaltar. Det kunne kanskje vore mogleg å kalla denne gruppa *norske*, som ein motsetnad til *tyske*, men dette blir gale så lenge mange, kanskje stundom dei fleste dansk-norske kjøpmennene på Bryggen, hadde sitt direkte opphav i tysktalande område. Sannsynlegvis identifiserte dei seg i retning kontinentet, og i alle fall ikkje som norske, slik me i dag forstår dette.<sup>10</sup> Ein langt vanlegare og meir korrekt term å nytta, er *borgarskap* eller *byborgarar* – ikkje forstått som at hansakjøpmennene ikkje hadde borgarskap i nokon by,

---

<sup>7</sup> Ersland 2011a: 25

<sup>8</sup> Nilsen 2010: 8ff

<sup>9</sup> BBA A-0585 B:1

<sup>10</sup> Dette kjem mellom anna fram i den fascinerande brevvekslinga mellom oldermannskapet og kjøpmann von der Fehr, som Koren Wiberg har attgjeve. (Koren Wiberg 1899: 14ff)

men at «borgarane» var byborgarskapen i Bergen. Såleis blir *borgarskap/-handlar* ei kortform for «kjøpmann med borgarskap i Bergen by». På denne måten er bruken av denne borgarskapstermen oppklara.

## 1.2 Forskingslitteraturen

Det blir gale å hevda at det samanlagt er forska lite på DHK og DNK, men det er forska påfallande lite eksplisitt på DNK. Fleire av dei som har skrive om hanseatisk historie, har inkludert noko om Det norske Kontor, men det blir jamt over beskjedent handsama. At det finst mykje litteratur på området, betyr både at det er mykje å ta av, men òg at det er meir arbeid å skilja ut kva som er relevant. Likevel er det nokre historikarar som peiker seg ut som særleg interessante og viktige.

Den første er Yngvar Nielsen (1843-1916), og særleg hans *Bergen fra de ældste Tider indtil Nutiden: En historisk-topografisk Skildring*, som kom ut i 1877 og var eit av dei største bidraga til den tidlege bergensforskinga. I og med at denne utgjevinga ligg så tett opp mot den juridiske opphevinga av DNK, vil det vera naturleg å vurdere om ho skal nyttast både som kjelde og forskingslitteratur. I dette tilfellet er det ei enkel vurdering: Av di denne oppgåva og arbeidet til Nielsen handsamar det same temaet, og denne oppgåva ikkje er ei historiografisk gransking, må dette arbeidet til Nielsen openbart nyttast som eit fullverdig bidrag til forskingslitteraturen. Som tittelen indikerer, fokuserer verket mest på historiske stadar og bygningar, samt korleis desse har blitt nytta. Den historisk-topografiske skildringa er tydeleg mest vigd perioden før eineveldet. Nielsen har ei god oversikt over ein del av kjeldematerialet, og dette verket kan såleis mellom anna nyttast tilnærma som eit oppslagsverk for kjeldearbeidet.

I 1899 kom det første nummeret av *Det hanseatiske museums skrifter* (DHMS), som er ein sær viktig skriftserie. Det er museumsmannen Christian Koren Wiberg (1870-1945), samt assistenten hans Johan Koren Wiberg (1907-33), som kan ta æra for dei første førti åra med utgjevingar. DHMS inneheld både forsking og ei rekke kjeldesamlingar. Enten er det eit sjangertrekk eller skuldast det personen, for i motsetnad til Nielsens arbeid, ser det ut til at mange nummer av DHMS få og ingen referansar. Dette gjer det vanskelegare å etterprøva, noko som i neste omgang kan svekka truverdnet. Det som gjer utgjevingane viktige i denne samanhengen, er for det første at utgjevinga til Johan Koren Wiberg åleine dreier seg om Det

norske Kontor (DHMS nr. 9 (1934)). For det andre inneheld arbeidet til Christian Koren Wiberg (DHMS nr. 6 (1932)) viktige bidrag til forskinga. Mellom anna skriv han om det han kallar «Det kontorske program av 1739», som han meiner anordninga av 1754 var ein direkte følge av.

I all den litteraturen som til nå er nemnt, kan synast å ha eit visst nasjonalt preg. Dette gjeld ikkje Johan Schreiner (1993-67), som gjennom *Hanseatene og Norge i det 16. århundre* (1941) teiknar eit særst lite gunstig bilde av tyskarar generelt. Det som særmerker Schreiner, er at medan andre forfattarar berre nemner at det i løpet av 1500-talet skjedde noko med forholdet til hansaen, så er det ingen tvil om at Schreiner gjennom sitt arbeid ønsker å visa til det store spennet mellom hanseatiske handelsfolk og bergenske byborgarar. Sjølv adelen, som ikkje var borgarar og som derfor vel heller ikkje skulle ha dei heilt store interessene av konflikt med tyskarane, blir skildra i stadige konflikter med dei hanseatiske kjøpmannsfolka på 1560-talet, så som lensherre Erik Rosenkrantz.<sup>11</sup> Schreiner skriv at det i førstninga var eit ønske frå kongen å innføra meir korn til landet, men at det etter kort tid utvikla seg til ei soge prega av motstand mot dei rike tyskarane.<sup>12</sup> Schreiner opererer altså med ein allmenn interessemotsetnad mellom tyskarar og nordmenn (Danmark-Noreg). Verket sluttar før framstillinga når 1750, men om me fører synspunkta hans vidare, kan me sjå Det norske Kontor som resultat av den same interessekonflikten mellom tyskarar og bergensarar – ein konflikt bergensarane kom sigrande ut or.

I 1938 blei doktoravhandlinga til Axel Coldevin (1900-1992) publisert i DHMS: *Næringsliv og priser i Nordland 1700–1880*. Arbeidet er viktig: Coldevin handsamar nordlandshandelen på dei premissa og med den litteraturen han hadde rådvelde, men likevel på eit vitskapleg nivå over Koren Wiberg. I denne samanhengen er det særleg viktig at han har markert seg som motstandar av det synet Schreiner står for. Coldevin skriv rett ut: «At bergenserne snøt nordlendingene, er nesten blitt et dogme [...]», medan hans heilskapsinntrykk er «at bergenserne er blitt snytt næsten like meget av nordlendingen som omvendt.»<sup>13</sup> Når det kjem til usemja om betydninga av omskiplinga i 1754, skriv Coldevin seg inn i partiet til Fossen: «Det Norske Kontor var i ett og alt en efterligning av Det Hanseatiske bare i litt forenklet og modernisert form.»<sup>14</sup>

---

<sup>11</sup> Schreiner 1941: 331ff

<sup>12</sup> Schreiner 1941: 15f

<sup>13</sup> Coldevin 1938: 163f

<sup>14</sup> Coldevin 1938: 70

Rundt 1970 kom to verk ut som begge har markert seg som viktig litteratur: Sverre Steens (1898-1983) *Bergen: Byen mellom fjellene* (1969), skriven til Bergens 900-årsjubileum, og Bernt Lorentzens (1903-1991) *Den berømmelige handelsstad Bergen gjennom tidene* (bd. 2) (1971). Dette er pussig, fordi dei begge er populærvitenskaplege utgjevingar, noko dei i fororda viser at dei er medvitne om: Steen skriv om verket sitt at det er sett saman over for kort tid, og at «Den har ingen vitenskapelige pretensjoner». <sup>15</sup> I forordet til Lorentzen gir forfattern tydeleg uttrykk for det same: «Noter og henvisninger blir oppfattet som garantien for fremstillingens faglige kvalitet, men kan vanskelig forenes med en populær framstilling.» <sup>16</sup> Det manglande vitenskaplege nivået pregar arbeida, og dei kan derfor vanskeleg takast med i ei masteroppgåve.

Dei to neste som markerer seg med store utgjevingar innan hansaforskinga, er forfattarane av dei to første banda av Bergen bys historie: Knut Helles (1930-2015) *Kongssete og kjøpstad: Til 1536* (1982) og Anders Bjarne Fossens (1935-2013) *Borgerskapets by: 1536-1800* (1979). Særleg viktig for denne oppgåva er Fossen, som representerer eit betydeleg oversynsverk over den tidlegmoderne historia til Bergen. Det er spesielt siste halvpart av boka inneheld det relevante stoffet. Fossen kjem her med utsegner av interessant karakter: at skipinga av Det norske Kontor ikkje markerte noko nytt i bergens handelshistorie, men berre var ei vidareføring det gamle systemet. Fossen trekker òg fram konflikttilstanden mellom DHK og byen, men er ikkje så skarp som Schreiner.

Det siste betydelege bidraget til forkinga er *Das Kaufmannshaus: Det hanseatiske kontorets rettslokale og administrasjonshus i Bergen* (DHMS nr. 30 (2011)) av Geir Atle Ersland (1957-). Særleg kapittelet «Kontorets administrasjon og domstol» gir eit godt innsyn i korleis administrasjonen og rettsapparatet på Bryggen fungerte under Det hanseatiske Kontor.

I tillegg til dei nemnde utgjevingane, er det dei siste åra skrive ei rekke masteroppgåver som grensar opp mot emnet. Særleg relevant er Anders Nilsens *Handelskontoret i Bergen av 1754: Fellesskap under forvitring?* (2010). Oppgåva til Øystein Hellesøe Brekke (2009) omhandlar Kontoret som politisk aktør i mellomalderen, men er likevel nyttig. Det same gjeld i hovudsak oppgåva til Janita Kristin Sollibakke (2018), som

---

<sup>15</sup> Steen 1969: Forord

<sup>16</sup> Lorentzen 1976: Forord

undersøker utviklinga til handelsstovene. Ragnhild Helene Prestrud (2007) har undersøkt DHK etter brannen i 1702, og hennar kjeldeundersøkingar har vore til inspirasjon og hjelp.

Jamt over har det vore forska lite på Det norske Kontor spesifikt. Synet på samspelet mellom hanseatane og bergensarane var fram til Coldevin negativt lada, og den positive rolla hanseatiske kjøpmenn hadde i byen, blir sjeldan trekt fram. Såleis kunne ein venta at synet på handelen som midt på 1700-talet gjekk over på dansk-norske borgarar, var meir positivt. Johan Koren Wiberg har slik skilt seg ut i forståinga av skipinga, der han nærast er beundrande til den høge kulturelle statusen hanseatane hadde. Hovudproblemet med forskinga som har vore, er at ho både er farga av si fortid og av tilknytninga til Bergen. Grunnlaget for å påstå at Det norske Kontor var ei vidareføring, er såleis suspekt. Den manglande semja med tanke på kva skipinga av Det norske Kontor hadde å seia, kva rolle Kontoret spela og motivet for skipinga – den lite samstemte i forskingslitteraturen generelt – er noko av det eg har som utgangspunkt for denne oppgåva.

### **1.3 Problemstilling og avgrensingar**

Det hanseatiske Kontor hadde frå 1600-talet byrja å sjå vesentleg annleis ut enn i mellomalderen. Ein særleg markør for dette var at handelsstovene i aukande omfang hadde fått borgarlege eigarar frå 1630-talet, i tillegg til at den siste hansadagen blei halden i 1669.<sup>17</sup> Dette er ikkje berre eit bilde på endringa, men er òg av praktisk betydning. Som eit forsøk på å ordna tilhøvet på Bryggen, blei det i 1754 skipa eit norsk handelskontor. Etter alt å dømma var intensjon at denne organisasjonen skulle ta over den rolla Det hanseatiske Kontor hadde spela. På grunnlag av den mangelfulle forskinga generelt og den manglande semja i forskingslitteraturen spesielt, har eg stilt følgande spørsmål i denne oppgåva: Kvifor blei Det norske Kontor skipa i 1754 – kva for motiv kan ha lege til grunn? Kva var Det norske Kontor jamført med andre handelskorporasjonar i samtida? Kunne det kallast eit typisk handelskontor? Korleis var det bygd opp, og kva regulerte kontoret – og kva regulerte det ikkje? Representerte det Det norske Kontor noko nytt, eller var det ei vidareføring av Det hanseatiske Kontor? Nokre av desse spørsmåla kan verka sjølvsegde, men det ser ikkje ut for at dei er ordentleg handsama i forskingslitteraturen.

---

<sup>17</sup> Ersland 2011a: 38

## Tidsavgrensing

Det vil vera naturleg avgrensinga kva tidsrom denne oppgåva skal omfatta. Avgrensinga bør vera frå kring 1720, då ei aukande misnøye på Bryggen førte til eit arbeid for å få skipa Det norske Kontor. Dette året fell saman med slutten på Store nordiske krig, som både verka inn på hanseatiske handelsforbindelsar og på samfunnet generelt. Framover i tid er det lettare å setta eit fast årstal: 1866. Ved utgangen av dette året blei Det norske Kontor lagt ned gjennom ein kongeleg resolusjon av 17. februar 1866.<sup>18</sup> To andre viktige tidsmarkørar er sjølv sagt skipinga i 1754, samt året 1766. Då blei den siste stova som var i eige av ein kjøpmann med hanseatiske tilknytningar, ei såkalla *hansastove*<sup>19</sup>, seld til ein bergensk byborgar. Det kan nemnast at verksemda skal ha halde fram i nokre tiår etter at DNK miste sitt juridiske vern, men heilt slutt var det ikkje før i 1899.<sup>20</sup> Denne oppgåva dreier seg om den kontoriske jurisdiksjonen, som tok slutt i 1866. Dette året er såleis lagt til grunn for avgrensinga.

## Geografisk avgrensing

Den geografiske avgrensinga for denne oppgåva vil i all hovudsak dreia seg om Bergen. Utover Bergen vil områda der dei bergenske kjøpmennene hadde sit nedslagsfelt òg vera involverte. Dette dreier seg for det første om heimstadane til dei hanseatiske kjøpmennene, altså byar som Lübeck, Rostock, Wismar, Stralsund, Danzig, Treptow og Kolberg, av Johan Schreiner omtala som «byene østpå», samt Bremen, Hamburg, Kampen og Deventer, omtala som «byene vestpå».<sup>21</sup> Oppgåva vil òg strekka seg nordover mot områda der tørrfisken kom frå, nemleg Nordlanda. Dette var området nord for Trøndelag og sør for Finnmarken. I perioden denne oppgåva dreier seg om, var Nordlanda regulert som bergensk cirkumferens.<sup>22</sup> Den nøyaktige avgrensinga til dette området er ikkje viktig for denne oppgåva. Tilsvarande vil andre fiskeriområde som Island og Newfoundland bli nemnt, men då som fiskeriområde – ikkje som geografiske avgrensingar. København blir òg omtala, men ikkje som by, snarare som representasjon for den sentraliserte statsmakta i Danmark-Noreg under einevaldstida.

---

<sup>18</sup> Stortingsforhandlinger 1865/66, Kongelige Propositioner og Meddelelser, 5. del. <https://www.nb.no/statsmaktene/nb/ed5955778d0992cd9a9dfa36b8768926#1012>

<sup>19</sup> *Hansastove* blir brukt antonymt med *borgarstove*.

<sup>20</sup> Koren Wiberg 1934: 39f

<sup>21</sup> Schreiner 1941: 301ff

<sup>22</sup> Sjø Fossen 1979: 365-79 for nærare omtale av Nordlanda

## 1.4 Kjeldematerialet

Kjeldetilgangen kan delast i to fraksjonar: dei trykte kjeldene, og dei som ikkje er det. Med trykt, meiner eg utgjevingar transkribert frå handskrift og trykt systematisk. Dei trykte kjeldene som er relevante for dette prosjektet, er stort sett digitaliserte og ligg tilgjengelege på internett. Dette gjer det lettare å finna kjelder, samt enklare å lesa dei. Ikkje-trykte kjelder blir gjerne oppbevarte i arkiv, og er dermed vanskelegare å finna og nytta, sjølv om desse òg kan vera digitaliserte. Med dei ikkje-trykte kjeldene er det tale som kjelder som finst i si opphavslege form, skrive på papir. Med ikkje-trykte kjelder forstår eg òg enkelte kjelder som er trykte, men som òg var det i si opphavslege form og såleis ikkje er nytgjevingar av eldre kjelder.

### Trykte kjelder

Det finst ein del arkivstoff om nordlandshandelen, DHK og DNK. Av dette er ganske lite utgjeve i trykt form, men noko er transkribert og noko oversett. Hildebrand Meyer publiserte i 1775 *Korte Betragtninger om Handelen* (i Bergen). Dei tre originalbanda er oppbevarte hjå UBB-S,<sup>23</sup> men er utgjevne av Bergen historiske forening ved Knut L. Espelied i 2001.<sup>24</sup> I tillegg er Meyers *Bergens Beskrivelse* (1764) bd. 1 trykt og publisert ved Bergen historiske forening (1904), medan bd. 2 er transkribert av Knut Geelmuyden og publisert i av BBA (2016). Meyer gir eit samtidsbilde av handelen og er først og fremst kjelde til samtidsbetragtningar. Det same kan seiast om Lyder Sagen og Henrik Foss' *Bergens beskrivelse* frå 1824.<sup>25</sup> Her er mellom anna anordninga av 7. oktober 1754 fritt attgjeven.<sup>26</sup> At dette var to viktige arbeid i si tid, er det ikkje tvil om, men fordi dei held eit lågt vitskapleg nivå samanlikna med dagens standardar, er nytteverdien derimot avgrensa.

Av dei mest nytta kjeldeutgjevingane finn me det dansk-norske lovmateriale for ca. 1660-1814, som i stor grad er samla av tre juristar. Av desse er utgjevingane til Fredrik August Wessel-Berg dei viktigaste for dette masterprosjektet. Dei to andre dokumentsamlingane er dei etter Laurids Fogtman og Jacob Henric Schou. Desse er alle gitt ut innanfor ein relativt smal tidsperiode (ca. 1785-1850), men arbeidet til Wessel-Berg skil

---

<sup>23</sup> UBB-S Ms. 70

<sup>24</sup> Meyer 1775

<sup>25</sup> Sagen & Foss 1824

<sup>26</sup> Sagen & Foss 1824: 354-364

seg frå dei to andre ved at han har spesialisert arbeidet sitt på dokument som berre gjeld Noreg – og difor inneheld meir komplette dokument. Dette er spegla i forordet til Wessel-Berg, der han presiserer at hans verk er ei vidareutvikling av arbeidet til Fogtman: «Mange hos Fogtman forekommende Feil ville derhos befindes rettede».<sup>27</sup> Sjølv sagt er mange dokument tatt bort av omsyn til spesialiseringa til Wessel-Berg, men fleire dokument som gjeld Danmark åleine, er òg tatt med for å gjera verket hans meir heilskapleg. Dette ville med andre ord underbygga påstanden om at arbeidet til Wessel-Berg er det mest relevante for mitt prosjekt.

Yngvar Nielsen publiserte eit arbeid i *Christiania Videnskabselskabs Forhandlinger* i 1879-80 som følge av arbeid med Bergenfarerkompaniets arkiv i Lübeck. Denne publikasjonen er ein transkripsjon av «et lidet Hefte, der indeholder en Række Afskrifter af de i det 16de og 17de Aarhundrede givne Vedtægter for Kontoret i Bergen.»<sup>28</sup> Det er ein av dei aller tidlegaste publikasjonane av kjelder som har vore relevante for dette prosjektet. Desse transkripsjonane kan vera til stor nytte dersom ein skal handsama hanseatiske kjelder – i sær vedtektene.

Tilsvarande publiserte Bergen historiske forening i 1895 ein transkribert og omsett versjon av *gartenrechts* for Jacobsfjorden og Bellgarden.<sup>29</sup> Av forordet til denne utgivinga kjem det fram at dette var eit stort arbeid, mellom anna fordi det var naudsynt med hjelp frå «hr. geheimrath, professor Konrad v. Maurer i München og direktør ved oldsamlingen i Kiel, dr. frk. J. Mesdorf»,<sup>30</sup> som begge var kyndige i det tyske språket dei fleste hanseatiske kjeldene er skrivne på. Ei siste viktig kjeldeutgjeving er Bendix Bendixens utgjevingar gjennom Bergen historiske forenings *Skrifter* (dei same som publiserte Meyers Bergensbeskrivelse). Mest interessant i denne samanhengen er band 1 (1895), «Gaardsretten i Jacobsfjorden og Bellgaarden»; band 7 (1901), «Bergens økonomiske stilling i og ved aaret 1735»; band 8 (1902), «Bergens økonomiske stilling i og ved aaret 1735 (slutning)». Dette er for det meste transkripsjonar frå eldre arbeid.

---

<sup>27</sup> Wessel Berg 1841: side 1 av forordet

<sup>28</sup> Nielsen 1879: 1

<sup>29</sup> Krohn og Bendixen 1895

<sup>30</sup> Krohn og Bendixen 1895: 12



## Ikkje-trykte kjelder

Ikkje-trykte kjelder dreier seg om arkivmateriale som ikkje er utgitt. Tilgangen på desse kan delast i digitaliserte kjelder og dei som ikkje er det. Den førstnemnde gruppa er den klart minste, men likevel lettast tilgjengelege. Fordi mesteparten av materialet berre finst i papirformat, er den geografiske plasseringa til arkiva med på å avgjera om dei kan la seg nytta. I kombinasjon med dette, samt relevans for oppgåva, er det mest nytta arkivmateriale, det som er gjort digitalt tilgjengeleg.

Det er i hovudsak fire arkiv som oppbevarer relevant kjeldemateriale. Bergen byarkiv (BBA) og Statsarkivet i Bergen (SAB) ligg begge i Bergen og er såleis lett tilgjengelege. I BBA finst arkivet til DNK (A-0585). Her inneheld journalen òg brev og saker frå tida før skipinga i 1754. På BBA finst òg arkivet til Magistraten, ein del av gardane på Bryggen og De eligerte menn, samt arkivet til Politimeisteren. På SAB finn me det særleg viktige arkivet til Stiftamtmannen. Dette arkivet er viktig, for mykje av saksgangen til skipinga i 1754, gjekk via Stiftamtmannen og vil såleis kunna finnast der.<sup>31</sup> Særslite av materialet på SAB og BBA er digitalisert. I lag med spesialsamlinga ved Universbiblioteket i Bergen (UBB-S), finst dei viktige *maskopibøkene* oppbevart ved BBA.

Det tredje arkivet som må nemnast, er Rigsarkivet i København (DRA). Her er det arkivet etter Kommercekollegiet som er relevant. Det er eit stort arkiv og derfor noko vanskeleg å orientera seg i. I DRA er det venta at det finst materiale som er gått tapt i andre arkiv. Dette arkivet er vanskelegare tilgjengeleg enn dei to i Bergen, med tanke på at ein enten må vitja det i eigen person eller nytta store økonomiske ressursar for å få tilsendt ønska kopiar.<sup>32</sup> Heldigvis er store delar digitalisert og er såleis gjort lettare tilgjengeleg.<sup>33</sup> Frå dette arkivet har eg sjølvsagt i størst grad nytta arkivet etter Kommercekollegiet, men protokollen med *Danske og Norske Stifrelationer*, lagt direkte under det dansk-norske sekretariatet, har òg vore viktig.

Det siste arkivet er *Archiv der Hansestadt Lübeck* (AHL), som naturlegvis er lokalisert i Lübeck. Her finst arkivet til Lübecks Bergenfahrrerkompani og Det hanseatiske Kontor i

---

<sup>31</sup> Dette arkivet er hardt råka av ei lakune. Sjå kapittel 1.5

<sup>32</sup> Arkivet er såleis kapitalisert, og utan økonomisk støtte er dette ikkje mogleg å etterfølgja. For prisar, sjå <https://www.sa.dk/da/brug-arkivet/koeb-oplysninger/kopier-scanning-arkivalier-bestil/> [Lese 24.09.18]

<sup>33</sup> Tilgjengeleg via <https://media.digitalarkivet.no>

Bergen. Ein oversiktleg katalog er produsert for dette arkivet.<sup>34</sup> Dette skal visst nok vera arkivet til Det hanseatiske Kontor, som blei frakta til Lübeck saman med den siste sekretæren ved DHK, då han forlét byen (formelt i 1761).<sup>35</sup> Dette arkivet inneheld sentrale dokument, men ein kombinasjon av geografisk plassering og lingvistiske utfordingar, har ført til at utnyttinga har blitt mindre enn optimal. Frå dette arkivet har eg nytta *Archiv der Bergenfahrerkompanie zu Lübeck* – arkivrull 787.<sup>36</sup>

## 1.5 Metodiske problem

Eldre litteratur kan vera vanskeleg å nytta vitskapleg, for i motsetnad til god, moderne litteratur, manglar ofte eit referansesystem. Det finst fleire døme på at transkribenten har tatt seg fridom til å endra til dømes ortografi eller til å redigera tekstinnehaldet i sitat. Dette betyr ikkje at ein må sjå bort frå materialet, men ein må ta atterhald om at det kan vera feil i teksten – som i praksis betyr at ein av og til må kryssjekka til dømes ordlyd eller innhald med tilsvarande kjelde.

Når det kjem til vurdering av politiske saker og kjelder til disse – gitt at skipinga av DNK var ei politisk handling – må ein ifølge Jens Arup Seip forstå at ikkje heile sanninga rundt eit motiv nødvendigvis treng koma i klartekst; motivet slik det syner seg forklart, ikkje treng vera det einaste. I eit svar til advokat og venstremann Magne Schjødt, «Nasjonalisme som vikarierende motiv», skreiv Seip:

*En politisk handling springer ut av en rekke motiver. Spesielt når mange går sammen om noe i politikken, er motivene ofte mangfoldige. Noen er av en slik art at de gjerne bæres til skue, som en medalje på brystet. Andre motiver er vanskelig å vedkjenne seg, vanskelig endog å innrømme for seg selv. Noen kan være slik at åpent sagt ville de gjøre det umulig å nå det mål de sikter mot. Stålfjæren som driver verket er ikke alltid tjent med å bli sett.*

*Vi møter derfor ofte i politisk debatt noe jeg vil kalle vikarierende motiver eller vikarierende argumentasjoner. De sendes ut som herolder ut til offentligheten, ikke for å varsle om ekte motiver, men for å føre oppmerksomheten bort fra den.*<sup>37</sup>

---

<sup>34</sup> AHL Findbuch nr. 9, publisert av BBA: [http://www.bergenbyarkiv.no/wp-content/uploads/sites/4/2003/11/AHL\\_Total.pdf](http://www.bergenbyarkiv.no/wp-content/uploads/sites/4/2003/11/AHL_Total.pdf)

<sup>35</sup> Bruns 1939: 129-132, Koren Wiberg 1934: 101

<sup>36</sup> Arkivrullen inneheld 797 bildefiler, fotografert av professor Geir Atle Ersland, ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap ved Universitetet i Bergen.

<sup>37</sup> Seip 1963: 78f

Denne skepsisen kan me ta til følge i forståinga av kjeldene. Me må ta høgd for at motiva som blir nemnde i samtidige kjelder, kan vera feilaktige eller berre «pynt», slik at motiva skulle verka edlare enn de i røynda var. Teorien om vikarierende motiv er ikkje eit hinder i handsaminga av kjeldene, men snarare eit verktøy for å problematisera dei.

Eit anna viktig ankepunkt ved bruk av kjelder, er å forstå kva dei eigentleg kan fortelja – og ikkje minst kva dei ikkje kan fortelja. Eit døme på dette er anordninga av 7. oktober 1754, skipingsdokumentet for Det norske Kontor. Å studera kva anordninga inneheld, er berre éin måte å nærma seg Det norske Kontor på. Denne vil fortelja kva forfattarane, som me kan kalla skiparane, ønska å formidla at Kontoret skulle vera. Denne kjelda vil såleis berre vera eitt aspekt ved Det norske Kontor. Eit slikt atterhald må ein stadig minna seg på når ein nyttar kjelder, særleg der kjeldene er få.

### **Vanskeleg tilgjengelege kjelder. Lakune og språklege barrierar.**

For alle som arbeider med eldre kjeldemateriale, er *lakune* ein vond følgesvein. Dette gjer sjølvstykke kjeldearbeidet vanskelegare. Ei særleg viktig lakune, i den forstand at det verkar inn på dette prosjektet, finst i journalen til Stiftamtmanden ved SAB. Der manglar store delar av 1700-talet. Denne mangelen er alvorleg, sidan Stiftamtmanden var bindeleddet mellom begge Kontora på Bryggen og sentraladministrasjonen i København. Det interessante er at brev frå DHK er sortert til ei eiga mappe og såleis er delvis sparte for tidas tann. Likevel manglar òg her materiale frå perioden etter 1745.

Eit anna problem, er det språklege. For det første gjer kjeldematerialet, som er med gotisk skrift, det vanskeleg med skumlesing av tekstar. For det andre er mykje materiale ikkje skriva på dansk, men på det tyske språket hanseatane sjølv nytta. Dei tala plattysk, men skreiv etterkvart høgtysk.<sup>38</sup> På same måte som 1700-tals dansk skil seg frå moderne, gjer òg tysk det. Uansett om ein kallar skriftspråket plattysk eller høgtysk, er det eit tungt materiale å arbeida med. Det gjeld i dag, og det gjaldt då Bergen historiske forening publiserte *gartenrechts* i 1895 og måtte få hjelp av ekspertar i tysk filologi.<sup>39</sup> Det skal skytast inn at dersom ein meistarar tysk godt nok, er det ikkje umogleg å handsama tyske tekstar – det er berre eit sær

---

<sup>38</sup> Nesse 2011: 42

<sup>39</sup> Sjå underkapittel om Trykte kjelder, side 9f

tidkrevjande arbeid, som må stå som avgrensing for kva granskingar som har vore gjennomførbare innan tidsramma til dette prosjektet.

## 2 Det hanseatiske Kontor

For å forstå Det norske Kontor er det heilt naudsynt å forstå det som var før, altså hanseatane og Det hanseatiske Kontor. I det følgande kapitlet skal eg kort greia ut om den historiske bakgrunnen til hanseatane, med vekt på perioden frå ca. 1600. Eg vil òg prøva å gje ei forklaring på korleis hanseatane var organiserte og kva rammer dei verka innan. Å forstå Det hanseatiske Kontor er eit premiss for å forstå Det norske Kontor. Jamfør problemstillinga i denne oppgåva, har DNK gjerne blitt sett i samband med DHK. Dette blir med andre ord den historiske konteksten til Det norske Kontor.

### 2.1 Hanseatane i Bergen

Ved starten av 1300-talet er det berekna at tørrfisken utgjorde 82 % av verdien på varene som blei frakta til ikkje-engelske hamner frå Noreg.<sup>40</sup> Det var tidleg ein omfattande handel, men Det hanseatiske Kontor blei ikkje skipa før 1343.<sup>41</sup> I åra etter svartedauden var det problematisk å få tak i nok varer, i tillegg til at store delar av dei handlande hadde stroke med. Dette tvinga kongen til å la hanseatiske kjøpmenn få gode vilkår for handel, for at forsyninga til Noreg ikkje skulle stogga opp. På same tid, altså i 1356, kom den første alminnelege hansadagen i stand i Lübeck, noko som sentraliserte hanseatane og såleis styrka deira handelsmakt. På dette grunnlaget har Knut Helle hevda at det ser ut til at hanseatane freista, og oppnådde, å fylla tomrommet etter svartedauden.<sup>42</sup>

Sjølv om den hanseatiske handelssamskipnaden hadde etablert samlingar i Lübeck, er det ikkje før rundt 1450 tale om Kontoret slik me kjenner det: I 1448 blei *sekretæren*,<sup>43</sup> ein profesjonell administator, tilsett. *Achteinane* var ikkje i funksjon før i 1450.<sup>44</sup> Sekretæren var jurist, og den einaste ved Kontoret som hadde formell kjennskap til administrativ styring av ein slik organisasjon.<sup>45</sup> Han var med dette den som best kunne driva korrespondanse med styresmaktene, driva saksgangen og driva møteverksemd, på ein måte kjøpmenn ikkje kunne. Mellom anna av denne grunnen, er mykje av kjeldematerialet som kan nyttast i forskinga på

---

<sup>40</sup> Helle 1982: 306

<sup>41</sup> Ersland 2011a: 25, Lorentzen 1971: 7

<sup>42</sup> Helle 1982: 731

<sup>43</sup> Bruns 1939: 35

<sup>44</sup> Helle 1982: 746

<sup>45</sup> Bukhardt 2010: 63

Kontoret, arkivstoff etter sekretæren – eller korrespondanse med han. Innføringa av sekretærstillinga på Kontoret fall saman med byrjinga på stagnasjonen til hansasamskipnaden; frå 1440-åra byrja hansaen å missa sin posisjon i den nordeuropeiske fjernhandelen.<sup>46</sup> Tidlegare hadde handelen fungert ved at både fisken og kornet blei frakta til Lübeck for omlasting, men med tida endra denne modellen seg til at fisken blei frakta direkte til Vest-Europa, medan kornet frå landa rundt Austersjøen byrja å ta sjøvegen om Jylland – takka vere betre sjøfartsteknologi.

Frå år 1500 skaut denne utviklinga for alvor fart. Som del av dette byrja skip frå dei vendiske byane å frakta korn til Bergen. Frå Bergen frakta skip frå dei nedersaksiske byane tørrfisk til konsumentane. Resultatet av dette var at lastekapasiteten på hansakoggane blei særleg dårleg utnytta, noko som må ha ført til reduksjon i frakta godsmengd, trass i hyppigare trafikk.<sup>47</sup> Samstundes med denne, for Kontoret negative, utviklinga, blei det klart at det var styresmaktenes medvitne vilje at handelen gradvis skulle førast over på borgarskapen. Frå 1541 fekk dansk-norske borgarar rause privilegium av kongen – som rett nok var problematiske å gjennomføra. Ein lyt hugsa på at dette var i merkantilismens spede barndom, så ein ønska å flytta næringsdrivande verksemder over på eigne undersattar i standen for å la verksemda gå til utanlandske aktørar. Likevel var kongen varsam; han våga ikkje la borgarane overta stor del for raskt. Fossen meiner at «Det bunnet vel i første rekke i en forståelse av at borgerskapet fortsatt var altfor svakt til å meste en slik oppgave».<sup>48</sup> Han kan òg ha vore redd at ei oppløysing av Det hanseatiske Kontor berre ville ha flytta mannskapet over mot borgarstovene, og at dei ville tatt over desse. Nei, Fossen meiner «det er selvfølgelig så at kongen klart og tydelig kunne ha nektet kjøpmennene fra Holland eller fra hansastedene å få oppfylt sine ønsker [altså betre vilkår for handel]. Det var *en* vei å gå. Å gi ulike interessenter privilegier som var innbyrdes motstridene, var en annen. Den ble valgt her.»<sup>49</sup> På denne måten greidde han å leggja til rette for vekst hjå dei borgarskaplege kjøpmennene, samstundes som han unngjekk at hanseatane kravde inn nordlandsgjelda ved at dei fekk halda fram med utreiinga av nordlendingane. Såleis sikra kongen den naudsynte handelen som førte det sårt trengte kornet til Noreg.

---


<sup>46</sup> Helle 1985: 68

<sup>47</sup> Fossen 1979: 37ff

<sup>48</sup> Fossen 1979: 40

<sup>49</sup> Fossen 1979: 42

Svekinga av Det hanseatiske Kontor heldt fram gjennom heile 1600-talet, mellom anna gjennom nemnde privilegium av 1541, som sist blei stadfesta av Fredrik III så seint som i 1648. Fossen meiner «resignasjon er vel den rette betegnelsen å anvende for å beskrive kontorets forbindelse med myndighetene utover 1600-talet.»<sup>50</sup> Likevel var haldninga til myndighetene klar: Kontorets påverknad skulle reduserast; det skulle heilt klart ikkje øydeleggast – folket kunne ikkje klara seg utan importen av korn. Ein kan med rette seia at den negative utviklinga til DHK heldt fram mot år 1700. Frå 1660-talet skal klagemåla til kongen mot DHK ha tatt seg opp, med skuldingar om brot ei rekke på reglar angående handelen.<sup>51</sup> Likevel er det ei anna utvikling Anders Bjarne Fossen såg som det største trugsmålet mot DHK, nemleg overgangen frå hanseatisk til dansk-norsk eigarskap over handelsstovene på Bryggen. Tala han framstiller er grunnlag for figur 1 under.<sup>52</sup> Denne viser tydeleg eit bytte i eigarskap frå hanseatisk til dansk-norsk.



Figur 1: Data er henta frå Fossen 1979: 682, men merknad-1 (\*) er henta frå førestilling nr. 1047,<sup>53</sup> medan merkad-2 (\*\*) er henta frå Nilsen 2010: 29f

<sup>50</sup> Fossen 1979: 144f

<sup>51</sup> Fossen 1979: 395f

<sup>52</sup> Merk at Fossen ikkje oppgir kjelde til tala sine, men tidlegare i verket fører han opp Friedrich Bruns og Christian Koren Wiberg som kjelder til slike tal. Janita Sollibakke har i si masteroppgåve stilt seg kritisk til desse tala, og vist at dei kan vera feilaktige (Sollibakke 2018: 39). På dette grunnlaget vil eg merka den grafiske framstillinga med at tala kan vera feilaktige, men at grafen er meint å gje eit inntrykk av ei trend. Særleg skal talet for 1703 vera tvilsamt.

<sup>53</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat (1736-1771) / Kommercedeputationen (1771-1773), Forestillinger og ggl. resolutioner, pk. 9: 1753-1756 – nr. 1047

Fossen opplyser at den første stova gjekk over til norsk eigarskap i 1630, då ein stoveeigar frå Hamburg tok borgarskap i byen, truleg som følge av konflikten mellom Hamburg og Danmark-Noreg nokre år tidlegare.<sup>54</sup> Som me kan sjå ut frå grafen over, gjekk utviklinga i førstninga seint, men det tok ikkje meir enn 136 år frå den første stova kom ein bergensk byborgar i hende, til den siste hanseatiske stova gjorde det same. Det har rett nok vore noko manglande semje om når den siste handelsstova gjekk frå ein hanseatisk eigarskap til ein norsk. Wessel-Berg viser til Sagen og Foss' *Bergens beskrivelse*, som hevdar at far til Hr. Henr. Mohn i 1763 kjøpte den siste stova, i Enhjørninggarden, «af sin Principal i Lybek for 1600 Rdlr., at betale i 4 Aar».<sup>55</sup> Sagen og Foss' truverd kan me her dra i tvil: Den samtidige forfattaren Hildebrand Meyer hevda at den «allersidste Fremmede Handelstue som var av en Kiøbmand udi Bremen tilhørende blev, som den eeneste Lævning av Hansestædernes store Handel og vidt udstrakte Herlighed og Eyendom, udi Aaret 1765 forvandlet til en Bergensk».<sup>56</sup> Den mest sanndruelege påstanden finn me derimot hjå Anders Bjarne Fossen og i masteroppgåva til Anders Nilsen. Dei hevdar begge at 1766 må stå som året då den siste hanseatiske handelsstova gjekk over på ein bergensk byborgar.<sup>57</sup> Derfor går eg òg ut frå at året var 1766.

Når det er tale om posisjonen til hanseatiske kjøpmenn i Bergen etter år 1700, er det eitt år ein ikkje kjem utom. 21. april 1702 blei det gitt privilegium for kjøpstaden Bergen.<sup>58</sup> Ein månad seinare, 19. mai, brann Bergen, og det meste av byen rauk med. Det er vanleg å sjå på dette som faktorar som i lag tvinga Det hanseatiske Kontor i knea. La oss sjå kort på kvifor dette er ei plausibel oppfatning.

Ser me til dei bergenske privilegia av 21. april 1702, får me fort eit inntrykk av at formålet var å fremja borgarkjøpmennene, og dei fleste artikkane er i så måte formålstenlege – tydeleggjort i artikkel 17: «[...] al Handel skal være fri til samtlig Borgerskapets Nytte og Fordeel». I artikkel 3 blir kjøpmenn med nemninga «fremmede», altså ikkje berre hanseatiske, men alle utlendingar, ekskluderte frå lokalhandelen, inkludert småhandel på torget. I artikkel 7 får borgarskapen einerett til å driva kommisjonshandel.<sup>59</sup> I artikkel 8 blir

---

<sup>54</sup> Fossen 1979: 146f

<sup>55</sup> Sagen og Foss 1824: 180f

<sup>56</sup> Meyer 1775: 78

<sup>57</sup> Fossen 1979: 682 og Nilsen 2010: 27

<sup>58</sup> Wessel-Berg I: 289

<sup>59</sup> Dette er ein handelsform som elles ikkje blir tatt opp i oppgåva, men som nok var vanleg og viktig på Bryggen. Det gjekk i grunn ut på å driva ei handelsverksemd i eige namn, men på ein annan manns rekning.



det forbode for «fremmede» å handla råvarer til tønneproduksjon. I artikkel 18 blir det for dei kontoriske forbode å innføra varer frå Holland, Spania og Frankrike; skulle norske kjøpmenn gjera dette, var det forbode å nytta utanlandske skuter til denne farten så lenge det var norske til rådvelde. Privilegia gav altså borgarkjøpmennene vesentlege handelsmessige fordelar, eller sett frå ein annan synsvinkel: Dei hanseatiske, «fremmede» kjøpmennene fekk betydelege handelsmessige ulemper. Jamført med fordelane som blei gitt dei utanlandske aktørane i tiåra i førevegen, konkluderer Fossen: «Dermed var alt [det hanseatiske] Kontoret hadde vunnet i de foregående tiårene gått tapt.»<sup>60</sup>

19. mai, ein knapp månad seinare, stod Bergen i lys loge. Det var ikkje slik at byen ikkje hadde brunne før, men som Anders Bjarne Fossen skriv, var brannen i 1702 «brannkatastrofen som i ødeleggelser skulle overgå alle andre branner som til dato har rammet byen.»<sup>61</sup> Berre ein del av Stranden ut mot Nordnes, og einskildhus, blei sparte for flammene. Når det gjaldt Bryggen, hadde denne vore spart for brannherjingar heilt sidan 1476. Kontoret blei brått gjort om til ein oskeruin. Brannen medførte neppe andre praktiske utfordringar enn den økonomiske byrda det var å reisa bygningane att. Interessant er det å sjå korleis Hildebrand Meyer i 1775 forstod denne hendinga: Lenge hadde stovene blitt selde til borgarar; «Begyndelsen dermed skeede allerede udi forrige Seculo, men Branden i 1702, hvorved det gandske Contoir blev lagt i Aske, foraarsagede at endnu flere bleve avstaaede til Borgerne [...]»<sup>62</sup> Det interessante her er for det første at han skriv at stovene blei avstått til borgarkjøpmenn. I dag er det vanleg å forstå at eigarane ikkje selde stova, men sjølv tok borgarskap i byen. Det andre og viktigaste i dette høve, er at han sette ord på det: Brannen var ikkje ein utløysande faktor, men fungerte som katalysator for ein prosess som allereie var under vegs. Fossen refererer til at hanseatane nytta brannen som eit «siste, fortvilt forsøk» på å reversera dei bergenske privilegia av same år – elles såg dei ikkje korleis dei skulle kunna gjenreisa Kontoret.<sup>63</sup> Dette skjedde ikkje, men Kontoret blei bygd opp att «med hanseatisk energi og utholdenhet».<sup>64</sup> Sjølv om Kontoret altså blei reist att, verka det i alle fall ikkje positivt inn på utviklinga frå hanseatisk eigarskap til norsk, sett med hanseatiske auge.

---

<sup>60</sup> Fossen 1979: 404

<sup>61</sup> Fossen 1979: 481ff

<sup>62</sup> Meyer 1775: 78

<sup>63</sup> Fossen 1979: 404

<sup>64</sup> Koren Wiberg 1932: 177

Då Magistraten og Dei eligerte menn skulle skildra stoda for handelen anno 1735 for styresmaktene i København, skreiv dei om Det hanseatiske Kontor:

*Hvilcke saaledes kaldes [de Contorische] fordj de haver deres Handels Stuer og Packboder paa det saa kaldede Hansestædiske Contor her i Bergen, hvor de og driver deres Handling, samt forarbejder deres Kiøbmands Vahre, hvilket Contoer er dend Eeniste Levning af dend Store magt og Velde, som de saa kaldede Hansestæder i forige tiider haver hafft, og de af dem, udj 4<sup>re</sup> Diverse Stapel Stæder, Nemlig Norigrod i Moscovien, Antwerpen i Flanderen, London i Engeland, og Bergen i Norge, fordum og for mange Hundrede Aar siden oprette Contorer.<sup>65</sup>*

Ei meir passende skildring kunne vel neppe bli gitt. Kontoret hadde definitivt sett si stordomstid. Berre 30 år etter denne skildringa var den siste hansastova gjort norsk, og det var berre eitt kontor att.

## 2.2 Administrasjonen

Administrasjonen av Det hanseatiske Kontor, og organiseringa av dette, er litt vanskeleg å få grep om – mellom anna fordi det ikkje var eit reint hierarki. Sekretæren, som hadde ei sideordna, administrativ sideordna rolle, var tilsett ved Kontoret. Det vanlegaste er å forstå oldermannskapet som den øvste myndigheita, slik Knut Helle gjer det: «[Oldermennene] representerte Kontoret utad, overfor hansestedene og norske myndigheter, og var den høyeste myndighet innad, administrativt og jurisdiksjonelt.»<sup>66</sup> Det varierte kor mange oldermenn det var ved Kontoret, men Øystein Hellesøe Brekke har ein grundig gjennomgang i si masteroppgåve. På grunnlag av eigne undersøkingar nyttar han argumenta «Alle dei 35 breva som har oldermennene som avsendar, brukar fleirtalsforma av ordet, *olderleude*, aldri eintalsforma *olderman*. Bruken av personleg pronomen i breva er også eintydig. Avsenderane omtalar alltid seg sjølv i fleirtalsform – wy eller wii.»<sup>67</sup> Det språklege argumentet kan like gjerne koma av stivna former, men sjølv om han konkluderer med at det truleg var to oldermenn i seinmellomalderen, kan me i alle fall seia nokså sikkert at det for det meste var tale om fleire enn to. Til assistanse hadde oldermannskapet sine bisittarar – eller *achteinen*. I

---

<sup>65</sup> BBA UBB-MS-0246: svar til befalingas 2. post, p. 4 (Befaling av 8. juli 1735, sjå Bendixen 1901: 3)

<sup>66</sup> Helle 1982: 744

<sup>67</sup> Brekke 2009: 25

førstninga var det – som namnet viser – atten av dei, men i 1645 fanst berre sju av dei att.<sup>68</sup> Bisittarane hadde kvar sitt ansvarsområde og utgjorde saman med oldermennene og sekretæren *kjøpmannsrådet*. I kjeldene blir kjøpmannsrådet gjerne omtala som «Der ehrsame Kopman» (E.E.K.M.<sup>69</sup> [ein ærleg kjøpmann])<sup>70</sup> og må aldri forvekslast med *kjøpmannsforsamlinga*, som var fellessamlinga av alle husbønder og kjøpmenn. Sistnemnde forsamling hadde i oppgåve å rådgje kjøpmannsrådet.<sup>71</sup>

Korleis maktfordelinga mellom kjøpmannsrådet og kjøpmannsforsamlinga i praksis fungerte, kan ein gjerne stilla seg undrande til. I si masteroppgåve frå 2009, skriv Øystein Hellesøe Brekke på grunnlag av sine undersøkingar av ein dom frå 1501, at «Kjøpmannsrådet med oldermennene og bisittarane utgjorde det nest øvste organet, og hadde dermed ikkje høve til å overstyra kjøpmannsforsamlinga.»<sup>72</sup> Sjølv om kjøpmannsrådet var underordna, hadde oldermennene ein særleg viktig funksjon. Oldermannskapet skulle verka som dommarar i interne rettssaker. Her var bisittarane meddommarar, medan sekretæren var rettsreferent, i tillegg til i at han hadde som oppgåve å førebu sakene som skulle til doms. Han kunne på førehand høyra versjonane til partane, for så å ta stilling til om saka var egna for retten, eller om ho burde avgjerast på anna vis.<sup>73</sup> I følge Brekke var det dei fleste stadar, inklusive i Bergen, mogleg å anka ein slik dom til byrådet i Lübeck.<sup>74</sup>

For å halda orden internt på kvar gard, veit me at det på 15- 1600-talet oppstod ei trong til å formulera eit regelverk, kalla *gartenrechts* eller gardsretten. Slike gardsrettar skal visst ha vore vanlege heilt sidan skipinga av Kontoret – truleg ennå lengre.<sup>75</sup> Dei inneheldt styringar angående grunnleiga, vakthald, bruken av skjøtstova og eldhus, spela og ikkje minst alminneleg disiplin.<sup>76</sup> Kvar gard førte *maskopibok*, eller nabobok, og her kunne gardsretten førast, slik som for Finnegarden,<sup>77</sup> eller han kunne vera utforma som eigne dokument slik som for Jacobsfjorden og Bellgarden.<sup>78</sup>

---

<sup>68</sup> Fossen 1979: 291

<sup>69</sup> *Ein ersam kauffman*. Døme: Nielsen 1880: 6 «II. Ordentliche wahrschauung auff Ostern»

<sup>70</sup> Koren Wiberg 1899: 6

<sup>71</sup> Helle 1982: 746

<sup>72</sup> Brekke 2009: 34

<sup>73</sup> Ersland 2011a: 33

<sup>74</sup> Brekke 2009: 55

<sup>75</sup> Koren Wiberg 1939: 23

<sup>76</sup> Helle 1982: 744

<sup>77</sup> BBA A-0640 Ha-0001 – her finst truleg den felles gardsretten av 1734 innført frå første side.

<sup>78</sup> UBB-S ms. 213

Det fanst òg eit meir overordna regelverk, som hadde sitt nedslagsfelt over heile DHK. Truleg har det heilt sidan før etableringa av den hanseatiske samskipnaden eksistert eit overordna regelverk, som dei hanseatiske handelsfolka på Bryggen måtte forholde seg til. Me veit at den hanseatiske aktiviteten i førstninga blei omtala som *nedderlage* (koloni), med intern justis, og såleis berre måtte svara for hansadagen i Lübeck som øvre autoritet.<sup>79</sup> Dette regelverket kjenner me som *statutta*, og dei eldste kjende er utforma i Lübeck, kalla «Statuta vetera» (dei eldre vedtektene) og skriv seg frå 1572.<sup>80</sup> I litteraturen er *statutta* ofte omtala som *vedtektene* på Bryggen eller som Kontorets *interne jurisdiksjon*. Dette var overordna *gartenrechts*, og gjaldt for heile området Kontoret disponerte. Den eldste kjende kjeda til *statutta*, skal i følge Helle vera bevart i AHL og skal vera frå 1494, men inneheld fragment som skal vera langt eldre.<sup>81</sup> Desse vedtektene har karakter av meir merkantil og økonomisk art, men inneheld òg ein del som verkar inn på ordenssegmentet. Både gardsrettane og *statutta* var rettslege dokument som, dersom ein braut dei, kunne medføra straff.

## 2.3 Bryggen og gardane

Alle som budde på Bryggen, var tilknytt ein eigedom, eller stove, og dei stovene som hørde til eitt sjøhus, blei kalla ein *gard*. Til dagleg administrasjon blei det utnemnt ein *gardsbonde* eller *husbonde*. Her budde sjølvstøtt òg alle tilhøyrande *gesellar* og *drengar* – samt gjester, når det var slike. Gardane kunne enten vera enkeltgardar, slik at dei stod for seg sjølv, med gate eller passasje på kvar side, eller dei kunne vera dobbeltgardar (dei fleste var doble), slik at dei delte eit felles inngangssmug.<sup>82</sup> I opphavet hadde kvar gard ei fellesstove, kalla *skjøttstova*. Den hadde eit tilhøyrande eldhus for matlaging, og alle som var knytte til same gard, kunne eta, drikka og underhalda kvarandre her. Etterkvart blei det òg vanleg at dobbeltgardane kunne dela slike fasilitetar.<sup>83</sup> Grunna branntryggleiken var òg *skjøttstova* det einaste huset som var oppvarma vinters tid. Stovene hadde altså to funksjonar: dei var både forretningar for handel og bustad for folket på Bryggen. Gjennom dette hushaldet oppnådde mannskapet eit sosialt fellesskap, som ein, fram til det blei utfasa gjennom 15- og 1600-talet, fekk innpass i gjennom dei kontoriske spela. Det var ein torturliknande tradisjon som i følge Holberg «meenede, at rige Mænds Børn ikke skulde bequemme sig til, og derfor ikke saa

---

<sup>79</sup> Helle 1982: 733

<sup>80</sup> Nielsen 1879: 3

<sup>81</sup> Helle 1982: 746

<sup>82</sup> Sollibakke 2018: 48ff, Ermland 2011b: 66ff og Koren Wiberg 1899: 4

<sup>83</sup> Koren Wiberg 1934: 21ff

skærkt storme til at komme på Contoret, som tilforn; ret ligesom man ikke kunde finde andet Middel til saadant at forekomme, uden ved at ophitte daarlige, barbariske og ugudelige Leege.»<sup>84</sup> Ein skal ikkje sjå bort frå at spela òg hadde ein avskrekkande effekt på dei nytilkomne.

Frå gardsretten for Jacobsfjorden og Bellgarden veit me at det var streng disiplin i dagleglivet. Det kunne vanka piskeslag eller bot dersom ein nytta skjøttstova utan «nødvendig aarsag», og ein kunne venta bot om ein ikkje hengde frå seg vassbøtta der ho hørde heime eller ein skulda andre for noko utan å kunna koma med prov.<sup>85</sup> Ei slik detaljregulering av livet kunne ein rekna med dersom ein arbeidde for ein stoveeigar.

Nærværet av hanseatar påverka utan tvil Bergen som by, men kor mange var dei eigentleg? Det er ført fleire studiar på folketalet på Bryggen for gjeldande periode. Det har vist seg at det er få sikre kjelder til slike tal, men gode estimat finst. Mike Bukhardt viser utan mykje tvil til omlag to tusen menn, inkludert to til tre hundre kjøpmenn.<sup>86</sup> Knut Helle sår meir tvil om tala, og refererer til at det frå kanselliet i København i 1552 blei anslått omkring tre tusen tyskarar på Bryggen. Han ser på dette som ei feilaktig overdriving, der estimatet ikkje greier å skilja mellom fastbuande og vitjarar, og han konkluderer med mellom ni hundre og atten hundre fastbuande, men at det ikkje er utenkeleg at det på det meste i seglesesongen kan ha vore mellom to og tre tusen tyskarar i Bergen. Dette gjer han på grunnlag av opplysingar i samtidsverket *Den norske So*. Sett opp mot at det mot slutten av mellomalderen var kring sju tusen innbyggjarar i Bergen i sum, var dette altså eit ganske betydeleg tal.<sup>87</sup> Anders Bjarne Fossen viser til koppmanntalet av 1645. Der står det ført til saman 414 personar som bufaste på Bryggen. Elles reknar han at folketalet i byen har vore på rundt åtte tusen menneske. Til samanlikning har ulike forskarar rekna at det rundt år 1500 kan ha vore mellom tolv og seksten tusen innbyggjarar i Bergen, og Fossen konkluderer med at pestepidemiane gjorde store innhogg på folketalet.<sup>88</sup>

---

<sup>84</sup> Holberg 1737: 245f

<sup>85</sup> Krohn & Bendixen 1895: høvesvis punkt 67, 68 og 72 (s. 59, 59f og 62)

<sup>86</sup> Bukhardt 2010: 63

<sup>87</sup> Helle 1982: 743ff

<sup>88</sup> Fossen 1979: 291ff

## 2.4 Felles plikter

Kva for rettar og plikter som gjaldt Det hanseatiske Kontor, er det vanskeleg å poengtera nøyaktig fordi organisasjonen var mindre homogen enn DNK. Den beste måten å klarlegga dette på, må derfor vera å sjå til ulike dokument. For å visa kva for plikter og rettar hanseatiske handelsmenn hadde på Bryggen, blir det i litteraturen gjerne vist til privilegia for byen Lübeck av 30. april 1673. Då er det viktig å nemna at dette brevet berre gjaldt Lübeck. Dei andre byane hadde eigne privilegium, så som Rostock (stadfesta 1672)<sup>89</sup>, Bremen (1670)<sup>90</sup> og Hamburg (1671)<sup>91</sup>, men det var ikkje mykje som skilde desse privilegiebrev fra kvarandre. Privilegia til Lübeck, slik det er presentert av Wessel-Berg,<sup>92</sup> er ei samling av tolv artiklar over tre trykte sider. I denne konteksten kan dei delast i tre kategoriar: rettar, plikter og vedtekter. Artikkell 1-3, samt 6, gjeld rettar gitt til lybske handelsmenn. Artikkell 4-5, samt 9-10, gjeld plikt. Resten, altså artikkell 7-8, og 11-12, er vedtekter som gjeld DHK. I det følgande kjem ei kort attgjeving:<sup>93</sup>

- Art. 1) Lübeck skal halda sine handelsrettar i Bergen. Innanriks skip skal borgarskapen ha seks dagars forkjøpsrett til, 14 dagar for utanlandske. Deretter kan DHK handla en gros.
- Art. 2) Lübeck skal nyta lik toll og andre vilkår som innanriks kjøpmenn. Bergenske borgarar skal ha tilsvarande rett i Lübeck.
- Art. 3) Lübeck skal utøva intern jurisdiksjon angående interne saker. Kongen skal likevel vera høgaste øvrigheit; fylgjande kjem respekt for lova. Eigne måleiningar skal vera tillate.<sup>94</sup>
- Art. 4) Bortsett frå saltet Lübeck er plikta å forsyna Nordlanda med, kan Lübeck òg innføra salt til borgarskapen. Dette skal ikkje bryta med andre anordningar, som dei angående defensjonsskipa<sup>95</sup> og tollrullar.

---

<sup>89</sup> Norske kongebrev 2.2: nr. 005 7. november 1672 ÅB. R XII 512a-515b

<sup>90</sup> Norske kongebrev 2.2: nr. 595 17. november 1670 ÅB. R XII 309a-313a

<sup>91</sup> Norske kongebrev 2.2: nr. 052 21. februar 1771 NM. T XII 48b-49a

<sup>92</sup> Wessel Berg I: 89ff

<sup>93</sup> Dette er mi eiga omsetjing og tolking av Wessel-Berg I: 89-91. Ei fullstendig attgjeving av privilegia ville vore mogleg, men ei godt forkorta tolking er tilstrekkeleg til å underbygga mine poeng.

<sup>94</sup> Dette er fjerna, fordi det falt frå grunna forordning av 10. januar 1698 (*Om nye Vægts og Maals Indrettelse og Vedligeholdelse i Danmark og Norge*) (sjå Schou I: 796) – stadfesta jf. Norske kongebrev 2.2: nr. 219 06. juni 1671 ÅB. R XII 488b-489b

<sup>95</sup> Dette er anordninga av 24. mai 1671 (Schou I: 82) og forordninga av 10. januar 1672 (Schou I: 105)

- Art. 5) Dei tyske byane er plikta å underhalda dei to hanseatiske kyrkjene (St. Maria og St. Martin (sistnemnde blei ikkje oppbygd etter brannen i 1702)), samt fattighuset. Det er spesifiserte krav til predikantane og prestar.
- Art. 6) Lübeck har råderett over eigne hus og stover – så lenge det ikkje er til vern og befestning.
- Art. 7) Ingen skal bygga nærare Kontoret enn Allmenningen. Dette er for å hindra brannfare og skade.
- Art. 8) Ingen gesell skal ta borgarskap i Bergen utan å gjera opp hjå sin prinsipal. Dokument påvisast. Ingen prinsipal kan halda att desse dokumenta utan lovleg grunn.
- Art. 9) Privilegia skal ikkje skada eller føra til ulempe for Bergen. Lübeck skal heller ikkje ha rett til å handla med andre enn Bergen. For at ikkje nokon skal nyta desse privilegia urettmessig, skal forstandarane årleg (åtte dagar før pinsedag) overlevera manntal til byrådet.
- Art. 10) Lübeck er plikta å forsyna Nordlanda og må difor sitta på eit tilstrekkeleg stort magasin av varer.
- Art. 11) Alle spel skal vera forbodne.<sup>96</sup>
- Art. 12) Kongen gir seg sjølv rett til å endra, utvida eller innskrenka privilegia etter eige ønske.

Dersom me ser til pliktene her, altså artikkel 4-5, samt 9-10, er særleg artikkel 5 verdt å merka seg fordi denne på påfører DHK ei vesentleg utgift. Dette kjem raskt til syne dersom me ser til rekneskapen som er referert i Frimanns samlinger.<sup>97</sup> Rekneskapen gjeld oppbygginga etter brannen i 1702, der Mariakyrkja gjekk med eit omtrentleg årleg underskot på 327 riksdalar, 5 mark og 8 skilling. Då er det allereie lag til i inntektene til kyrkja at nordlandshandlarane samla skulle yta 160 riksdalar som grunnavgift til kyrkja. I privilegia kjem det ikkje fram i klartekst, men me veit at underskotet skulle dekkast i eit spleiselag av stoveeigarane. Som referanse veit me frå anordninga av 7. oktober 1754, at eit årsverk for ein gesell rundt 1670 utgjorde 30-40 riksdalar,<sup>98</sup> noko som betyr at kjøpmennene måtte dekkja frå 12 til 16 gesell-årsverk til Mariakyrkja; framleis er ikkje utgiftene til St. Katarinas fattighus rekna med. Utgiftene som blei pålagde gjennom denne eine artikkelen åleine kan trygt karakteriserast som betydelege.

---

<sup>96</sup> Dette er dei kontoriske spela. Forbod jamfør forordning av 8. november 1671

<sup>97</sup> Frimann II: 44f

<sup>98</sup> Wessel-Berg II: 167

Bortsett frå pliktene DHK blei pålagde gjennom privilegia, fekk òg DHK pålegg gjennom andre dokument. Eit døme på dette er i konfirmasjon av privilegia til Lübeck av 17. juni 1707, der dei ovannemnde privilegia blei stadfesta av Christian IV, men han påla òg dei privilegerte å følga forordning av 10. januar 1698, «Fr. Om nye Vægts og Maals Indrettelse». Dette er ikkje plikter DHK måtte utføra, så som den angående finansieringa av Mariakyrkja, men det er pålegg kjøpmennene plikta å forholde seg til, skulle dei halda sine privilegium.

Det er verdt å merka seg at det ikkje nokon stad blir ført at DHK plikter å overhalda interne *statutta* og rettar. Det einaste privilegia seier om dette, finst i artikkel 3, der Lübeck [les: DHK] «skal udi de civile Dømestiqve-Sager, som dem pur og alene i Contoiret angaae, ei være anden Ret eller Rettergang end deres egen undergiven.» Dette temaet er òg diskutert i litteraturen, der Knut Helle, i følge Brekke, hevdar at kongen aldri anerkjente den interne jurisdiksjonen, men at kongen ikkje ønska å hindra ein slik jurisdiksjon. Historikaren Nils Jörn meiner det var eit premiss at hanseatane følgde og handheva sin interne jurisdiksjon for i det heile å få sine privilegium.<sup>99</sup> At dette ikkje var uttrykt i privilegia, kan vera ei medverkande årsak til uro.

## 2.5 Avslutning

Som det har kome fram, var Det hanseatiske Kontor ein samskipnad av kjøpmenn som sytte for å hevda egne interesser i Bergen og som hadde eit styrande organ med autoritet – i alle fall internt. Dei hanseatiske kjøpmennene var viktige for vareforsyninga både for Bergen og opplandet i Nordlanda, og på grunn av dette oppnådde dei eit viktig samarbeid med den dansk-norske statsmakta – uttrykt mellom anna gjennom privilegia. Denne handelsavtalen gav tilgang på den norske tørrfiskten, mot forsyning av korn og salt. Det var rett nok stadig eit ønske frå styresmaktene å setta grenser for stillinga til dei hanseatiske kjøpmennene. Den gradvise tilbakegangen for Kontoret kan me setta inn i denne konteksten.

---

<sup>99</sup> Brekke 2009: 74



## 3 Lovregulering for Det norske Kontor

Anordninga av 7. oktober 1754, eller rettare «Anordning og Articler for de Contoirske i Bergen», blei underteikna på Christiansborg slott den 7. oktober 1754 av kongen Frederik V. Dokumentet har fått ei viktig rolle i forskinga på Det norske Kontor, fordi det blir sett på som sjølv skipingsdokumentet. Det inneheld føresegner som gjeld ulike tema angående drifta og livet på Kontoret, og har på grunn av den grunnleggande eigenskapen blitt kalla «grunnloven for Det Norske Kontor» av Johan Koren Wiberg.<sup>100</sup> Nemninga kan ikkje seiast å vera direkte galen – det er jo eit grunnleggande skipingsdokument for ein organisasjon – og nemninga er adoptert av seinare historikarar.<sup>101</sup> Likevel er det å skildra anordninga som ei grunnlov fagleg feilaktig og har størst verdi som litterært verkemiddel.

I dette kapittelet skal anordninga av 1754 greiast ut og analyserast, for på den måten å klarlegga korleis ho er bygd opp og kva ho inneheld. Spørsmål dette skal gje svar på: Kva inneheld anordninga av 1754? Finst det referansar til tidlegare lovregulering? Kva for lovregulering er i så fall dette? Frå tidlegare av veit me kva dei kongelege privilegia for dei ulike byane inneheldt (representert ved privilegia for Lübeck). Kan nokon av desse finnast at i anordninga? Ei slik analyse av anordninga, vil forhåpentlegvis vera ein del av det som kan gjera det mogleg å spora attende saksgangen som førte til ei slik anordninga – til skipinga av Det norske Kontor.

For å presentera, greia ut og analysera anordninga av 1754, ser eg det som best å først klarlegga oppbygginga og deretter kategorisera artiklane. Til slutt i undersøkinga bør innhaldet i artiklane analyserast, for på den måten vil referansar til tidlegare lovreguleringar kunna avdekkast.

### 3.1 Om kjelda

Som kjelde til anordninga av 1754 er det i utgangspunktet to alternativ. Det første er openbart det opphavslege, handskrivne dokumentet, altså versjonen Det norske Kontor fekk – signert «Under Vor Kongelig Haand og Seigl Friderich R».<sup>102</sup> Dette dokumentet utgjer til saman 69

---

<sup>100</sup> Koren Wiberg 1934: 17

<sup>101</sup> Så som Coldevin 1938: 70

<sup>102</sup> BBA A-585 Z:2

sider, inkludert forside og signaturar. Det er skriva med ei tydeleg, lettlesen gotisk handskrift. Ein versjon finst òg i Kommercekollegiets dansk-norske privilegieprotokoll, men denne er det ikkje grunn til å nytta, fordi han er meir eller mindre identisk med den som er oppbevart i arkivet til Det norske Kontor.<sup>103</sup> Det andre alternativet er å nytta samtidsutgjevinga av anordninga, som var ei trykt utgåve. I denne utgåva står den danske teksten side om side med den tyske omsetjinga – «til deres Tieneste som ey maatte forstaae det Danske». Denne utgåva har vist seg vanskeleg tilgjengeleg, men blei nyleg gjort tilgjengeleg digitalt.<sup>104</sup>

Det siste alternativet er å nytta Fredrik August Wessel-Bergs samling av juridiske dokument. Denne samlinga er trykt i frakturfont, og er såleis mindre tidkrevjande å handsama enn den handskrivne. Sjølv om den originale utgåva òg er trykt i fraktur, er det ein annan fordel med utgjevinga til Wessel-Berg, som er til stor nytte. Han har nemleg ført inn fleire endringar av artiklane og andre relevante lovbod i fotnotar. Dette grepet er til stor hjelp når ein skal freista å følgja saka vidare.

Det som gjer at ein ikkje berre kan nytta Wessel-Berg ukritisk, er at han har tatt seg den fridommen å redigera teksten. Det dreier seg i første rekke om stilistiske og ortografiske endringar i språket, og dernest om forkortingar av teksten der han har funne det sømmeleg. Eg skal kort gå gjennom korleis dette syner seg i praksis. Dette er særleg interessant, fordi arbeidet til Wessel-Berg er ei mykje nytta kjeldeutgjeving i historieskrivinga. Eit døme på ei slik endring er kapittel 4, artikkel 6. Her skriv Wessel-Berg:

*Efterdi gesellerne, der alle Tider bør have Opsigt med Drengene i deres Forretninger og Forhold, efter gammel Contorisk Brug og Sædvane [...]*

medan det originalen heiter:

*Og effterdi gesellerne, der alletider paa Boder, Loffter, og ellers, hvor Arbeidet og Forretningerne inden eller uden Gaardene falder, ere hos og ved Drengene, bør have opsigt med dem i deres Forretninger, og Forhold, da Husbonderne icke alle tider kand være hos dem tilstæde, og paaagte hvad de sig foretage effter gammel Contorisk brug og Sædvane [...]*

---

<sup>103</sup> Så vidt eg veit, er dei heilt identiske.

<sup>104</sup> Digitalisert 24. september 2018, deretter publisert av Nasjonalbiblioteket. For meir metadata: sjå [https://services.bibsys.no/marcPresentation/?mms\\_id=990401554474702201](https://services.bibsys.no/marcPresentation/?mms_id=990401554474702201), Varig lenke til den digitaliserte versjonen: [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2018083126010](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2018083126010).

«Anordning og Articler for De Contoirske i Bergen» er delt inn i fire kapittel, som igjen inneheld frå tre til tjueein artiklar (av Wessel-Berg omtala som paragrafar). Somme artiklar er i tillegg delte inn i opp til seks underpunkt. Av artiklane er det kapittel 4, artikkel 15 som heilt klart får mest plass. Det kan vera greitt å ta dette opp nå, for sjølv om denne artikkelen åleine i originalen utgjer omlag 21 % av heile dokumentet, det er ikkje ein spesielt viktig artikkel. Artikkelen er delt i seks punkt, som har som føremål å gjeninnføra «Dend udi aaret 1672 ved Contoiret gjorde anordning og Skick i henseende til Gesellernes og Handels forvalternes Kyndighed i Handelen og Vahrernes forsvarlige forarbeidning». Ut frå denne skildringa, kan me forstå at artikkelen ikkje skal vera anna enn ei attgjeving av ei anordning frå 1672, som gjeld utdanningsnivået til gesellane og forvaltarane. Denne vurderinga kan vera noko av grunnen til at Wessel-Berg i stor grad har valt å redigera bort delar av denne artikkelen. Hos Wessel-Berg utgjer denne artikkelen berre omlag 12 % av heile anordninga.<sup>105</sup> Dette er i seg sjølv eit interessant haldepunkt.

Slike endringar finst gjennom heile teksten, og er både til gagn og ulempe for historikaren. Det fører til at teksten blir meir komprimert, fordi mange, etter Wessel-Bergs tilsynelatande meining, overflødige sekvensar er tatt bort. Men det fører òg til at teksten ikkje lenger er slik han opphavelig blei formulert, noko den moderne historikaren kan sjå på som ein vesentleg mangel. Som dømet viser, er det tydelege skilnadar mellom dei to tekstane. Denne selektive attgjevinga av det opphavelige dokumentet kan kvalifisera arbeidet til Wessel-Berg som ikkje brukande i ein vitenskapleg kontekst. I realiteten vil hjelpa arbeidet til Wessel-Berg gir, vera såpass stor, at det vanskeleg kan kondemnerast. Ved å nytta Wessel-Berg, men samstundes vera medviten dei redaksjonelle vala han har tatt, kan likevel den trykte versjonen nyttast. I realiteten blir dette gjort ved å krysskontrollera dei sekvensane ein ønsker å nytta med det opphavelige dokumentet.

---

<sup>105</sup> Hjà Wessel-Berg er heile anordninga på omlag 16 sider, og kapittel 4, artikkel 15 på knappe 2 sider, medan det i originalen er 65 fulle sider (ekskludert framsida, underskriftsida og tomme sider), og kapittel 4, artikkel 15 er på 13¾ sider.

## 3.2 Innhaldet i anordninga

I det følgande delkapittelet vil eg gjera greie for innhaldet i anordninga av 1754. I prinsippet bør dette gjerast tematisk, men anordninga er som kjent ordna i fire tematisk inndelte kapittel. I praksis vil det dermed bli eit visst samband mellom denne tematiske granskinga og den tematiske inndelinga som er gjort kapittelvis i anordninga. Overordna kjem eg til å operera ut frå to store kategoriar, som igjen er oppdelte. Den første er det som gjeld interne tilhøve, den andre er det som gjeld forhold til eksterne.

### 3.2.1 Interne tilhøve

Denne første kategorien gjeld vedtektene om interne tilhøve ved Kontoret. For ei anordning som gjeld ein organisasjon som hadde indre justis, er det å venta at det meste blir lagt under denne kategorien. Av denne grunnen vil dei interne tilhøva bli inndelte i underkategoriar. Desse er det som gjeld forstandarane, allmenne reglar ved Kontoret, gardsretten og den siste gjeld brann- og vaktordninga. Grunnen til at eg vil byrja med det som gjeld forstandarane, er at det er desse rollene som øvde den største makta internt på kontoret, og såleis utgjorde forstandarane, inkludert oldermannen, den viktigaste strukturen ved Kontoret.

#### Forstandarane

Det første kapittelet i anordninga fører oss inn på kva rolle forstandarane skulle ha. Her blir det bestemt at det skulle veljast fire forstandarar, der den eldste skulle vera oldermann og at desse skulle sitta fram til dei enten var for gamle eller ikkje lenger eigde ei verksemd ved Kontoret.<sup>106</sup> Dei skulle ha ansvar for å kalla inn til allmøte, og her skulle kongelege instruksar vidareformidlast til folket på Kontoret.<sup>107</sup> I tillegg seier anordninga at når den hanseatiske sekretæren ikkje lenger var verkande, skulle forstandarane ta over hans oppgåver.<sup>108</sup> Forstandarane skulle ved fleire tilhøve òg ha makt til å handheva anordninga.<sup>109</sup> Forstandarane skulle avseia kva som var rett ved ein intern tvist på Kontoret. Dersom dei stridande ikkje var nøgde eller samde med denne lagseiinga, skulle dei gå til vernetinget, den ordinære retten i byen.<sup>110</sup> Elles skulle forstandarane verka som eit slags kontrollorgan eller eit

---

<sup>106</sup> Anordning av 7. oktober 1754: kapittel 1, artikkel 1

<sup>107</sup> Anordning av 7. oktober 1754: kapittel 1, artikkel 2

<sup>108</sup> Anordning av 7. oktober 1754: kapittel 1, artikkel 3; samt kapittel 3, artikkel 21

<sup>109</sup> Anordning av 7. oktober 1754: kapittel 2, artikkel 5 og 6

<sup>110</sup> Anordning av 7. oktober 1754: kapittel 2, artikkel 7; samt kapittel 4, artikkel 2

juridisk godkjenningråd,<sup>111</sup> der ein til dømes måtte visa fram og få stempla ei kvittering på avslutta og utført tenestetid som forvaltar hjå ein prinsipal.<sup>112</sup> Elles skulle forstandarane (inkludert den eine av dei som var oldermann) sitta på kvar sin nøkkel til kvar sin lås på den felles pengekassa, kalla «Contoires almindelige Casse [...] saa at dend icke kand aabnes uden at alle ere tilstæde».<sup>113</sup> Som eit supplement til sjølve skrivearbeidet, hadde forstandaren ein protokollist. Han var til stades i rommet, sjølv når dørene skulle vera lukka.<sup>114</sup> Det kan sjå ut til at protokollisten fekk lønna si i form av avgifter fastsett i anordninga, men at han òg fekk pengar av felleskassa.<sup>115</sup>

Som det kjem fram her, skulle forstandarane, med oldermannen i leiinga, fungera som leiarar på Det norske Kontor. Dei skulle òg fungera som dommarar i den interne retten, og hadde såleis ei nøkkelrolle for den interne jurisdiksjonen. I det følgande skal eg greia ut kva regelverk dei kontoriske hadde å forholde seg til – og følgeleg kva forstandarane hadde å dømme etter.

### **Allmenne reglar**

Det finst eit sett av det me kan kalla allmenne eller generelle reglar. Desse vedtektene er ikkje basert på detaljerte styringar, men har ein meir overordna karakter. Dei allmenne reglane femner òg om dei konstituerande artiklane i anordninga, noko som overlappar med kategorien om forstandarane; under denne kategorien kjem berre dei konstituerande artiklane som ikkje gjeld forstandarane. (Kapittel 1 er derfor utelukka.)

I kapittel 2 er det få artiklar som bør kategoriserast som allmenne eller overordna kategoriar. Artikkell 1 og 2 kan nemnast her. Den første slår fast at det kunne vera forvaltarar som tok hand om handelen til ein prinsipal. Den andre set vilkåra for ein slik forvaltar: at han skulle ha kontrakt, og at denne skulle vera skriven på stempla papir og ikkje var gyldig før han var framsynt på bytinget. Artikkell 7 inneheld òg nokre viktige ord, nemleg at ved tvist

---

<sup>111</sup> Anordning av 7. oktober 1754: kapittel 2, artikkel 10 og 15; samt kapittel 3, artikkel 12

<sup>112</sup> Anordning av 7. oktober 1754: kapittel 2, artikkel 8

<sup>113</sup> Anordning av 7. oktober 1754: kapittel 2, artikkel 11

<sup>114</sup> Anordning av 7. oktober 1754: kapittel 2, artikkel 7

<sup>115</sup> Anordning av 7. oktober 1754: kapittel 2, artikkel 9

mellom forvaltar og prinsipal, så skulle dei kunna ta saka til den ordinære retten dersom dei ikkje var nøgde med oldermannens domsavseiing.

I kapittel 3 er det heller ikkje mange allmenne reglar, og dette kjem nok av at det administrative ansvaret allereie i innleiinga blir lagt på sekretæren (og seinare på forstandarane). Likevel nemner artikkel 21 at det skulle vera den «Contoriske Interessent» som skulle stå med ansvaret for den felles brannreiskapen. Alle stoveeigarar eller forvaltarar ved Kontoret var ansvarlege for å melda til sekretæren, seinare forstandarane, om det blei oppdaga manglar ved utstyret. Dei andre artikkelane i kapittel 3, er alle av ein meir detaljert art.

Til slutt finn me kapittel 4. Ut frå tittelen, som indikerer at kapittelet inneheld ein gardsrett, kunne me kanskje venta at det i dette kapittelet mest berre skulle finnast detaljerte artiklar, særleg om ein tidlegare har handsama eldre gardsrettar. Dette er berre delvis tilfellet. Dei tre første, samt artikkel 5, 7 og 18, er det me kan kalla for overordna, i motsetnad til dei andre, der mange er særskild detaljerte. Artiklane er samanfatta under.

- Art. 1) Ein eigenhandlar eller forvaltar skal ha naudsynt makt over sine tenarar og få naudsynte respekt frå dei.
- Art. 2) Gardsretten frå dei tidlegare tider skal gjeninnførast, men naudsynte endringar er blitt gjort. Ved tvist på Kontoret, og partane ikkje blir samde, skal tvisten takast til forstandarane. Dei skal få leggja fram si side, utan at nokon blandar seg inn, og så skal tvisten avgjerast.
- Art. 3) Alle kjøpmenn må øva lik disiplin over folk, både egne folk og andre sine.
- Art. 5) Prinsipalar og forvaltarar skal vera gode, kristelegge forbilde. Ingen skal nektast frå kyrkjegang, med mindre det er eit trengande arbeid som må gjerast.
- Art. 7) Blir det hengt opp plakatar og åtvaringar, skal det vera forbode å riva dei ned – slik det har vore gjort tidlegare.
- Art. 18) Når det trengs revisjon av reglementet eller ordningar ved Kontoret, skal slike endringsforslag sendast stiftbefalingsmannen. Blir desse endringane vedtekne, skal dei etterlevast.

Som samanfattainga viser, fint det òg spesifiserande delar av artikkelane, men innhaldet er overordna. På same måte finst det prinsipielle moment òg ved dei detaljstyrande artikkelane. Eit døme på dette er artikkel 8, som i hovudsak seier at handsaminga av varene skulle skje med

aktsemd. Samstundes set artikkel 8 vilkår for korleis inn- og utføringa av varene skulle loggførast, slik at ingenting blei liggande att.

Kapittel 4, artikkel 2 må seiast å vera den artikkelen som for det interne rettssystemet er den mest konstitusjonelle. I tillegg til det ovannemnde, står det her at interne tvistar først skulle freistast løyste på den einskilde garden, men dersom dette ikkje lét seg gjera, skulle saka løysast i ein intern domstol. I denne retten skulle dei stridande få forklara seg for forstandarane, «med hvis Sigelse de stridende Partier uden videre Tætte og Vidløftighed skulle acquiescere [akseptera]; og maae hverken Procuratores eller Vinkelskrivere sig deri melere [banda], og den Ene eller den Anden til Ufredlighed Tætte ophidse.» Frå dette er det klart at dommen frå forstandarane skulle vera absolutt, utan rom for diskusjon. Her kan kapittel 2, artikkel 13, settast i kontekst. Denne nemner at ved Mortensdag [Martinsdag, 11. november], når folket skal flytta inn i skjøtstovene for vinteren, skal «Contoires Statuter og Articler, hvorefter Enhver burde rette sig, af den ældste Nabo for dem samtlige tydelig oplæst». Dette må settast i samband med behovet for å formidla jurisdiksjonen på Kontoret, og bør såleis nemnast her.

I alle kapitla blir det vist til kva storleik det skulle vera på straffa for brot på vedtektene. Som hovudregel var det tale om bøter i form av pengar eller øl. Bota var justert etter posisjon i hierarkiet, altså at bota skulle aukast dess høgare ein stod. Det er naturleg å setta denne tilpassinga av straff i samband med den ulike økonomiske styrken til dei ulike gruppene. Det kan òg leggast til at for drengane blir det fleire gonger referert til at dei skulle stå sin rett, eller som det heiter i kapittel 4, artikkel 14: «da skulle saa mange som deri ere deelagtige, uden Forskaansel udstaae deres Ret.» Kva for straffer dette var, seier ikkje anordninga noko om, men eg forstår det som at oldermannen skulle avseia straffeutmålinga. Det kan sjå ut som om denne straffa blei gitt ved mindre alvorlege brot.

Disiplinering og straff for mindre brotsverk, kjem òg fram i kapittel 4, artikkel 6: Dersom det var naudsynt, skulle ein gesell som hadde oppsikt med arbeidet, irettesetta ein dreng om han til dømes «sin Husbonds Arbeide ej vel og ved behørig fliid forretter» eller «om hand [drengen] vegrer sig for til rette Tiid at søge Kircken og bede-Tieneste», og ga drengen «ham [gesellen] unyttige Ord, Knurren og opsætsigt Svar» tilbake, skulle gesellen «slaae og straffe ham Andre til Exempel». Drengens nære rettsvern blir samstundes ivaretatt ved «at de [gesellane] ikke maae extendere denne Frihed, til at tyrannisere over Drengene eller dem uden

given Aarsag, enten af utidig Nidkjærhed eller hemmeligt Piqvanterie ilde beegne, men dem med Fornuft, og Maadelighed og til deres Forbedring tiltale, straffe og tugte.» Med andre ord var det forbode for ein gesell å bruka vilkårleg vald; gesellen blei oppmoda om å kontakta drengens husbond dersom drengen høyrde til ein annan kjøpmann.

### **Spesifisert regelverk til dagleg**

I anordninga av 1754 finst ei rekke heilt spesifiserte reglar, styrt ned på eit detaljert nivå. Dette gjeld alle kapitla. At vedtektene er spesifiserte og detaljerte, gjer at dei ikkje kan bli attgjeve utan å missa si sær eigenheit. Dei kan sjølv sagt kategoriserast, men det meiner eg i stor grad er gjort i den originale kapittelinnendinga. I det følgande skal me freista å forstå kva slags rolle desse vedtektene har i anordninga og sjå nokre døme på slike.

Tittelen på kapittelet gir oss hint om innhaldet: «4<sup>de</sup> Capitul. Om Gaards Retten ved Contoirtet for Naboer, Husbonder, Geseller og Drengene hvad med videre deraf dependerer.» Såleis kan me forstå kven gardsretten skal gjelda. Saker som gjeld andre, altså dei som ikkje høyrer til gruppene som er lista i tittelen, kan me venta at den ordinære retten skal gjelda. Når det gjeld detaljerte artiklar, særmerker artikkel 11 og 15 seg med si lengde. Artikkel 11 gjeld lønna, som blir nøyaktig spesifisert, og det blir forbode å lønna for høgt. Sjølv straffa for brot på dette er nøyaktig spesifisert. Denne artikkelen utgjer ca. 4,5 % av den originale anordninga.<sup>116</sup> Den utgreiande eigenskapen til artikkel 15 er tidlegare presentert, og treng såleis ikkje gjentakast, men utgjer altså rundt 21 %. Som referanse kan det nemnast at dei aller færraste artiklane i anordninga, er på meir enn ei side, altså <1,5 %. Dette er døme på to lange artiklar, men i kapittel 4 finst òg korte, men innhaldsrike artiklar; artikkel 9 og 10 er døme på slike. Den første seier noko om korleis ein skulle varta opp gjester og korleis klaging på slik oppvarting skulle handsamast. Den andre seier at gesellane skulle ha orden på nøkkelen til matboda, at alle skulle få mat til middag og kvelds<sup>117</sup> og at ingen rester skulle gå til spille. Til saman utgjer desse to artiklane under to sider. Begge artiklane er påfallande spesifiserte, og kan såleis stå som representantar for at anordninga sette klare rammer for dagleglivet til dei kontoriske.

---

<sup>116</sup> Ca. 3 sider av 65 (ekskludert forside, underskriftside og tomme sider).

<sup>117</sup> Jamfør kapittel 3, artikkel 17, er tidene for mat spesifisert som middag «11½» og kvelds «4½».



Ein annan artikkel det er verdt å nemna i denne samanhengen er kapittel 2, artikkel 8, som gjer eit kraftig innhogg i privatlivet til forvaltaren: «herefter som hidintil vedblive, at ingen Præst maa troelove eller vie Nogen, som for Handels-Forvalter har tjent, forinden han fremviser ham der her anbefalede Afsked og Qvittering for hans seneste havte Tjeneste.» Om denne vidareføringa av sølibatordninga har Johan Koren Wiberg kommentert at «Det må ha vært hyggelig å være handelsforvalter i de dager. Kontraktene var forresten skapt til overtredelse. Ikke gå på ‘Comædie’. Ikke en kanetur om vinteren og aller minst med sin pike».<sup>118</sup> Det er ein skarp, sarkastisk merknad frå Koren Wiberg. Slike regulerande ordningar finn me mange av i anordninga, som saman med til dømes kapittel 4, artikkel 15, punkt 2 – dei drengane som ikkje kunne lesa og skriva når dei kom til kontoret, skulle husbonden la gå i skule – og kan tolkast som del av «statspietismen» som gjorde seg gjeldande på første halvdel av 1700-talet, særleg med kongen Christian VI.<sup>119</sup> Med dette i mente, kjem den strenge ordninga mindre overraskande på meg enn på Koren Wiberg.

### **Brann- og vaktordning**

Artiklane som gjeld brann- og vaktordninga, har alle enten karakter av å vera allmenne eller spesifiserte, men dei kan likevel takast med som ein eigen kategori her. Kapittel 3 i anordninga er i si heilheit vigd dette temaet. Angåande brann og vakt, seier kapittel 1, artikkel 3, at så lenge hanseatiske kjøpmenn heldt stover på Bryggen, skulle dei følge reskript av 6. november 1744: dei hanseatiske stovene skulle ha ansvar for vakthald og vedlikehald av brannreiskapen. Johan Koren Wiberg har gjort seg nokre tankar, òg om dette: «Pussig å se at Kontorets vakthold og brandvesen fremdeles skulde ligge under den hanseatiske sekretær, som sammen med nogen få stuer var den siste rest av Hansekontoret.»<sup>120</sup> Det er ikkje ein fjern tanke at dette vedtaket kan ha sitt opphav i ønsket om å pressa hanseatane heilt ut av byen.

Når det gjeld innhaldet, er dei første ni, og dels artikkel 10, vigde vaktordninga. Tilsvarande er dels artikkel 10, og dei følgande ni artiklane vigde branntemaet. Det interessante er at artikkel 20 seier at stoveeigarane hadde ansvar for at det brann lykter utanfor sjøhusa så lenge det var mørkt. Dette er ei vedtekt det er mogleg å tolka inn i ein vaktssamanheng; nett som i dag, fører belysning til at det er lettare å orientera seg, samt at

---

<sup>118</sup> Koren Wiberg 1934: 20

<sup>119</sup> Jørgensen og Westrup 1982: 64, samt Moseng et al. 2003: 326ff

<sup>120</sup> Koren Wiberg 1934: 18

uærlege sysler blir drivne i dei mørke smaua. Lyktene ville sjølvsagt òg vera til nytte for vektarane, som skulle gå sin runde. Den 21. artikkelen er igjen vigd brann. Dette viser at sjølv om kapitla er ganske godt organiserte i kategoriar, er ikkje dette konsekvent tilfellet.

Når det gjeld innhaldet vaktordninga, er det naturleg at denne var tradert gjennom DHKs *statutta*. Anordninga set først fast at det var gesellane som skulle gå vaktrunda, og som me veit frå anordningas kapittel 1, artikkel 3, var det dei hanseatiske handelsfolka som var attende, som hadde ansvaret for dette. Her blir det referert til reskript av 6. november 1744,<sup>121</sup> som brann og vakt ved (Det hanseatiske) Kontor. Der står det i artikkel 1 at borgarhandlarane skulle bidra til dei hanseatiske pliktene, under den hanseatiske jurisdiksjonen. Såleis må me forstå at sjølv om det var dei attverande hansastovene som skulle ha ansvar for vaktordninga òg etter 7. oktober 1754, skulle kjøpmennene under DNK bidra til pliktene dei gjenværande hansastovene hadde.

I kapittel 4, artikkel 2 i anordninga av 1754, blir det fastsett til kva klokke den kontoriske vaktgangen skulle skje; her forstår me at det utelukkande dreidde seg om nattevakt. I artikkel 3 står det at vakta skulle halda seg på vakt, og ikkje i skjøtstova. Neste artikkel fastset maktbruken: dersom vakta «antrefte nogen, som beteede sig modvillig, anrettede Allarm og Klammerie» under vaktrunden, «dem skal de, saafremt de ej vil lade sig sige, og betee sig stille og fordelig, tage med sig til Vagthuuset til om morgenen, da de til deres vedkommende Øvrighed overleveres [...]» Her forstår me at vektarane skulle gripa uromakarane og bringa dei til sin «Øvrighed» – det kjem ikkje fram kven denne øvrigheita var, men me kan tenka oss at denne kunne vera ein kjøpmann (/forvaltar), eller Politimeisteren (eller forstandarane (viss vedkomande var knytt til Kontoret)). Neste artikkel seier ikkje anna enn at det utanfor vakthuset skulle stå ei vakt med synleg kårde, slik at alle kunne sjå han – og han dei. Artikkel 6 og 7 forbyr vaktene å drikka under vakt, samt å koma fulle. Ein kunne rett nok få dispensasjon frå dette: «men dend, som til nødtrøst behøver at dricke, maae dog med Formandens Tilladelse, gaae hen til hans husbondes Stue for at lædske sin Tørst af det Øll, hand giver sine Tienere, og strax forføye sig til Vagten igjen.» I denne samanhengen må me sjå på dette berre som eit kuriosum. I artikkel 7 blir vaktene påbodne å vera stille, samt å lystra formannen. Artikkel 9 påbyr alle kjøpmenn å ha ein muskett, men

---

<sup>121</sup> Wessel-Berg I: 909

vaktene trong berre bera han i krigstider; i fredstid skulle dei berre bera kårde og vektarstaven. Til slutt får me veta at vakthuset skulle vera plassert midt på Bryggen.

Dette er det anordninga seier om vakthaldet. Vedtektene gir oss inntrykk av at den etablerte vektarordninga var gjeldande på kveldstid. Korleis handhevinga av reglementet fungerte på dagtid, blir det ikkje skriva noko om. Slik eg forstår det, må me for å finna svaret på dette, sjå til kapittel 4, gardsretten. Mellom anna gjennom artikkel 3, forstår me at det var naboen, altså husbonden/forvaltaren, sitt ansvar å handheva reglementet – det blir presisert at handhevinga skulle vera lik mot alle tenestefolk på Kontoret.

Når det gjeld kva anordninga inneheld om brannordninga, er denne godt handsama i kapittel 3.3, om bakgrunnen for kapittel 3. Det er fordi desse vedtektene i stor grad bygger på eldre lovbod.

### **3.2.2 Forhold til det eksterne**

Det norske Kontor blei ikkje skipa i eit vakuum. Området me reknar under DNK, låg sentralt plassert i Bergen - den største byen i Noreg.<sup>122</sup> Kva seier anordninga om forhold til resten av byen? Kven blir det vist til og kva for artiklar er det det gjeld? Blir det til dømes vist til aktørar som ikkje er «juridiske» (Politimeisteren, Magistraten el.), som laug/handverk? Me kan venta at det blir tatt opp forholdet til dei andre rettsinstansane i byen, eksterne aktørar – så som byens autoritetspersonar – eller byen i seg sjølv.

#### **Juridiske embete**

Anordninga viser definitivt at ein fullstendig sjølvråderett var utelukka for Kontoret; dei måtte forholde seg til dei juridiske øvrigheitene i byen. Stadig blir det vist til Politimeisteren, Magistraten og Stiftamtmanden, så kva gjeld desse referansane? Politimeisteren blir nemnd i kapittel 3, artikkel 21, der han saman med branndirektøren kan påpeika feil og manglar ved brannreiskapen som må rettast opp i. Han blir òg nemnd i samband med politiplakaten av 16. september 1750, som ein øvre autoritet over det interne vektarkorpset ved Kontoret. Stiftamtmanden får i kapittel 4, artikkel 15, i oppgåve å stadfesta alle innskrivingar av nye tenarar på Kontoret. Den siste artikkelen i anordninga, kapittel 4, artikkel 18, gir Stiftamtmanden rett til å endra anordninga. Dette må me forstå som kongens rett. Ei liknande

---

<sup>122</sup> Kjeldstadli 1995: 31

rolle som juridisk stadfestar blir òg byfuten tilskriven i kapittel 2, artikkel 2, då han skal stadfesta avtalar mellom forvaltar og prinsipal. Elles blir òg den militære etat nemnd i kapittel 4, artikkel 16, då det blir gjort forbode for ein offiser å ta ein kontorisk tenar i teneste før han han hadde fått sin formelle avskjed dokumentert. Magistraten blir òg tatt med her, sjølv om det var eit råd og ikkje eit embete. Magistraten får i kapittel 2, artikkel 10, i oppgåve å velja ut fem medhjelparar til forstandarane, der oppgåva var å rådslå «naar Ting af Vigtighed til Contoiret og Handlingens Nytte forefalde», samt å «aarlig oversee og revidere Regnskabet for Cassens Indtægter, Udgifter og Beholdning».<sup>123</sup>

### **Folket elles**

I anordninga får me to innslag av forhold til folket i byen elles. Det første innslaget finn me i vaktordninga, kapittel 3, artikkel 4. Der blir dei kontoriske vektarane pålagde å innbringa arresterte bråkmakarar, uansett kven det måtte vera, for den respektive øvrigheit om morgonen. Det neste innslaget finn me i gardsretten, kapittel 4, artikkel 4, som er ei attgjeving av politiplakaten av 16. september 1750, der fjerde punkt forbyr nokon innbyggjarar «at de ikke maae huse eller hæle<sup>124</sup> nogen af de Drengene, der tjene eller have tjent på Contoiret, ei heller tappe og skjenke for dem». Konsekvensen av eit brot på dette, er at dei vil «blive anseede og straffede efter Lovens 6-22-3, 4 [dette må vera Christian Vs norske lov av 1687]<sup>125</sup>» (Wessel-Berg viser her til lov om Brendeviins Salg av 10. januar 1837 § 7).

### **Bygningar**

Det blir ikkje referert noko til den eksterne byens bygningar og grunn, spesifikt. Likevel kan me lesa mellom linjene at den kontoriske brannvakta fekk ansvar for oppsyn med resten av byen. Dei blei i kapittel 3, artikkel 10 pålagde å halda vakthus «et Sted midt på Contoiret, hvorfra bedre end fra noget andet Vagtsted fast den hele By kan oversees». På dette grunnlaget skulle vakta «saasart de nogen Ildsvaade formærke, [...] strax gjøre Allarm, i det nogle af de Vagthavende, om det er om Natten, strax løbe til Stuerne og opvække Folkene, at de forføie sig til Sprøiten og Brandredskaberne, for, som sædvanligt, med Mande-Magt, uden

---

<sup>123</sup> Wessel-Berg II: 159

<sup>124</sup> Hæle – skjula, gøyma

<sup>125</sup> Sjå følgande adresse for lova: [https://www.hf.uio.no/iakh/tjenester/kunnskap/samlinger/tingbok/lover-reskripter/chr5web/chr5\\_06\\_22.html](https://www.hf.uio.no/iakh/tjenester/kunnskap/samlinger/tingbok/lover-reskripter/chr5web/chr5_06_22.html)

at bie efter Heste, at bringe det hen, hvor Ilden er». Det er tydeleg at kontoret gjorde teneste som del av byens brannvakt. Dette er det einaste innslaget av bybyggnaden elles i anordninga.

### **Andre rettsinstansar**

Fleire gonger blir det vist til andre rettsinstansar. Dette dreier seg om anordningas kapittel 2, artikkel 2 og 12, der dokument skal publiserast og signerast på byens underrett, bytinget, for å reknast som gyldige. Gjennom ei slik vedtekt blir bytinget overordna den interne retten på Kontoret. Ei slik underordning av den interne retten kjem kanskje betre til synes i anordningas kapittel 2, artikkel 7, der ein prinsipal og ein forvaltar som har kome i konflikt angående drifta av stova, kan stemna kvarande inn for vernetinget, den ordinære retten, etter at dei har prøvd saka for den interne retten, men ikkje er nøgde med domsavseiinga der. I kapittel 2, artikkel 4 og 14, blir det slått fast at utrugne tenarar kunne straffast etter landslova, og særleg «om Noget til Hans principals Skade og Forkortelse befindes med Villie og Forsæt at være gjort.»<sup>126</sup> Desse referansane til andre rettsinstansar, må bli forstått som at det på ingen måte skulle vera fullstendig sjølvråderett for dei kontoriske, anna enn ved småsaker. At dei ordinære rettane stod overordna den interne kontoriske, er ikkje overraskande, og rangeringa var kanskje både naturleg og naudsynt for myndigheita for å sikra eiga makt – sjølv om denne neppe var truga.

### **Det som ikkje blir nemnt**

I utgreiinga over har det kome fram kva anordninga inneheldt. Gjennom analysen er det ikkje kome fram nokre overraskingar, men kanskje vel så interessant er det kva som ikkje er nemnt. Kva kunne ein venta å finna som ikkje er nemnt? Det første er at Det hanseatiske Kontor skulle ha si eiga vekt og eigne mål. At dette ikkje blei vidareført til Det norske Kontor, har si naturlege forklaring i at retten til intern vekt og mål blei gitt Det hanseatiske Kontor via privilegia til Lübeck av 1673, som fall frå ved konfirmasjon av privilegia av 1707 – der DHK blei pålagde å følge forordning av 10. januar 1698. Den sjølvstendige mål- og vektordninga hadde såleis vore borte i 50 år då DNK blei skipa. Bortsett frå vekt og mål, kunne ein kanskje venta å finna vedtekter i anordninga som ordna prisfastsetjinga – den såkalla *priskuranten* eller berre *kuranten*. Grunnen til at ei slik ordning var venta å finna, er at det i 1739 blei fastsett det såkalla *kontoriske program*, som av Axel Coldevin blir sett i samband med

---

<sup>126</sup> Wessel-Berg II: 161

priskuranten.<sup>127</sup> Denne viser ikkje att i anordninga av 1754. Det er heller ikkje skrive noko i anordninga som gjeld nordlandsgjelda, som heilt sikkert var eit velkjent problem i 1754. Frå tidlegare lovbod veit me at myndigheita gjerne tok side i gjeldsproblematikken med forbod for debitor mot å springa frå gjelda si. Det siste som er overraskande lite nemnt, er dei kontoriske institusjonane. Det hanseatiske Kontor sat både med ansvar for Mariakyrkja og St. Katarinas fattighus – institusjonar ein visste at kom til å måtta bli frigjorte frå Det hanseatiske Kontor, som heilt sikkert var på veg mot å forsvinna. Det er vanskeleg å forstå kvifor institusjonane ikkje blei tatt opp i anordninga, men ei potensiell forklaring kan vera at myndigheita og forfattarane av teksten ønska å la den økonomiske byrda tynga dei siste få hansastovene som var att i byen.

Til slutt er det tankevekkande at Det norske Kontor eigentleg ikkje fekk tildelt særleg mange fordelar. Rett nok fekk dei styra eiga utdanning – som eit laug. Kontoret blei òg sikra mot at illojale tenestefolk stakk av, til dømes til det militære vesenet. I tillegg fekk stoveeigarane fordelen at dei i motsetnad til dei hanseatiske kjøpmennene, fekk fastsett kva løn dei måtte betala til tenestefolket – det kontoriske mannskapet. Bortsett frå slikt, er det ikkje nemnt meir typiske fordelar, som rett til tollfridom eller Bryggen som særleg regulert næringsområde. Me kan ikkje anna enn tru at slikt må ha vore regulert i andre lovbod.

### **3.3 Den rettshistoriske bakgrunnen**

I det ein byrjar å gå inn i innhaldet til anordninga, får ein fort eit inntrykk av at dokumentet kan ha vore resultat av ei utvikling. I anordninga finst det stadige referansar til tidlegare forordningar og dokument. I nokon grad er anordninga diktert frå tidlegare lovregulering, eller han er inspirert av sedvane. Uansett finst det det ein kan kalla bakgrunnen for anordninga – altså tidlegare lovgjeving som kan ha stått som forbilde for artikkane. I det følgjande kjem ei utgreiing og ei sannsynleggjering av kva for lovgrunnlag dette er.

#### **Bakgrunn for kapittel 1**

Det første kapittelet gjeld forstandarane for DNK, og er det kortaste kapittelet: berre tre artiklar. Dette kapittelet er nok det som har henta minst inspirasjon frå tidlegare. Det kan ein forstå av den generelle arten artikkane har. Det er berre artikkel 3 som inneheld ein referanse

---

<sup>127</sup> Coldevin 1938: 147ff

til eit tidlegare dokument: reskript av 6. november 1744. Dette reskriptet blir ikkje sitert, men er gjeldande for fleire av dei andre artiklane. Artikkel 3 sette vilkår for kven som skulle ha ansvar for administrasjonen av vakt- og brannordninga. Det kan leggest til at ut frå denne 3. artikkelen, blir det meir enn insinuert at DHK kom til å sjå sin ende ikkje lenge etter skipinga av DNK; dei hanseatiske kjøpmennene som var att, blei pålagde den store oppgåva å syta for vakthald og brannvern, men så snart alle stovene var norske, skulle DNK ta over.

## **Bakgrunn for kapittel 2**

Dette andre kapittelet gjeld handelsforvaltarane, «som Ved Contoiret forestaae Andres Handel.»<sup>128</sup> Dette kapittelet er nok det som er vanskelegast å fastsetta bakgrunnen til. Det er berre artikkel 17 som har ein referanse til ei tidlegare forordning: forordning for «Fiskerierne og Fiske-Handelen Nordenfjelds» av 12. september 1753. Dette er ei forordning med formål «hvorledes med Fiskens Virkning, Tilberedning og Salting skal forholdes.»<sup>129</sup> Det einaste artikkel 17 seier, er at dei kontoriske skal følge denne forordninga. Bortsett frå denne referansen, er det få indisium ein får av opphavet til artiklane. Likevel kan ein halda det for sannsynleg at artiklane har sitt opphav i dei gamle hanseatiske *statutta*. Dette er ikkje fordi det blir referert til dei, men fordi innhaldet i artiklane er slik utforma slik at me kunne forventast å finna dei igjen i *statutta* – om enn med ein ulik ordlyd. Det kan med andre ord ikkje fastsettast sikkert kva som er den juridiske bakgrunnen for kapittel 2, men det er sannsynleg at det er dei hanseatiske *statutta*. Ein alternativ hypotese, er at artiklane blei konstruert eins ærend for anordninga, for å dekkja eit behov, og at dei derfor ikkje inneheld nokre referansar til tidlegare jurisdiksjon.

## **Bakgrunn for kapittel 3**

Det tredje kapittelet inneheld artiklar som gjeld vakt- og brannordninga på Kontoret. For dette kapittelet er det mogleg å fastsetta den juridiske bakgrunnen med stor sikkerheit. Når det gjeld brannordninga, viser ikkje anordninga sjølv til særleg nyttige referansar. I introduksjonen blir det vist til reskript av 6. november 1744<sup>130</sup> (så som i kapittel 1, artikkel 3), for å visa kven som stod ansvarleg for vakt- og brannordninga. Trass i manglande referering, får me ei forståing av bakgrunnen dersom me studerer brannordninga av 16. mai 1707, som Wessel-

---

<sup>128</sup> Tittelen på andre kapittel i anordninga

<sup>129</sup> Schou bd. IV: 331

<sup>130</sup> Wessel-Berg I: 909

Berg i ein fotnote gjer oss merksame på. Denne brannordninga inneheld nemleg sekvensar som er attgjeve i anordninga av 1754 nærast etter rein diktat. Eit døme på dette er vedtektene om brannreiskapen. I den eldre brannordninga av 1707 står det i kapittel 4, artikkel 1:

*I alle Huse og Ejendomme der i byen (undtagen gemene og fattige Folks, som boe i Hytter) skal enhver Borger og indvaaner have deres paalagte og taxerede Brandredskab, 2, 4 a 6 gode Læder-Spande, mærkede med Ejermændens Navn, en Brand-Øxe, en Tønde med to Hanker i og en Stang dertil at bære den paa, foruden en, to og flere vel conditionerede Løgter [...]*<sup>131</sup>

Dette utdraget kan jamførast med anordninga av 1754, og der finn me desse orda nærast nøyaktig attgjevne i kapittel 3, artikkel 11:

*Enhver Contoirsk Stue, hvorpaa holdes Gesell og Dreng, skal være forbunden at have 4de gode læder Spande med gaardens Naun og Stuens mercke paamahlet, en god Brandt Øxe og en Løgte, saa velsom i Hosbondens Klæve en bred lyse Plade af messing, Kaaber eller Jern [...] Iligemaade skal og i hver gaard være 2de gode malede Vand Tønder med gaardens Navn paasat med Jern Baand og Jern Ører, samt en Stang til hver, hvorpaa dend Kand frembæres, og 2de Slag-bøtter ligedan malet, som altiid skal hænge i gaarde Klæven, En Brandhage med vedhørende Tou, som paa en beqvem Stæd i gaarden skal ligge, og i Ildhuuset en Brandt-Stie, 1 Haand Sprøyte og Ild-Decksel af Jern eller Kaaber.*<sup>132</sup>

Som eit apropos blir dette siste gjenteke i artikkel 17:

*[...] til destoe meere Sickerhed, skal i Ildhuuset, hvor Ildlægningen i Ovnene skeer, altiid være tilstæde 1/2 tønde med Vand, Een Haand Sprøyte og een maadelig Haand-Stie.*

Som det kjem fram frå utdraga over, står det i begge tekstane at det skulle vera eit gitt tal merkte bøtter, ei brannøks, ei/to lykt(er), samt denne vasstønna med hankar (ører) og tilhøyrande stong til å bera tønna med. Det er altså stor likskap mellom dei to artiklane, som er publiserte med 47 års skilnad. Me finn rett nok ein del ekstra spesifikasjonar ved den nyare

---

<sup>131</sup> Schou bd. II: 155

<sup>132</sup> BBA A-585 Z:2



anordninga av 1754, men ut frå likskapen, vil det ikkje vera dristig å hevda at brannordninga av 1707, kan ha spelt ei rolle som bakgrunn for anordninga av 1754.

Når det gjeld vakthaldet, er bakgrunnen tynnare. Det har ikkje lukkast meg å finna noko konkret offisielt dokument som kan settast som inspirator for anordninga. Dette må enten bety at det er ti heilt nyvinnande artiklar i anordninga, eller at det er dei gamle hanseatiske *statutta* som utgjer bakgrunnen for vedtektene om vakthald. Det første er vel det som kan seiast å vera minst sannsynleg. I dette høvet finst det to andre dokument som bør nemnast. Det er politianordninga av 24. januar 1710<sup>133</sup> og politiinstruksen av 9. desember 1746<sup>134</sup> (sistnemnte er berre ei erklæring om utvida myndigheit til Politimeisteren). Politianordningas 10. kapittel set Politimeisteren som premiss for oppsynet med vakt- og brannordninga i Bergen, og nemner ingenting om at dei kontoriske skulle ha noko ansvar. Dette kan me forstå som at Kontoret sjølv gjennom interne sjølv hadde ansvar for sine område. I seg sjølv kan det tolkast som at dei kontoriske hadde eine interne vedtekter for slikt. Anordningas kapittel 3, artikkel 21 underbygger denne påstanden: «Saa forbliver det herefter, ligesom det al sin Tid har været» at dei kontoriske sjølv har ansvar for tilsynet med sine brannreiskaper og sine vassuttak (brønn, pumpe etc.). Ut frå gardsretten for Jacobsfjorden og Bellgarden 1529-1591<sup>135</sup> inneheldt òg gardsrettane ein del vedtekter som verka inn på brann- og vaktsegmentet. Likevel må vel truleg dei hanseatiske *statutta* settast som bakgrunn for anordningas kapittel 3.

#### **Bakgrunn for kapittel 4**

Anordningas kapittel 4 inneheld ein del referansar til andre juridiske dokument. Det blir i artikkel 4 vist til politiplakat av 16. september 1750 (og denne blir attgjeven punktvis). Elles blir det i artikkel 11 vist til «Articler for de Contoirske i Bergen»<sup>136</sup>, som gjeld lønna til geseller og drengar. I artikkel 13 bil det vist til forordning av 12. september 1753, som er same forordning som det blir referert til i bakgrunnen for kapittel 2 (sjå over), men her spesifikt til kapittel 1, artikkel 5, som gjeld forbod mot svindel med kvaliteten på skrudd

---

<sup>133</sup> Schou II: 237-258

<sup>134</sup> Wessel-Berg II: 10-17

<sup>135</sup> Transkribert og omsett av Wollert Danckert Krohn og Bendix Edvard Bendixen, publisert i Bergen historiske forenings skrifter nr. 1 (1895)

<sup>136</sup> Wessel-Berg I: 81 (Det blir opplyst at desse artiklane er tapte. Det har ikkje lykkast meg å finna dei andre stadar heller)

tørrfisk.<sup>137</sup> Artikkelen 14 refererer til mandat av 8. november 1671, som gjeld forbod mot dei kontoriske spela.<sup>138</sup> Artikkelen 15 viser til «Den i Aaret 1672 ved Contoiret gjorte Anordning og Skik». Dette er truleg «Artikler for de Contoirske i Bergen» av 22. mai 1672 (same som for artikkel 11 oppfor). Denne er i følge Wessel-Berg tapt, men (dei relevante delane) er attgjevne i 1754-anordninga.

Som utgreiinga over viser, er det definitivt flest referansar til andre dokument i dette siste kapittelet. Somme av dei refererte dokumenta er attgjevne, noko som gir eit godt bilde av kva dei gjeld. Bortsett frå desse direkte referansane, er det òg mogleg å seia noko om kva for dokument som har vore gjeldande før 1754 og kvar inspirasjonen er henta frå. For i artikkel 2 står det at den «Gaards ret og Disciplin i Domnesiqve Sager» som frå gamalt av har vore gjeldande på Kontoret, «skal nu og herefter tage sin Begyndelse». Spørsmålet me med ein gong sit med, er kva for gardsrett dette er tale om. Det kjem ikkje tydeleg fram, men me får veta at gardsretten skal «continuere efter de de forhen brugelige Artikler og Statuter, hvoraf, saavidt nærværende Tider og Omstændigheder udfordre og tillade, de fornødneste her ere extraherede og forbedrede». Desse orda kan me forstå som at det i dette kapittelet er presentert dei mest naudsynte delane av den gamle retten, samstundes som han er revidert og endra for å kunna passa til det nye omstendet. Men sjølv om det ikkje blir nemnt, er det mogleg å trekka inn forsøket på ein felles gardsrett frå 1734 som inspirasjonskjelde eller forbilde. Denne felles gardsretten er det forska lite på, men det vesentlegaste her er at han skulle nyttast på same måte som kapittel 4 i anordninga, som juridisk grunnlag i ein domstol. Dette er mellom anna dokumentert med ei sak frå mars 1737, der drengen Jürgen Müller blei dømd etter artikkel 26 i den felles gardsretten av 1734,<sup>139</sup> som gjaldt forbod mot å gjera opp eld bortsett frå då det var naudsynt til matlaging.<sup>140</sup> Eit slikt forbod er forresten å finna att i kapittel 2, artikkel 13, i anordninga. Såleis kan me allereie her hevda at den felles gardsretten av 1734 nok stod som inspirasjonskjelde for anordninga.

---

<sup>137</sup> Skrudd fisk – «[...] tør Fisk, som i Knipper indslaaes, eller i store Fade imellem tvende Bunde indskrues, og derfor ikke af Kjøberens kan besees eller vrages.» (Schou IV: 335)

<sup>138</sup> RA, Danske Kanselli 1572-1799, F/Fc/Fca/Fcaa/L0011: Norske registre, 1670-1673 – fol. 490b

<sup>139</sup> AHL, Archiv der Bergenfahrerkompanie zu Lübeck – arkivrull 787, ca. fol. 28b ff.

<sup>140</sup> BBA A-0640 Ha:1 – Maskopiboka er ikkje foliert (paginert)

## Generell og samla bakgrunn

Det finst moment som kan ha spela rolle som bakgrunn for anordninga, men som kanskje ikkje er kapittelsesifikke. Eitt hint får me frå Christian Koren Wiberg, som hevdar at heile anordninga var ein direkte følge av arbeidet som førte til det såkalla *kontoriske programmet*<sup>141</sup> av 4. april 1739.<sup>142</sup> Påfallande med dette programmet er at det ikkje har latt seg oppdriva, korkje i opphavelig form eller i kopi. Det einaste me veit om programmet, har me frå Koren Wiberg, som har studert dette dokumentet. Han gir ingen merknadar til kvar han har funne det, men skriv av det blei sett opp av kjøpmann Bollmann, med hjelp frå sekretær Carbiner. Ut frå dette har eg forsøkt å finna programmet innført i maskopiboka til garden der Bollmann var stoveeigar: Bredsgarden. Denne undersøkinga var resultatlaus. Det var òg gjennomgangen av dei andre maskopibøkene, både ved BBA og UBB-S. Koren Wiberg skriv at det i programmet blei opplyst at det var sendt til Magistraten i Bergen for å bli ratifisert, men heller ikkje i innkomande brev/resolusjonar hos Magistraten for perioden april-mai 1739 finst det spor av eit dokument av denne typen.<sup>143</sup> Koren Wiberg skriv òg at programmet ikkje blei lagt fram for «sosietetenes og hansestædenes råd», og det finst heller ingen spor av dette programmet i katalogen til arkivet etter Bergenfahrerkompaniet eller katalogen *Bergenfarer-Dokumenter i tyske Arkiver*.<sup>144</sup> Det har med andre ord ikkje lykkast meg å studera kjelda – det har det heller ikkje for andre enn Koren Wiberg, så vidt eg veit. Dette gjer at alt me veit om denne direkte forgjengaren til anordninga, må vera basert på tolkingane til Koren Wiberg.

I grunnen er altså innhaldet i dokumentet ukjent, men Koren Wiberg har attgjeve følgjande punkt:

*Efter forslaget skulle man*

*1) ikke betale overpriser.*

*2) Man forpliktes til ikke å motta "Utskot, Magerfisk eller Foosfisk" blandt den gode fisk og heller ikke en ringere sort saltet vare blandt en bedre.*

*3) Så ofte som konjunkturerne fordret det, om sommeren eller ved vintertid, skulde de hanseatiske Vorwesere (sekretæren og achteinerne) samles med Kontorets bergenske*

---

<sup>141</sup> Merk at ut denne nemning kan synast å vera konstruert av Koren Wiberg. Denne nemninga er ikkje typisk for 1730-talet. Frå erfaring med andre samtidige kjelder, vil eg hevda det er meir sannsynleg at dokumentet ville vore kalla *project* eller *memorial*.

<sup>142</sup> Koren Wiberg 1932: 227ff. Sjå kapittel 4.3.1, der eg tar opp *programmet* att.

<sup>143</sup> BBA A-0651/Cf/L:5

<sup>144</sup> Koren Wiberg 1921

*borgerkjøbmenn på Kjøbmansstuen for å regulere prisene på inn- og utgående varer, hvorefter ingen hemmelig eller åpenbart måtte bryte overenskomsten.*

*4) Hvis nogen overbevistes om å ha brutt avtalen, det være hanseat eller borger, skulde man bøte 20 rdl. Var det en hanseat skulde mulkten gå til det tyske St. Catharina fattighus, var det en borger skulde boten tilfalle Christi Krybbes Skole.*

*5) Der skulde oprettes en bergensk børs. [...] <sup>145</sup>*

Som me kan sjå, er dei fem punkta over av ein merkantil art. Dei liknar eigentleg ikkje anordninga av 1754 spesielt mykje; der har me ikkje sett nokre av temaa over bli tatt opp. Ut frå det konkrete innhaldet i det attgjevne dokumentet, er det strengt tatt ikkje grunnlag for å hevda at det har spela direkte rolle som inspirasjonskjelde. Med andre ord må oppfatninga av bandet mellom *programmet* og anordninga av 1754 vera konsekvens av tolkinga til Koren Wiberg. Det såkalla *programmet* av 1739 må sjåast som ein intensjonsavtale mellom borgarkjøpmennene og dei hanseatiske kjøpmennene, med mål om å ordna handelen, for det første med tanke på å ordna prisnivået, for å hindra konkurranse og høge prisar, for det andre med tanke på kvaliteten, for å hindra svekkinga av omdømme. Begge ville ha vore til skade for begge partar.

### 3.4 Konklusjon

Som det har kome fram i kapittelet, inneheld anordninga av 7. oktober 1754 ei kompleks rekke vedtekter som til saman la føringar for korleis kontoret skulle sjå ut. Det la føringar for korleis administrasjon skulle vera sett saman med forstandarskapet sitt og korleis styringa av dei ulike handelsstovene skulle fungera, med principalar, forvaltarar, gesellar og drengar. Det la føringar for den daglege drifta, heilt ned detaljert nivå, som kva tid ein skulle eta.

Anordninga la grunnlaget for sikkerheita, med nøye førte reglar for brannvern og vakt. Ein forstår at vakta både skulle ha oppsyn med ro og orden, samt halda utkikk etter brann. I det heile tatt er det mogleg å hevda at anordninga er omfattande, med eit bredt spekter i kompleksiteten til artiklane, nokre så overordna at dei har gitt inspirasjon for historikarar til å omtala anordninga som ei grunnlov.

Det finst ei rekke referansar til tidlegare lovtekstar, som både er med på å legitimera anordninga, samt å gjera henne enklare. Innleiingsvis spurte eg om det kunne finnast noko att

---

<sup>145</sup> Koren Wiberg 1932: 228. NB! Sitatet er gjort om til avsnitt for å letta oversikta.

av dei lybske privilegia i anordninga – for om DNK såleis hadde juridiske likskapstrekk med DHK. Svaret på dette er vel at dei nok ikkje likna særleg. Privilegia for Lübeck bar mykje meir preg av å vera eit handelsdokument, noko som er ganske fråverande i anordninga.



## 4 Kontoret i politisk perspektiv

I det føregåande kapittelet har me gjort oss grundig kjende med korleis Det norske Kontor såg ut, slik skiparane ønska å formidla at det skulle vera. Dette kan me nytta som eit verktøy eller eit hjelpemiddel i det vidare. For å forstå skipinga av Det norske Kontor, er det naudsynt å lyfta blikket ut or Bergen og skipingsdokumentet. Det var ikkje berre lokale tilhøve som disiplin og tryggleik som spela inn i skipinga, det er sikkert. I det følgande kapittelet skal me freista å sjå Kontoret i eit politisk perspektiv. Dette vil vera eit godt bidrag i forsøket på å forstå DNK. Særleg innan tre politiske felt i samtida at Kontoret er interessant; 1) næringspolitikken, fremjing av landets økonomiske utvikling, særleg auka spesialisering og samhandling; 2) handelspolitikk, fremjing av eigne borgarar i forhold til dei av andre statar; 3) privilegiepolitikken, korleis enkeltpersonar eller grupper av enkeltpersonar fekk særskilt fordelaktige rettar (særleg økonomiske). Felles for dei tre politiske felt i Danmark-Noreg midt på 1700-talet, var den ideologiske tanken om å styrka heilstaten, for på den måten å auka statens rikdom og styrke.

### 4.1 Næring- og privilegiepolitikk

Då Det norske Kontor blei skipa, eksisterte det allereie fleire ulike handelskorporasjonar. For betre å forstå dei signifikante trekka ved DNK, vil ei jamføring med andre korporasjonar, med liknande, men ulik organisering, vera til nytte. Dette vil hjelpa til med å forstå korleis DNK stod, jamført med den økonomiske tenkinga og praksisen i samtida. At Kontoret enda opp med den utforminga det fekk, kan kanskje vera lettare å forstå dersom me kjenner til handelskompania, som var ei vanleg organisasjonsform.

#### 4.1.1 Heilstat og merkantilisme

Eit av dei fremste arbeida som kan knytast opp mot heilstaten, er utgjevinga av John Herstads avhandling *I helstatens grep: Kornmonopolet 1735-88*. Arbeidet kan ikkje knytast direkte opp mot DNK, men denne kornlova<sup>146</sup> kan knytast opp mot dei same trendane som DNK; etter trettiårskrigen, stod Noreg med ein manglande korntilførsel (frå Tyskland og Baltikum) og

---

<sup>146</sup> Dette er kanskje betre kjent som *kornmonopolet*, men Herstad argumenterer for at det ikkje var eit monopol slik me kjenner det frå til dømes oktroja og handelskompania. Herstad meiner det difor at det vil vera mest presist, og minst villeiande, å omtala det som *kornlova av 1735*.

dansk korn erstatta svikten i framandkornimporten. «Den nye tilgangen på danske kornvarer stilte de bergenske kjøpmenn friere i konkurransen med hanseatene og deres bastion på Bryggen i Bergen, Kontoret, når det gjaldt kornforsyningen og dermed oppkjøp og omsetning av fisk og kontrollen over nordlandshandelen.»<sup>147</sup> Herstad står derfor som ein fagleg bakgrunn når me skal sjå på DNK i eit vidare politisk perspektiv.

Næringspolitikken i tidleg moderne tid, i alle fall i Danmark-Noreg, var særmerkt av heilstatspolitikken – som ideologisk fundament for merkantilismen som politisk praksis. Heilstaten som term kan ha ulik tyding i den danske og den norske historiske diskursen. Den danske historiestudenten Jens Degn fekk i 1999 publisert debattinnlegget «Hvad er helstaten?» i tidsskriftet *Fortid og nutid*, der han etter ein gjennomgang av omgrepet i bruk, konkluderer standhaftig: «Der kan derfor ikke være tvivl om at begrebet [heilstaten] er opstået 1848 i en specifik politisk sammenhæng, som ikke eksisterede før. Derfor er det anakronistisk og misvisende at anvende helstat om Danmark-Norge i det 18. århundrede.»<sup>148</sup> Altså må omgrepet nyttast om den danske heilstaten Danmark-Hertugdømmerne 1848-1864. John Herstad at han er klar over tydinga Degn hegner om, men at «Norske historikere annekterte heilstatsbetegnelsen og gav begrepet helstat et nytt innhold. [...] Helt fra starten kom det nye heilstatsbegrepet til å romme alt det man ikke likte ved dansk politikk i Norge, og særlig kom det til å dekke merkantilistisk og eneveldig politikk [...]» Herstad nyttar sjølv omgrepet snevrare: «som uttrykk for politiske handlinger og resonnementer som anvendes av statsledelsen for å sikre den oldenborgske statsdannelsens territoriale utstrekning.»<sup>149</sup> Samstundes skriv han at heilstaten eigentleg ikkje treng definerast, fordi termen har gått inn i den gjengse danske og norske fagterminologien dei siste hundre åra.

Såleis kan me spørja oss kva føremålet med privilegerte handelskompani og andre former for statleg støtta handelsverksemd kan ha vore for dei dansk-norske myndigheitene. Her finst det ikkje eit enkelt svar, men me kan gjera oss nokre tankar. Det mest fundamentale målet, må i grunnen ha vore å sikra eiga makt gjennom å auka eigen økonomiske styrke. Ved å styrka rikdomen til eigne undersåttar, kunne kongen auka skattegrunnlaget. Det er heller

---

<sup>147</sup> Herstad 2000: 37

<sup>148</sup> Degn 1999: 225

<sup>149</sup> Herstad 2000: 348



ikkje så sjå bort frå at kongen hadde plikt til å sikra forsyninga til undersåttane, etter beste evne.

#### 4.1.2 Kontor og kompani

Av verkemiddela innan ein merkantilistisk økonomi, var handelskompani. I det vidare skal eg undersøka om det er mogleg å sjå på Det norske Kontor som eit handelskompani. Det første det er naudsynt å gjera i dette sambandet, er å definera skiljet mellom *kontor* og *faktori*. Den franske økonomihistorikaren Philippe Dollinger hevdar at *kontoret* var ein samanslutning av tyske kjøpmenn i utlandet, som utgjorde beryjelken i den hanseatiske handelen. Det var fleire slike samanslutningar i Europa, men fire av dei var grunnleggande for resten av hansaskipnaden – kontora i Novgorod, Bergen, London and Brügge.<sup>150</sup> *Kontor* blir med andre ord forstått som desse fire byane – utelukkande. Med *kontor* legg me òg til grunn den interne domsmakta det hadde, altså ikkje berre at dei sat med ein intern jurisdiksjon som blei tatt til vernettinget, men ei intern dømmende makt. *Faktori* blir nytta som term på alle andre handelsstasjonar, så som dei tømmerbaserte faktoria i Tønsberg og Oslo. Desse er skildra som mindre på alle måtar. Grethe Authén Blom skriv at det var flest kjøpmenn frå Rostock på Austlandet – men at «Die Rostocker, die Oslo, Tønsberg und Viken besuchten, waren nicht wirkliche Großkaufleuten.»<sup>151</sup> Ho skildrar òg desse faktoria som mindre viktige for den lokale folkesetnaden. Dollinger hevdar at det faktisk kan ha vore tale om i alt fleire enn 180 stadar knytt til hansaen, rekna frå kontora til små handelspostar.<sup>152</sup> I si skildring av Det hanseatiske Kontor, går Dollinger så langt som å kalla det «The German colony in Bergen».<sup>153</sup> Til denne skildringa må me hugsa at Dollinger uttalar seg om seinmellomalderen. Summen av alle desse skildringane kan me forstå som at faktoria var vesentleg mindre enn dei fire kontora – på alle måtar.

Når me når forstår kva eit *kontor* var, vil det vera til nytte å sjå nærare på handelskompania. Kva var føremålet eller funksjonen til handelskompani, særleg som del av merkantilistisk politikk? For å svara på dette må me freista å finna felles trekk for kompania. Bortsett frå at skipings- og driftsomkostningane blei finansierte ved aksjonærinnskot (det er

---

<sup>150</sup> Dollinger 1970: 98

<sup>151</sup> Blom 1973: 162

<sup>152</sup> Dollinger 1970: 88

<sup>153</sup> Dollinger 1970: 101 (Dette er vel å merka frå den engelske omsetjinga, men Dollinger nyttar sjølv ordet «Kolonie»)

denne finansielle dimensjonen ein oftast legg vekt på ved eit kompani), vil ei samanfating av dei konstitusjonelle trekka til kompania, slik den danske historikaren Ole Feldbæk ser det, dreia seg om at dei var oppretta spesielt, men likevel ikkje eksklusivt, for å driva handel over ei lang, oftast spesifisert, tid – oftast innan eit klart spesifisert aksjonsområde. Når det gjaldt aksjonæranne, aksepterte dei at innskotet var bindande, men med lovnad om ein del av utbyttet. Rettsgrunnlaget for dei dansk-norske kompania, var i alle tilfelle kongelege oktrojar eller konsesjonar, der plikter, rettar og varigheit var spesifisert.<sup>154</sup> I tillegg til denne forståinga av kompani, fanst det òg ei eldre kompaniform, kalla «regulated company» – der kjøpmennene opererte forholdsvis sjølvstendig innan rammene til oktrojen.<sup>155</sup> Feldbæk at *kompani* blei nytta flittig i tidleg moderne tid, og at typen kompani det her er tale om er *handelskompani*.

I så måte er det interessant at me finn denne nemninga i kjeldene. Til dømes i *responsio* til eit brev datert 9. mai 1754 der «Samtlige Kiøbmænd og Handelsforvaltere paa det Tydske Contoir her i Staden, have behaget og forgodt befiunden, at udvælge os [Hinich Pegelau, Ditrich Schlömer og Johann Hammecken] som Formænd for dem paa Contoiret i forefaldende affairer og til fælles Negotie og nytte [...]» blir eininga medlemmane utgjerd, konsekvent omtala som *compagniet*: «men til stoere udgiffter maa heele Compagniet blive Tilvarslet, da Sagen per plurima vota, bliver afgjort»; «og skulde Sagen være af den beskaffenhed at udgiffterne ey for heele Compagniet Kunde blive bekiendt gjort».<sup>156</sup> At *compagnie* blei nytta her, må ikkje stå som eit prov. Ofte blei det nok forveksla, og (*handels*)*societet* var òg vanleg. Ordbok over Ludvig Holbergs vokabular syner dømet «Der var udi Norden paa de Tiider oprettede adskillige Societeter eller Laug, kaldne Gilder».<sup>157</sup> Dersom me tar høgde for Holbergs døme, blir det klart at ordet må tolkast som eit fast gruppe, eit lag. Denne inkonsekvente bruken av *compagnie* er interessant å merka seg.

Når det gjeld kongens formål med skipinga av kompania, har i grunnen Feldbæk samanfatta det med at det overordna politiske målet til statsmakta, var å styrka staten gjennom ei styrking av samfunnets økonomi og dermed skatteevna. Av statens viktigaste delmål var ei auka sysselsetting, ei høg grad av sjølvberging og ein positiv handels- og betalingsbalanse

---

<sup>154</sup> Feldbæk 1986: 10f

<sup>155</sup> Feldbæk 1986: 16

<sup>156</sup> BBA A-0585 B:1 fol. 10a-11a

<sup>157</sup> Holbergordbog:

[https://holbergordbog.dk/ordbog?aselect=Societet&query=sosietet&first\\_id=27923&last\\_id=27962](https://holbergordbog.dk/ordbog?aselect=Societet&query=sosietet&first_id=27923&last_id=27962) [Lese: 18.09.18]

andsynes utlandet. Når det gjaldt ein oversjøisk handel, hadde handelskompania – både dei utanlandske og dei som segla under dansk flag – demonstrert at dei var velegna reiskapar for ein slik politikk. Til den politisk viktige seglinga på dei nordatlantiske statsdelane, var statsmakta vel vetande om at handelskompania òg her var velegna og kontrollerbare reiskapar.<sup>158</sup> Dette heng heilt i hop med den merkantilistiske statspolitikken kongen førte, som på tidleg 1700-tal dreia seg om gunstig handelsbalanse og overskot som skulle bli oppnådd gjennom reguleringar av eksport og import. Særleg er privilegiepolitikken verdt å trekka fram, fordi det gav kongen kontroll over næringsverksemdar.<sup>159</sup> Det er eit klart sams trekk mellom privilegium, monopol og oktrojer, så å setta handelskompania inn i ein merkantilistisk, heilstatspolitisk kontekst, er ikkje kontroversielt.

Me veit altså DNK var fundamentalt ulikt eit handelskompani, av di det ikkje var økonomisk finansiert med innskot eller hadde tidsavgrensa privilegia på ein spesifikk handel. Ei rein jamføring er såleis ikkje interessant, all den tid svaret er gitt på førehand. Men la oss likevel sjå nærare på oktroja for nokre handelskompani, med det mål for auget å finna likskapar med DNK. I «Oktroy for det Kongelige Almindelige Handels-Compagnie udi 40 aar Fr 5te»<sup>160</sup> av 4. september 1747,<sup>161</sup> blir det klargjort at det var ønska at det på dei stadar der det lét seg gjera, blei oppretta kontor og faktoria, særleg for fiskehandelens fremje, og at kongen ønska at det allmenne handelskompaniet skulle driva handel frå København på alle stadar og med alle slags varer som måtte gje fortjeneste. Dersom me ser til «Oktroy for det Bergenske Grønlandske Compagnie» av 5. februar 1723, finn me snart ein likskap med DNK: I oktrojens artikkel 11, blir det fastsett at kompaniet skulle ha sin eigen domstol for interne saker, der

*de beskikkede [utvalde dommarane] have magt efter vores Allernaadigst udgangne Lov og Forordninger samt de Compagniet givne og af Os Allernaadigst Confirmerede articler at kiende og domme udi alle Sager, og efter beskaffenhed Lade straffe ald foreseeelse, som skeer i landet, og lige saa inden Skibs borde, saa lenge at Skibene Continuerer i landet, undtagen udi Ære og livs Sager, thi naar derpaa udi Landet er*

---

<sup>158</sup> Feldbæk 1986: 16f

<sup>159</sup> Moseng et al. 2003: 334f

<sup>160</sup> Feldbæk 1986: 691

<sup>161</sup> I følge Schou blei det allmenne handelskompaniet kjøpt tilbake frå aksjonærane av kongen etter berre 27 år, utan at det blir nemnt noko om kvifor. Sjå Schou IV: 66

*dømt, ska de skyldige under Fængsel og god bevaring sendes med første Leilighed til Bergen til videre Indstevning for Companie Retten.*<sup>162</sup>

Feldbæk opplyser at dei «confirmerede articler», altså *Grønlandsk Kompagnis skipbsartikler 5. februar 1723 (Bibliotheca Danica III, ps. 643)*, aldri blei vedtekne: kompaniet gjekk nemleg i oppløysing i 1726 fordi det var ein økonomisk fiasko. Elles kan me òg sjå at kompaniet skulle ha vide fullmakter. Berre ved det me kan karakterisera som alvorlege saker, skulle delinkventen bringast til Bergen, for der å bli stilt for retten – og sjølv der var det ikkje vernetinget som skulle dømma, men kompaniretten. Til dette kjem ein markant likskap mellom handelskompania og DNK: Almindeligt handelskompagni, ved oktroj av 1747, får i artikkel 1 rett til å oppretta eit internt reglement, som skal vera like gjeldande som om det var kongen sjølv som hadde vedteke det.<sup>163</sup> Denne retten både til ein intern førsteinstans domstol, samt retten til å vedta intern jurisdiksjon finn me klart att hjå Det norske Kontor.

Ein annan likskap mellom DNK og kompania, var at dei fekk utdelt privilegium. I oktroj for det grønlandske handelskompani, artikkel 5, blir det forbode for alle «som ikke er udi Compagniet interesseret» å gå nærare Grønland enn 4 mil, rekna frå dei yste holmane – handel er såleis utelukka.<sup>164</sup> I oktrojens artikkel 7 blir alle som tener kompaniet i sju år, fritekne frå all framtidig militærtjeneste, samt personskatt dei neste 6 åra og borgarplikter dei neste 10 åra. Angående tollen, blir det grønlandske handelskompaniet fritatt denne i oktrojens artikkel 2. Desse privilegia set både mannskapet i ein gunstig situasjon og gir kompaniet rett til monopolhandel på Grønland. I oktroj for det islandske handelskompani, artikkel 5, gjekk kongen lengre med sine privilegium, og gav rett til å «nyde fri indførsel, for Told Consumption og ald anden besvær» for manufakturvarer som måtte fraktast til Island, samt for ei rekke andre matvarer, kolonialvarer og salt.<sup>165</sup> Det er mogleg å forstå desse vedtektene som eit uttrykk for styresmaktene sitt ønske om at handelen skulle lukkast – men det fungerte berre for det islandske.<sup>166</sup> Likevel blei grønlandske handelskompani ein økonomisk fiasko, og varte berre fram til 1726. Sett med moderne auge, kan det synast pussig at ei

---

<sup>162</sup> Feldbæk 1986: 541

<sup>163</sup> Feldbæk 1986: 692

<sup>164</sup> Denne artikkelen blei vidareført etter at kompaniet blei ført over til København frå Bergen i 1729

<sup>165</sup> Feldbæk 1986: 546

<sup>166</sup> Feldbæk 1986: 559

handelsverksemd skulle finansierast ved sal av lodd, jamfør reskript av 5. februar 1723.<sup>167</sup> Det viste seg etter første år i drift at inntektene frå handelen var på dryge 1100 rdl., medan utgiftene hadde bikka 14 000 rdl. Sjølv med lotteriinntektene (som slett ikkje hadde gått så godt som venta) og andre tilskot, var underskotet på 1000 rdl.<sup>168</sup>

Desse trekka speglar ei viss likskap mellom dei to måtane å organisera handel på, sjølv om ikkje DNK og handelskompania samsvara heilt. Ein vidare dimensjon får me viss me legg til at det fanst likskapar mellom organiseringa til DNK og laugsverksemd, særleg den faglege utdanningsfunksjonen ved lauga. DNK stod for utdanninga av folka sine, samt sertifiseringa (eksamineringa) av desse. Tanken om eit handelskontor som eit laug kjem òg fram i kjeldene. Stiftamtmann Cicignon omtala vedtektene for DHK for «deris Laugs Articler».<sup>169</sup> Dette er ikkje eit prov på noko, men viser at tanken på at DNK var noko meir, eller anna, enn *kontor*, slik me kjenner det frå hansaens stordomstid, korkje er eller var fjern.

Sjølv om det er nokså avgrensa kor mykje kjennskap me har fått til handelskompania gjennom denne korte utgreiinga, veit me no at samanlikna med DNK, var det eit langt større fokus på økonomi og handel i oktrojar – faktisk liknar desse dokumenta meir på privilegia hansabyane fekk på slutten av 1600-talet.<sup>170</sup> Likevel vil det ikkje vera dristig å hevda at DNK til ei viss grad kan likna handelskompania, og at dei såleis kan settast i samband med kvarandre. Felles for dei var at dei hadde intern jurisdiksjon og domsmakt, sjølv om denne var av ulikt omfang. Dei hadde òg felles at dei var ei organisering av kjøpmenn som hadde felles handelsmessige mål. Særleg med tanke på den eldre kompaniforma, «regulated company» liknar DNK eit handelskompani. Eg ser ikkje bort frå at DNK fekk *kontornamnet* sitt dels fordi det var tradert i talemålet, og at det såleis hang attende. Sjølv om det etter mitt syn ville vore delvis feilaktig å kalla DNK eit kompani, av di det ikkje var regulert som eit handelskompania (med tanke på finansiering og tidsavgrensa monopol), er det ikkje utenkeleg at det kunne fått ein slik nemning – noko òg dei samtidige kjeldene vitnar om.

---

<sup>167</sup> Wessel-Berg I: 460

<sup>168</sup> Solberg 1917: 37

<sup>169</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, Supplikprotokoller (1736-1756), pk. 33: Suplik Protokol C, 1745-1756 – nr. 137

<sup>170</sup> Sjø t.d. privilegia for Lübeck av 30. april 1673 (Wessel-Berg I: 89ff)

## 4.2 Handelspolitikk

Når me i det førre har konkludert med at særleg handelskompania, og kanskje òg DNK, blei skipa i ei merkantilistisk ånd, med heilstaten som baktanke, fører dette oss vidare til vårt neste spørsmål. Det blir spekulativt, men i det neste skal me sjå på om det er mogleg å forstå Kontoret som brikke i mellomstatleg politikk på Kontinentet. Kan skipinga av DNK, men òg kompania, settast i samband med eit ønske om å fremja dansk-norsk torskeeksport på den europeiske marknaden i konkurranse med England, særleg med tanke på at England etter freden i Utrecht av 1713 blei den store eksportøren av torsk frå Newfoundland til den europeiske marknaden?

Den engelske (frå 1707 (Act of Union): britiske) dominansen over den Nord-Atlantiske fiskehandelen tok for alvor til etter at Dei sameinte Nederlanda vaks i nordsjøhandelen då dei hadde sagt seg sjølvstendige frå Spania i 1581. Harold Innis meiner den nederlandske dominansen førte til framveksten av den engelske trekanthandelen England – Newfoundland – Middelhavet (Spania). Ein handel som i sin tur la grunnlaget for ein nærast industriell vekst i fisket og med det utviklinga av ein merkantilistisk politikk. Torsken frå Newfoundland blei såleis middelet England, gjennom Spania, fekk sin rikdom frå Den nye Verda gjennom.<sup>171</sup> Sjølv om England dominerte på Nord-Atlanteren, kan me ikkje avskriva det franske fiskeriet der. Det var altså ikkje før ved fredstraktaten i Utrecht av 1713, som var fredsavtalane etter den spanske arvefølgekrigen (1701-1713), at Storbritannia i praksis fekk monopol på fiskebankane utanfor Newfoundland. Etter fredstraktaten måtte Frankrike avstå Acadia, Newfoundland og Hudson bay-distriktet (Rupert's land) til Storbritannia og godtok såleis britisk suverenitet over desse områda. Sjølv fekk Frankrike driva og tilverka fiske, men i spesifiserte område, og det var berre tillate å halda små bygg, naudsynte til tilverkinga, som i praksis gjorde det vanskeleg å driva ordentleg fiske der.<sup>172</sup> Innis opplyser med det same, at britar overtok *Asiento de negros*-monopolet frå Frankrike i 1713, som gav rett til å forsyna dei spanske koloniane i Amerika med 4800 afrikanske slavar i året – ein enormt verdifull rett.


Om det er grunn til å setta denne overtakinga i beinveges samband med den norske fiskeeksporten, er slett ikkje sikkert. Det er heilt naudsynt å hugsa på at den torsken franskmennene og britane handla med, mellom anna grunna klima i tilverkingsområda, var

---

<sup>171</sup> Innis 1954: 52

<sup>172</sup> Innis 1954: 138

salta og tørka fisk – klippfisk. Den store eksportvara frå Bergen var tørrfisk, som treng særskilde klimatiske tilhøve for å tilverkast (les: Nord-Noreg og Island). Marknaden for tørrfisk og klippfisk var ulik, sjølv om me i følge Fossen ikkje kan veta dette sikkert før rundt 1750. I eksporttala han viser til for perioden 1755-57, har Frankrike og Flandern saman 1,5 % av den samla eksporten, eit tal Fossen kallar «ubetydelige».<sup>173</sup> Det er ingen grunn til å tru at eksporten var markant høgare 50 år tidlegare – tvert om. Den bergenske klippfiskeksporten, som altså var føretrekt sør på Kontinentet, kan me sjå på figuren til Fossen under. Eksporten var så liten at han ikkje er rekna med før 1732.



Figur 2: Eksport av klippfisk (i våger) frå Bergen, perioden 1732-1773. Utklipp frå Fossen 1979: 577

<sup>173</sup> Fossen 1979: 571, samt Tabell 1 s. 572

Atle Døssland kan opplysa at heller ikkje Jappe Ippes, som fekk monopol på klippfiskeksport i 1691 (basert i Lille-Fosen (frå 29. juni 1742: kjøpstaden Christiansund)<sup>174</sup>), eksporterte meir enn omlag 5500 våger<sup>175</sup> på det meste.<sup>176</sup> Det var med andre ord ikkje noko særleg klippfiskproduksjon å tala om frå Bergen før 1757. Heile eksporten av klippfisk druknar fullstendig, dersom me i tillegg samanliknar han med eksporten av tørrfisk i tilsvarende periode. I klippfiskens toppår, 1764, blei det eksportert 320 000 våger tørrfisk – som ikkje var spesielt godt jamført med toppåret 1761: 522 000 våger.<sup>177</sup> Den einaste måten den bergenske eksporten av tørrfisk kunne bli utkonkurrert av det nye, britiske herredømmet (i praksis, nærast monopol) på salta og tørka newfoundlandsk torsk på Atlanterhavet, var dersom tørrfiskmarknaden hadde endra seg til heller å ettersørja klippfisk.

Kompania og Kontoret kan altså neppe settast inn i ein kontekst der styrka britisk herredømme spelar ei viktig rolle, sjølv om det slett ikkje bør avskrivast heilt. Det er framleis mogleg å sjå på skipinga av desse handelsverksemdene som eit handelspolitisk grep. I det følgjande vil eg avskrive kompania; dei likna DNK til ei viss grad, men i følgjande kontekst var dei for ulike. John Herstad drøftar i si avhandling forholdet mellom kornlova og heilstatspolitikken. Eit premiss han gir tidleg, er at heilstatspolitikken ofte stod i kontrast til det økonomisk gunstige. «I sin form var kornloven av 1735 et klassisk eksempel på et kompromiss mellom det økonomisk ønskelige og det politisk mulige.»<sup>178</sup> I dette legg han at kornlova berre kunne gjelda for sentrale deler av kongeriket, fordi ein ut frå eit heilstatsperspektiv måtte unngå både å gjera forsyningssituasjonen vanskeleg for det nordanfjelske, samt å skapa grobotn for misnøye i Slesvig, men at eit importforbod òg for det nordanfjelske og Slesvig ville gitt eit økonomisk gunstig utfall i form av betre omsetjing og prisar for dei danske kornvarene og dermed sikra inntektene til godseigarane og følgjeleg skattegrunnlaget til staten.<sup>179</sup> Her blir DNK aktuelt, fordi me veit, frå tidlegare kapittel, at dei hanseatiske kjøpmennene igjennom sine privilegium, var plikta å forsyne Nordlanda – underforstått mellom anna med korn. Det blir ikkje nemnt noko i anordninga av 1754 om forsyning, det blir det heller ikkje i nokon av Bergens byprivilegium – heller ikkje for

---

<sup>174</sup> Wessel-Berg I: 829f

<sup>175</sup> Døssland opererer med tonn, men eg har rekna det om til våger for at det lettare skal kunna samanliknast med diagrammet til Fossen. 1 våg = 36 pund = 17,9 kg

<sup>176</sup> Døssland 2014: 515

<sup>177</sup> Tørrfiskeksport frå Bergen: For perioden 1650-1724, sjå Fossen 1979: 413; for perioden 1723-1773, sjå Fossen 1979: 571

<sup>178</sup> Herstad 2000: 123

<sup>179</sup> Herstad 2000: 123



Trondheims privilegium. Dette kjem nok av at privilegia til dei utanlandske byane (DHK) var bilaterale avtalar, der kongen både gav fridomar og kravde plikter attende. Kongen trong følgeleg ikkje å krevja slike plikter når han delte ut fridomar [privilegium] til eigne undersåttar, fordi han kunne rå over dei gjennom andre juridiske vedtekter.

Kongen let grensa for kornlova gå ved Åna-Sira, som i dag markerer skiljet mellom Rogaland og Vest-Agder, og avgrensa den heilstatlege forsyningsretten av Noreg berre til det sønnanfjelske. At han let importen av korn og forsyningar til det nordanfjelske koma frå utanlandske aktørar gjennom kjøpmenn i Bergen, Trondheim og dei andre nordanfjelske kjøpstadane, uthola til ei viss grad heilstatspolitikken. Årsaka til denne todelinga av riket, kan etter mine vurderingar koma av at behovet for importert korn i det nordanfjelske var større enn det danske bønder kunne produsera, i tillegg til at den danske marknaden for tørrfisk nok ikkje var stor nok til å gi avkastning for fiskarane. Dette er ein hypotese som kan la seg svara på ved eit seinare studium av det nordanfjelske kornforbruket kontra det danske overskotet av kornvarer, samt den norske tørrfiskproduksjonen kontra behovet for importert fisk i Danmark. Alt dette må følgeleg settast opp mot prisane på varene. Med hypotesen som blir presentert her, er det grunn til å sjå på Det norske Kontor som ei kontrollert eller naudsynt utholing av heilstaten. Sjølv om det blei gitt fordelar til kongens eigne undersåttar, var det livsviktig med import frå andre land for å sikra tilførsel av korn, salt og etterkvart kolonivarer.

## **4.3 Kontoret og nordlandshandelen**

Tidlegare i denne oppgåva er Kontora (både DNK og DHK) stort sett blitt sett *sørfrå*, altså som ein del av ein europeisk handel, der Nordsjøen var sentrum, Østersjøen og Middelhavet periferi – og etterkvart Atlanterhavet som Den nye verda. I det følgande delkapittelet, vil Kontoret bli sett i kontekst med nordlandshandelen og den (handels)økonomiske funksjonen Kontoret hadde.

### **4.3.1 Kontorets økonomiske funksjon**

Som det er kome fram i utgreiingane, særleg dei i kapittel 3, er det lite som tyder på at Det norske Kontor var eit organisert økonomisk fellesskap – til skilnad frå handelskompania. Kjøpmennene tilslutta Kontoret var ikkje formelt og juridisk samanslutta som kompani – eller aksjelag. Kvar kjøpmann representerte ei eiga, sjølvstendig økonomisk verksemd, noko som

naturlegvis ikkje hindra økonomisk samhandling mellom kjøpmennene. Skilnaden mellom ein eit organisert økonomisk fellesskap og ei organisering av økonomisk sjølvstendige kjøpmenn kan synast liten, kanskje særleg fordi DNK ikkje var ein homogen organisasjon, men likevel fastare og meir homogen enn den tidlegare hanseatiske organiseringa. Skiljet er likevel viktig fordi det vil vera med på å forklara noko av skilnaden mellom DNK og DHK. Sjølv om det ikkje blir nemnt noko om ein økonomisk funksjon i anordninga av 1754, er det ikkje sagt at det ikkje fanst økonomiske styringar. Den mest sentrale økonomiske funksjonen kjøpmennene ved Kontoret hadde, var priskuranten. Korleis blei priskuranten fastsett? Var det kjøpmennene i fellesskap som sette kuranten, eller låg denne funksjonen under Kontoret?

Byarkivar Arne Skivenes skildrar priskuranten som at han var «et konkurranseregulerende middel, en avtale kjøpmennene gjorde seg imellom.»<sup>180</sup> Allereie her forstår me at det neppe er tale om ei juridisk binande ordning, som me kan koma til å finna spor av i offisielle dokument. Vidare skriv Skivenes at «Det spesielle ved denne var at den regnet minimumspris for varene nordfra og maksimumspris for de varer man selv solgte. Systemet åpnet dermed for en viss rabattordning overfor gode kunder, men ikke for utnyttelse av gjeldsbåndet til å ta ublu priser.»<sup>181</sup> Korleis fungerte så denne prisregulerande ordninga, som etter Skivenes' ord, verna om den nordnorske debitoren og samstundes gav spelerom for kjøpmannen? Kva for rolle spela denne ordninga for DNK? Var han regulert, eller blei han nokon gong regulert? Kven sette kurranten; kven er personane som underteikna?

Det verker til at det finst lite forskning på den kontoriske priskuranten. I hovudsak er det Christian Koren Wiberg, Axel Coldevin og Alf Kiil som har arbeida med temaet.<sup>182</sup> Av desse er det Alf Kiil som har produsert den mest truverdige forskinga.<sup>183</sup> Felles er semja om at det såkalla *kontoriske programmet* av 4. april 1739 markerer starten for ei kontinuerande fastsetjing av priskuranten. Axel Coldevin hevdar likevel at priskuranten ikkje er bevart for tida før 1815, men at ein slik kurant heilt sikkert fann stad, kanskje heilt attende til før Odenseresessen av 1560.<sup>184</sup> Eit prov på at ein slik priskurant eksisterte og at han blei følgd

---

<sup>180</sup> Skivenes 2003: <https://www.bergenbyarkiv.no/oppslagsverket/2003/10/24/priskurant/> [Lese: 11.03.2019]

<sup>181</sup> Skivenes 2003: <https://www.bergenbyarkiv.no/oppslagsverket/2003/10/24/priskurant/> [Lese: 11.03.2019]

<sup>182</sup> Koren Wiberg 1932: 224-232.

<sup>182</sup> Coldevin 1938: 145-155

<sup>182</sup> Kiil 1993: 214-221

<sup>183</sup> Først og fremst fordi Koren Wiberg ikkje held tritt med dagens vitenskaplege standard med tanke på kjeldekritikk og referansar, medan Kiil har ført nøyaktige referansar til riksarkivet. Arbeidet til Coldevin er enklare å følga, men det har likskapar med det til Koren Wiberg når det gjeld mogleg etterprøving.

<sup>184</sup> Coldevin 1938: 150

konsekvent, er i følge Coldevin, at det mellom 1700 og 1880 ikkje finst eit einaste døme på prissamanbrot i løpet av stemnetida, ei hending ein elles kunne venta ville ha påverka marknaden.<sup>185</sup> Både Kiil og Koren Wiberg har ført inn det som nok er eigne omsetjingar av programmet. Sjølv om dei ikkje er like, er dei likevel til stor hjelp, for det har vist seg vanskeleg å finna i arkiva.<sup>186</sup> Det interessante er at Koren Wiberg òg har med det som skal vera den første kuranten etter programmet av 1739. Sikrare veit me derimot at den siste kuranten blei sett i 1880.<sup>187</sup>

Koren Wiberg set danninga av programmet i samband med ønske om å ordna tilhøvet på Bryggen, og knyter programmet tett opp til den felles gardsretten av 1734 – som han gir handelsforvaltaren Johan Hinrich Bollmann æra for. Koren Wiberg ser programmet som resultat av den kontoriske politikken til Bollmann, som mellom anna gjekk ut på «at det skulde indføres enhetspriser paa ind- og utgaaende nordlandsvarer, hvad der vilde skape mere fasthet paa markedet og hindre uregelmæssigheder. Dette forslag blev grundlaget for den saakaldte ‘Courant’[...]»<sup>188</sup> Han peiker med andre ord på programmet (og dermed kuranten) som eit disiplinærtiltak. Innfallsvinkelen til Kiil er heilt annleis, men kanskje er ikkje hans forklaring så ulik. Kiil set programmet i samband med at det etter privilegiehandlen Bergen hadde hatt på Finnmarken (1715-1728), hadde skjedd eit forfall i fiskehandelen, både med tanke på kvaliteten på fiskevarene – som var blitt så dårleg at han truga byens ry – og med tanke på prisen – det blei gitt mange gonger meir for ei våg fisk enn kva marknaden tilsa.<sup>189</sup> I grunnen kan ein seia at begge forklarar programmet med eit behov for å ordna nordlandshandelen, sjølv om Koren Wiberg er meir opptatt at den slette disiplinen.

Attgjevinga av programmet til Kiil og Koren Wiberg er slett ikkje like i ordlyden, men dersom me nyttar dei i lag, kan me danna oss eit bilde av korleis programmet såg ut. Sams for dei to, er det at artikkel 3 slår fast at det skulle bli vedtatt ein felles pris (Koren Wiberg: «Saa ofte som konjunktorene fordret det, om sommeren eller ved vintertid [...]»<sup>190</sup>. Kiil: «Hver sommer og især ved stevnetider [...]»<sup>191</sup> (såleis er Kiil i tråd med Coldevin)<sup>192</sup>). Dei er samde

---

<sup>185</sup> Han hevdar dette, sjølv om han skriv at «Skjønt kuranten var en prisavtale, blev den bare delvis fulgt» (Coldevin 1938: 147)

<sup>186</sup> Kiil 1993: 214ff

<sup>187</sup> Coldevin 1938: 152

<sup>188</sup> Koren Wiberg 1932: 227

<sup>189</sup> Kiil 1993: 215

<sup>190</sup> Koren Wiberg 1932: 228

<sup>191</sup> Kiil 1993: 215

<sup>192</sup> Coldevin 1938: 146

om at det var de hanseatiske<sup>193</sup>/kontorske<sup>194</sup> Vorwesere som skulle samlast for å setta kuranten. Dette kan stadfestast ved å undersøka priskuranten, så som dømet under:

**Preis Courant over ind og udgaaende Varer fra Nordlandene, i 1<sup>ste</sup> Stevne 1860.**

Indkommende Varer.		1 <sup>ste</sup> Stevne 1860.		Udgaaende Varer.	
		Apul. Ort.	Stall.		
Blank Tran		10	2	12	
Ditto Ditto	pr. Hænde		22		
Brunn Blank Tran	pr. Tø	12			
Ditto Ditto	pr. Hænde		21		
Brunn Tran	pr. Tø	11	2	12	
Ditto Ditto	pr. Hænde		20		
Reogn	pr. Tø	5	2	12	
Faldet Tranke	pr. Hæ.				
Randfisk	pr. Væg	1		12	
Spæde og Hest Randfisk		3		12	
Mager og Ulskud		2		18	
Filling		4		18	
Hjser		2			
Ruede Brømmer		2			
Rødekeir og Sjøgager		4			
Mager og Ulskud		3			
Stor Sej		2			
Ulskud Ditto		3	12		
Middel Sej		1	18		
Smaae Sej (Guldørret)		2	18		
Smaae Sej (Bergørret)		1	12		
Rund Smaae Sej		1	6		
Longer		4			
Frisne Ditto		3			
Ulskud Ditto		2			
Sjæffisk 1 <sup>ste</sup> Sort					
Talg	pr. Mf				
Bukkehorn	pr. V		16		
Mindre Ditto			8		
Rørshorn	pr. Væg	1	12		
Næver		1	6		
Rung Meel	pr. Tø				
Byg Meel					
Kvæg					
Byg					
Malt					
Kavre					
Bygn	pr. Hæppes				
Erter					
Middelkorns Salt	pr. Tø				
S. Vlas Ditto					
Fransk Ditto	pr. Hæppes				
Neubrandevin					
Ditto Ditto	pr. Hænde				
Fransk Brandevin					
Rom					
Kamp	pr. Væg				
Ditto	pr. Møb.				6 3/4
Græse Lun					
Forak	pr. Væg				
Ditto	pr. Møb.				22
Ege Andler	pr. Tø				
Ege Halvtønder		1	3		
Furue Andler					
Furue Halvtønder		4		6	
Fordinger		2		12	
Ege Ambere		1		16	
Ege Halvambere					
Trapper					
Konstgarns Træad	pr. Møb.				14
Træler	pr. Møb.				16
Træler	pr. Dueser				7 3/4
Klavordug	pr. Møb.				18
Limbørred					15
Stygelørred					15
Kvætt Vadmæl					10
Frætt Vadmæl					12
Kælk med Træe	pr. Tø				12
Gæsthaal, blæske					8 1/2
v. møde					6

Bergen: Forhænder Maest for det kongl. Haandelskontor O. J. Jørgensen  
1860.

Jørgen Maest, Jan. Westberg, Johaan Martens  
P. H. von Tangen

Figur 3: BBA A0585 Rd/L0001. Priskurant, 1. stemne 1860

<sup>193</sup> Koren Wiberg

<sup>194</sup> Kiil

Kuranten er signert «Bergen: Forstanderskabet for det tyske Handelscontor d. 1. Juni 1860». Underskriftene er vanskelege å tyda, men det kan sjå ut som Jørgen B. Faye (oldermann), Jacob Wesenberg, Johan C. Martens og Petter von Tangen. Desse namna stemmer over eins med personallistene Koren Wiberg har ført.<sup>195</sup> Det var altså leiarane på Kontoret, først sekretæren og achteinane for DHK, seinare oldermannen og forstandarane for DNK, i lag med eit utval kjøpmenn, som sette kuranten.

Ut frå det me no veit om kuranten, er det grunnlag for å hevda at kuranten skulle ordna prisane på nordlandsvarene slik at dei ikkje skulle koma ut or kontroll. Coldevin hevdar at det ser ut til at kuranten fungerte som minstepris, svarande detaljhandelen – ved en gros-handel kunne prisen med andre ord ligga litt under.<sup>196</sup> Årsaka til at me finn så lite om kuranten i arkiva, kan vera eit indisium på kva rolla kuranten spela. Kiil trekker inn den samtidige diskursen, der somme peika på at å setta ein priskurant, var brot på forordninga av 5. februar 1685, artikkel 12. Det gjekk så til, at Rentekammeret 25. mai 1743 gav ordre om å oppheva programmet.<sup>197</sup> Seinare blei det gjort fleire forsøk på å få ei juridisk ramme rundt prisfastsetjinga, men det var mislukka. I arbeidet med fiskeriforordninga for det nordafjelske av 12. september 1753 blei det fremja forslag, men dette gjekk ikkje gjennom.<sup>198</sup> Kiil konkluderer med at det nok blei halde fram med ei fastsetjing av kuranten i det løynde, og at det er denne løyndomen som er årsaka til fråværet i arkivmaterialet.<sup>199</sup> Denne konklusjonen stiller eg meg bak. Ein annan måte å uttala dette på, er at fastsetjinga av priskuranten gjekk inn som sedvane ved Kontoret, sjølv om ordninga ikkje hadde juridisk vern.

### 4.3.2 Gjeldsforhandlingar om nordlandshandelen

Då Det norske Kontor blei skipa i 1754, eksisterte dei det ein tradisjon, ei regulerande ordning, i beste velgåande på Bryggen. *Nordlandgjelda* var oppstått i alle fall på 1300-talet, då Alf Kiil skriv at Lybske kjøpmenn hadde 300 000 lybske mark uteståande på Nordland.<sup>200</sup> Ordninga oppstod i følge Arnved Nedkvitne, fordi «Inntektene fra torskefisket varierte betydelig fra år om annet. I stedet for å ha penger på kistebunnen, utgjevnet fiskerne forskjellen mellom gode og dårlige fiskeår gjennom en fast konto med mulighet for kreditt

---

<sup>195</sup> Koren Wiberg 1899: 277f

<sup>196</sup> Coldevin 1938: 173

<sup>197</sup> Kiil 1993: 217 (Fotnote 7: «Se [DRA] note 4. R[ente]k[ammeret] kopibok K (1742-44) s. 228-30»)

<sup>198</sup> Sjø Schou IV: 331 for forordninga.

<sup>199</sup> Kiil 1993: 221

<sup>200</sup> Kiil 1940: 30

hos en kjøpmann.»<sup>201</sup> Stilisert, kan me seia at fiskaren på denne måten enda som debitor, der kjøpmannen i Bergen var kreditor. I realiteten er bildet langt meir komplisert,<sup>202</sup> etterkvart utvikla systemet seg til fleire typar mellommenn – jekteskipperar, kremmarar og knapar, alle med ulike gjeldsband – men i all enkelheit, sat det ein kjøpmann og ein fiskar i kvar ende av gjeldskjeda. Kreditoren i Bergen hadde nok sjeldan vilje til å sletta gjeld, så det enda ofte med at gjeld gjekk i arv gjennom generasjonar – frå far til son. Dette gjeldsforholdet er mykje diskutert, og Alf Kiil er av dei som er kvassast med sine påstandar om at kjøpmannen utbytta skuldmannen sin; ein kunne venta at utreiaren fekk nesten uavgrensa makt over sine skuldmenn, ei makt han forstod å gjera seg nytta av.<sup>203</sup>

Å setta DNK i direkte samband med nordlandsgjelda er ikkje mogleg. Me har i kapittel 3, slått fast at anordninga av 1754, ikkje tek særleg omsyn til handel. Å sjå skipinga av DNK som noko nytt for fiskaren i nord, er derfor å overdriva. Sannsynlegvis markerte det ingenting nytt. I så måte skal me særleg merka oss at det i anordningas kapittel 3, artikkel 17, blir presisert at ein skulle retta seg etter forordning av 12. september 1753. Denne er handsama fleire gonger tidlegare i oppgåva, men her er det kapittel 2, artikkel 3 me skal bita oss merke i. Denne seier at

*Ligesom ingen Nordlands eller anden udenbyes Mand skal være forbunden stedse at handle paa een og samme Handels-Stue eller med een og samme Kiøbmand, hans Efterkommere og Arvinger, uagtet han paa det Sted i mange Aar kan have handlet, saa mange og ingen saadan udenbyes Mand forlade dens Kiøbmand og det Sted, han har handlet paa, saa længe han er noget skyldig [...].*<sup>204</sup>

Vedtekta skiv seg inn i ei rekke lovbod som la eit juridisk vern for nordlandsgjelda. I forordning for kremmarane i Nordland av 7. august 1697, artikkel 2, blir kremmarane pålagte å føra varene sine til Bergen eller Trondheim.<sup>205</sup> For ein skuldmann å bytta kjøpmann før gjelda var oppgjort, blei òg forbode i forbetringa av Bergens privilegium av 29. april 1702, artikkel 3.<sup>206</sup> Som me forstår, hadde bandet mellom debitor og kreditor eit juridisk vern, som ved anordninga av 7. oktober 1754 blei stadfesta at skulle halda fram. Såleis er det ingen

---

<sup>201</sup> Nedkvitne 1988: 291

<sup>202</sup> Presentert grafisk i Holsen 1984: 18

<sup>203</sup> Kiil 1940: 88

<sup>204</sup> Wessel-Berg II: 340f

<sup>205</sup> Schou I: 736

<sup>206</sup> Wessel-Berg I: 290

grunn til å hevda at skipinga av DNK førte til noko anna enn å vidareføra det eksisterande kredittsystemet.

Etter skipinga i 1754, heldt det fram mest 60 år med juridisk vern av nordlandsgjelda. Den 20. oktober 1813<sup>207</sup> kom *Forordning angaaende Opgjørelse af Nordlandenes Indbyggerses Gjæld til Kjøbmændene i Bergen, samt den Nordlandske Handels Frigivelse i stand*.<sup>208</sup> I ingressen får me eit inntrykk av kva formålet med denne ordninga var:

*Da Vi have taget under Overveielse, hvorledes den monopoliske Handelsforbindelse, som efter den hidtil gjældende Lovgivning finder Sted mellem Indvaanerne i Nordlandene og Bergens Kjøbsæds Handlende udi Vort Rige Norge, forsaavidt hine ere gjeldbundne til disse, lægger Hindring i Veien for den Norlandske Handels Frihed, og er af skadelig Indflydelse paa denne Lands Opkomst, saa finde Vi Os allernaadigst bevæget til, med særdeles Hensyn til disse Vore Undersaatters Tarv, at anordne en Undersøgelse og Opgjørelse af Nordlændingernes Gjæld, saaledes at de derefter, uden Tvang, kunde afsætte deres Fiskevahre og Producter, hvor de selv maatte ansee det tjenligst.*

Som me forstår, ønska ikkje lenger myndigheita at den nedarva gjelda skulle leggja hinder på ein friare handel nordpå. Kva bakgrunnen for denne avgjersla er, kan me ikkje veta sikkert. Axel Coldevin omtalar arbeidet som ei reform inspirert av Adams Smiths *Wealth of nations*, der regjeringa mellom anna sette ned ein kommisjon for undersøka potensiale for liberalisering av ulike samfunnssektorar – så som den nordlandske handelen.<sup>209</sup> Forfattern av *Bergen bys historie, band 3: Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, Egil Ertresvaag, ser endinga i nordlandshandelen i samband med hungersnauda under Napoleonskrigane.<sup>210</sup> Såleis blei liberaliseringa av handelen eit verkemiddel for myndigheita for å løysa den prekære forsyningssituasjonen. Denne utviklinga kan settast i ein større samanheng, då Noreg opplevde ei aukande liberalisering av næringspolitikken heilt frå statsomveltinga i 1784.<sup>211</sup>

---

<sup>207</sup> Denne forordninga er det den som forvirrande nok er omtala som forordning av 20. oktober 1813 gjennom heile forskningslitteraturen. Dette kan me gå ut frå at kjem frå Jacob Henric Schou, som har datert forordninga til 20. oktober. Problemet oppstår ved at forordninga er attgjeve i tidsskriftet *Collegial-Tidende for Danmark*, 1813 – 16. årgang, nr. 48, der forordninga er «Givet på Vort Slot Frederiksberg, den **29de** October 1813». Det kan sjølvstund henda det er tale om at forordninga blei vedtatt 20. oktober og approbert 29., utan at dette kjem fram frå kjeldene eg har tilgjengeleg her. Viss det hadde vore tilfelle, er det desto pussigare at Schou ikkje nyttar approbasjonsdatoen.

<sup>208</sup> Monrad 1813: *Collegial-Tidende for Danmark og Norge*, 1813 – 16. årgang, nr. 48

<sup>209</sup> Coldevin 1938: 87

<sup>210</sup> Ertresvaag 1982: 25

<sup>211</sup> Dyrvik et al. 1979: 227ff

Rett nok fast det frå før av, einiskilde forsøk på å koma skuldmannen i møte. Eit slik forsøk finn me i forordning om avskaffing ulovlege pålegg av 5. februar 1685. Der blir det i artikkel 12 vedtatt «at ingen Borger maae herefter [urettmessig] bemægtige sig nogen Nordlands Varer».<sup>212</sup> Eit anna døme finn me i artikkelen som dels er sitert over, 12. september 1753 kapittel 2, artikkel 3, der det blir vedtatt at

*dog bør saadan Gield [d.e. nordlandsgjeld] ikke reise sig af andet, end hvad Kiøbmanden til udenbyes Mandens Nødvendighed af Fiskeredskab og Materialeier, Korn, Brændviin, Kramvarer og deslige fornødne Ting kan have forstrakt, og ikke af sterkt Øl, Vine eller andet saadant [...].*<sup>213</sup>

At nordlandsgjelda berre skulle gjelda for naudsynte varer, kan kanskje tolkast som uttrykk for dygdsfilosofien som prega pietismen. Korleis dette skulle etterlevast i praksis, var vanskeleg. Såleis ser me at det gjengs oppfatning at nordlandsgjelda måtte stå ved lag, men at ho måtte oppstå på rett grunnlag. Uansett var det i det minste eit forsøk på å verna om interessene til nordlendingen, sjølv om dette formålet ikkje blir nemnt.

Det ser altså ut som at ein i tidlegare lovgjevnad ønska å konservera dei tidlegare gjeldsbanda – altså dei regulerande, ordnande strukturane. Ikkje før ved moderniseringa og liberaliseringa i 1813, blei det ønska at desse gamle banda skulle brytast. Brått blei det ideologisk formålstenleg at nordlendingane skulle vera frie frå gjeld. Å tru at dette ønsket kom av sympati og nestekjærleik med den elendige stillinga dei gemene hop i Nordlanda stod i, er nok å tilskriva myndigheita ei medkjensle dei neppe hadde. Den mest sannsynlege forklaringa, var nok at tiltaket skulle vera fremjande for landsdelen, kanskje for bergensarane, samt for tvillingriket under eitt. Som konsekvens av dette: auka skatteevne.

## 4.4 Avslutning

Som det har kome fram, var det i på første halvdel av 1700-talet eit uttala mål å styrka Danmark-Noreg økonomisk internt. Dette blei gjort ved hjelp av å tildela privilegium og oktojer, slik at ein kunne stimulera handel innan riket. Det norske Kontor føya seg såleis ikkje inn under denne ideologien, fordi det oppmoda til handel med utlandet – særleg viss ein ser det opp mot situasjonen for korninnførselen for det sønnanfjelske. DNK er i kapittelet sett

---

<sup>212</sup> Schou I: 448

<sup>213</sup> Schou IV: 341



som del av den merkantilistiske handelspolitikken, og forsøksvis jamført det med handelskompania som var typiske for denne politikken. Det blei det tydeleg at DNK heilt klart hadde likskapar med kompania, men at dei òg skilde seg fundamentalt. Den største skilnaden var måten kompania var finansielt organisert på, altså som eit aksjeselskap. Det norske Kontor var heller ikkje regulert under ein tidsavgrensa oktroj, slik handelskompania gjerne var. Det norske Kontor kan altså ikkje bli sett på som eit handelskompani, men det hadde ein del likskapar med handelskompani som korporasjonsform.

Me har òg sett på skipinga av Det norske Kontor som del av europeisk, mellomstatleg politikk – meir spesifikt om Kontoret kunne settast i samband med konkurransen om torskeeksport til den europeiske markanden. Dette blei motprova på grunnlag av at det andre stadar enn i Noreg og Island blei produsert klippfisk, medan den norske klippfiskproduksjonen i 1754 framleis var beskjedne. I tillegg kom etterspurnaden etter dei ulike produkta, som gjorde at konkurransen eigentleg ikkje var reell.

Det siste momentet i dette kapittelet var den økonomiske funksjonen til Det norske Kontor. Den prisregulerande ordninga – kalla priskuranten – fungerte ved å setja ein fast pris på varene, slik at det ikkje skulle utvikla for låge prisar i tider med mykje fisk, men at kjøpmannen framleis kunne tilby særleg god pris, til dømes ved en gros. Denne ordninga blei halden i hevd av Det norske Kontor, der det var forstandarskapet og kjøpmennene som sette kuranten, men det er lite som tyder på at han var regulert juridisk. At ordninga var djupt tradert, ser me ved at han blei sett òg etter at Kontoret hadde mist sitt juridiske vern i 1866. I tillegg til å fastsetja prisen, førte DNK nordlandsgjelda vidare. Det er ingenting som tyder på at gjeldsordninga blei endra ved skipinga av eit norsk handelskontor – ordninga blei ikkje omkalfatra før i 1813, då handelen blei liberalisert og nordlandsgjelda skulle opphevast.

I det heile kan me seia at både skipinga av Det norske Kontor og verksemda i seg sjølv, kan settast inn i ein politisk kontekst. I utgangspunktet kunne det synast som at Kontoret spela rolle som ei brikke i ei spel mellom statsmaktene i Europa, men dette er til dels avvist.



## 5 Saksgangen fram mot 1754

Anordninga av 1754 blei underskriven 7. oktober på Christiansborg slott av Frederik VI. Fram mot denne kongelege godkjenninga, fanst ein fleire år lang prosess me kan kalla saksgangen. I det følgande kapitlet skal me sjå på anordninga av 1754 som eit sluttprodukt av saksgangen. Ei granskinga av kjeldematerialet vil fortelja oss korleis dei ulike myndigheitsinstansane vurderte stoda, og ikkje minst kva for argument som blei nytta av initiativtakarane for å overtyda styresmaktene i København om at ei endring var naudsynt.

Kva for aktørar var aktive i prosessen? Kva for motiv blei nemnde, altså kva for omsyn blei det argumentert for når Det norske Kontor skulle skipast? Dette er problemstillingar me kan stilla kjeldematerialet. Kjeldene som skal granskast i det følgande, er alle i hovudsak frå arkivet etter Det dansk-norske sekretariatet ved Kommercekollegiet hjå Rigsarkivet i København. Under dette arkivet er det stort sett journalar og supplikkprotokollar som har vore aktuelle for saksgangen. I tillegg blei det på kongeleg befaling skrive ein *stiftrelasjon*, altså ein tilstandsrapport for heile riket. Denne er av 1736, sjølv om innhaldet blei skrive i åra før. Det hadde vore òg mogleg å nytta til dømes arkivet etter Stiftamtmanden i Bergenhus ved Statsarkivet i Bergen, men i dette arkivet er det store lakuner,<sup>214</sup> så det er difor til lita nytta.

Til slutt kan det nemnast at denne granskinga er ei kort gransking, og at grunnlaget er stort nok til eit eige studium. Saksgangen som førte fram til anordninga av 1754, ser ut for å starta i 1750, og slik sett kan saksgangen avgrensast til 1750-54. Men saka hadde ein bakgrunn som strekte seg attende til eit initiativ frå tidleg 1730-tal.

### 5.1 Bakgrunn for saka

Det kan synast som at me kan spora saka tilbake til tida før stiftrelasjonen kom ut. Frå stiftrelasjonen, som skulle opplysa styresmaktene om ulike forhold i stifta, får me opplyst litt om den økonomiske stoda på tidleg 1730-tal. Informasjonen kom som svar i fire brev, sende til Stiftamtmanden (desse skulle så sendast vidare til København). I denne samanhengen var breva svar på den 4. av 8 postar kongen ønska svar på.<sup>215</sup> Tre av breva gjaldt det første, som

---

<sup>214</sup> Sjå kapittel 1.5, Metodiske problem

<sup>215</sup> Bendixen 1901: 4f

var ein memorial frå dei «finnmarkske interessenter», som må vera dei tre kjøpmennene som fekk oktroj på Finnmarken 29. mai 1729, leia av Jacob Severin,<sup>216</sup> Oluf Blach og Rasmus Stenberg. Dette brevet blei vurdert som mindre viktig då Bendixen transkriberte dei andre tre, og blei dermed forbigått.<sup>217</sup> Ei liknande vurdering er tilsynelatande gjort i stiftrelasjonsprotokollen, men her er det attgjeve poenga til kjøpmennene.<sup>218</sup> Det mest relevante i denne samanhengen, er at dei ønska at Nordland amt skulle regulerast om, slik at det kunne handsamast likt som Finnmarken, gjennom eit *project*. Slik kunne kjøpmennene få oktroj på Nordland (les: monopol). Dette forslaget, datert 28. februar 1733, er det første forslaget som kan koplast opp mot anordninga av 1754. Ved denne datoen var ideen om ei dansk-norsk regulering av nordlandshandelen manifestert, og i dei følgjande breva kom reaksjonen. At forslaget til Jacob Severin blei tatt så på alvor, må nok settast i samband med statusen hans som ein høgt verdsett og velrøynd handelsmann, med erfaring frå handel på både Island og Grønland, samt i den københavnske politikken.<sup>219</sup>

Forslaget blei ikkje anna enn avvist: Både svaret frå Magistraten, Dei eligerte menn og DHK, som alle kom i løpet av året 1733, er eintydige om at eit slikt forslag ville ruinert både dei tre københavnske kjøpmennene sjølv og alle andre som var knytte til fiskehandelen. Dei eligerte menn skreiv at forslaget heller ikkje ville vore mogleg å realisera.<sup>220</sup> Dei skildrar den elendige situasjonen som oppstod på Finnmarken etter oktrojen. Mellom anna fekk dei lokale berre  $\frac{2}{3}$  av prisen dei tidlegare hadde fått – tilsvarande blei det spådd at å leggja nordlandshandelen under finnmarkshandelen, ville ruinera både Nordland, Bergen og Trondheim.<sup>221</sup> Interessant er òg svaret frå dei kontoriske på Bryggen. Dei freistar å skjønsmala stoda i handelen, etter å ha blitt skuld for å setta nordlendingar i gjeld, styra halvdelen av nordlandshandelen og å betala dårleg for fisken. Det hanseatiske Kontor skreiv at «ingen fornuftig Kjøbmand vil have mange og store Debitorer og vil heller sælge sine Varer 1 og 2 prc. Under Markedspris kontant end sælge paa Credit til ordinære Priiser».<sup>222</sup>

---

<sup>216</sup> Dansk biografisk leksikon (1901) bd, 15, s. 547f. Sjå: <<http://runeberg.org/dbl/15/0549.html>>, for digitalisert faksimile.

<sup>217</sup> Bendixen 1902: 5 – eg vil for det meste referera til denne transkripsjonen, m.a. fordi han er lettare tilgjengeleg for lesaren, men òg fordi det er ei transkripsjon av dei faktiske breva, ikkje ei oppsummering, slik det kjem fram i protokollen. Innhaldet har eg krysskontrollert, og det er korrekt.

<sup>218</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, -/25: Danske og Norske Stiftrelationers Protokol, 1735-1736 – s. 325-330

<sup>219</sup> Dansk biografisk leksikon (1901) bd, 15, s. 547f. Sjå: <<http://runeberg.org/dbl/15/0549.html>>, for digitalisert faksimile.

<sup>220</sup> Bendixen 1902: 16

<sup>221</sup> Bendixen 1902: 20

<sup>222</sup> Bendixen 1902: 21

Dei kontoriske la til at gjelda hadde auka fordi dei gode fiskeåra hadde gjort at det var ført både gode og dårlege varer til Bergen, noko som hadde skada handelen. Dei la med andre ord skulda på marknadskreftene. Det kanskje mest påfallande, er at dei ikkje kritiserte forslaget om oktorj på Nordland direkte, men skreiv, som dømet over viser, at det ikkje var nokon å lasta for at stoda var slik ho var, og at dei var like godt i stand til å driva handelen som nokon andre. Det kan verka som at styresmaktene var samde med vurderinga i dei tre replikkane til forslaget om ein oktrojert handel på Nordlanda, i alle fall kom det ikkje til nokon beinveges reform av nordlandshandelen. Etter saka med stiftrelasjonane, tok saksgangen, sett frå vårt perspektiv, nokre år pause. Kanskje kom dette av at Severin ga opp nordlandshandelen, av di han same år fekk monopol på handelen på Grønland?<sup>223</sup>

Ei ny sak kom på bordet i 1743. Gjennom eit reskript av 22. mars 1743, ført i *Norske Tegnelser*,<sup>224</sup> og presist attgjeve av Hildebrand Meyer (1764),<sup>225</sup> blir det kjent ei klage frå sekretæren ved DHK, Anton Ulrich Winckelman. Han nyttar seg særleg av disiplinærproblemet: Tidlegare drakk dei ei halv tønne øl når ein dreng blei gesell, men denne tønna hadde blitt til fleire tønner, brennevin og tobakk, og folk rundt gjekk med tobakkspiper der hamp og andre brannfarlege materiale låg i opplag. Dette kom i tillegg til at dei som skulle gjera eit arbeid, slik som vakta, ikkje møtte opp. Han skildrar i det heile tatt ein ganske kaotisk situasjon. Han skriv òg at den felles gardsretten av 1734 ikkje hadde hjulpet stort, fordi folket på borgarstovene ikkje såg seg råka av denne jurisdiksjonen. Som løysing på problemet, kom Winckelman med sju artiklar, der essensen var oppsummert i artikkel 3: Dei «Domastique Sager som angik Borgernes Geseller eller Dreng, eller de Forseelser som af dennem bleve begaaede; skulle som de hidindtil har været brugeligt, fremdeeles af den Contoirske Ret eller af Byens Magistrat undersøges og afstraffes.»<sup>226</sup> Forslaga blei handsama av konstituert Stiftamtman, Etatsråd Jonas Lym, som i grunnen var samd med alle forslaga Winckelman kom med, bortsett frå å leggja alle på Bryggen, inkludert dei som tente ved borgarstover, under hanseatisk jurisdiksjon. Stiftamtmannen såg likevel at situasjonen i Bergen ikkje var god, og at noko måtte gjerast, både med tanke på fiskehandelen og disiplinen i byen. Det resulterte i to befalingar, som neppe kunne løysa særleg mange problem: 1) Alle

---

<sup>223</sup> Dansk biografisk leksikon (1901) bd, 15, s. 547f. Sjå: <<http://runeberg.org/dbl/15/0549.html>>, for digitalisert faksimile.

<sup>224</sup> RA, Danske Kanselli 1572-1799, F/Fc/Fca/Fcab/L0029: Norske tegnelser, 1741-1743, p. 728a-732b

<sup>225</sup> Meyer (ca. 1764) Original: BBA A-0527 Ia2. Transkribert av Knut Geelmuyden, ved Bergen byarkiv, 2016. p. 244-249

<sup>226</sup> Meyer (ca. 1764), pag. 246

måtte visa pass når dei kom eller fór frå byen; 2) Forstandarane ved DHK måtte møte på rådstova, så som alle andre myndigheiter i byen, for å få informasjon frå København. Meyers merknad til Winckelman er altseiande: «Man kan ikke andet end forundre sig over den Frekthed som denne Winckelman i dette fald udviiste ved sin Overhørigheid og Ulydighed imod disse Kongelige Befalinger».<sup>227</sup>

Det neste steget i saksgangen, er at det i 1749, etter tilråding frå ei utsending til det franske hoffet, Baron von Bernsdorph,<sup>228</sup> blei nedsett ein kommisjon, som skulle utbetra handelen med andre land, samt «Vahrenes Bonite, desten slette Virckning og Behandling, samt Fustagernes [d.e. tønne] urigtige Maal.»<sup>229</sup> Underleg nok blir det ikkje i førestillinga nemnt nokon av årsakene til opprettinga av kommisjonen, anna enn tilrådinga frå von Bernsdorph, sitert over. Resten av det me veit om arbeidet til kommisjonen, veit me frå fiskeriforordninga av 12. september 1753 – som var det direkte resultatet av kommisjonen.<sup>230</sup> Det blir ikkje nemnt nokon stad at denne kommisjonen, kan ha vore ein direkte eller indirekte del av forløpet til anordninga av 1754 og Det norske Kontor. Likevel spelte utforminga av fiskeriforordninga definitivt inn på korleis anordninga av 1754 blei utforma. Særleg interessant er fiskeriforordninga av 1753, kapittel 4, artikkel 16: bøtene som blei utskrivne gjennom denne forordninga skulle delast på tre, med ein del til høvesvis meldaren, St. Katarinas og Stranges fattighus.<sup>231</sup> Dette er merkverdig, for det kontoriske fattighuset er ikkje nemnt i anordninga for Det norske Kontor. Dette set med andre ord denne fiskeriforordninga i samband med Det hanseatiske Kontor. I følge Koren Wiberg skulle bøteinntektene etter det såkalla *kontoriske programmet* gå til St. Katarinas fattighus og Kristi Krybbes skule.<sup>232</sup> Viss han har rett i at det var eit samband mellom programmet og anordninga, så var det eit samband mellom programmet og fiskeriforordninga, noko som i neste omgang er med på å knyta fiskeriforordninga og anordninga saman. I førestillinga blir det i tillegg nemnt at omgangen med varene er udyktig. Dette kan me tolka som eit hittil ikkje nemnt argument, nemleg at den faglege kompetansen måtte betrast. Altså var den dårlege omgangen med

---

<sup>227</sup> Meyer (ca. 1764), pag. 249

<sup>228</sup> Dette må vera Johan Hartvig Ernst von Bernstroff (1712-72). Sjå Dansk biografisk leksikon (1888) bd, 2, s. 56ff. Sjå: < <http://runeberg.org/dbl/2/0158.html>>, for digitalisert faksimile.

<sup>229</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat (1736-1771) / Kommercedeputationen (1771-1773), -/007: Forestillinger, 1746-1750 – sak 799

<sup>230</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat (1736-1771) / Kommercedeputationen (1771-1773), -/009: Forestillinger, 1753-1756 – sak 1015

<sup>231</sup> Schou IV: 360

<sup>232</sup> Koren Wiberg 1932: 228

fiskevarene resultat av kunnskapsløyse, heller enn latskap og dugløyse – slik det blir framstilt i tidlegare kjelder. Ei slik sikring av det faglege nivået, kjenner me att frå gjennomgangen av anordninga av 1754, særleg kapittel 4, artikkel 15.

## 5.2 Saksgangen i Kommercekollegiet

Saksgangen fram mot 1754, slik me finn han i arkivet til Kommercekollegiet, kan synast å starta i mai 1750. Den konstituerte Stiftamtmanden i Bergenhus, Kanselliråd Claus Bager,<sup>233</sup> sendte ei klage han hadde mottatt til København. I journalen til det dansk-norske sekretariatet, er det registrert eit brev frå Bager. Han sende ein søknad frå «de danske Contoirer i Bergen» som bad om å få overta «de Tysdske Contoirers Ret og Privilegier».<sup>234</sup> Det blir meldt om mykje uorden, og at Politimeisteren ikkje får utretta noko fordi han står utan særleg myndigheit. Meir informasjon om saka får me i supplikkprotokollen. Saka blei handsama i Kommercekollegiet («*Gen. Ld. Oec. og Com Coll.*» (kort for *General Landets Oeconomie- og Commerce Collegium*)) den 19. november 1750. Supplikken inneheld meir utfyllande informasjon enn journalen. Søknaden som blir nemnd i journalen, blir her supplert av ein klage frå Borgar- og Politimeister Henrik Mathiesen og dei [hanseatiske] kjøpmennene over «de danske Bergenske Contoirs tienende Folck deris slette Opførsel». Problemet har i følge klaga, oppstått som følge av at ‘folket’ er blitt opplyst og gjort merksam på *gartenrechts* berre gjaldt for det gamle kontoret (d.e. det hanseatiske), men ettersom handelsstovene med tida var komne i norske kjøpmannshender, hadde det utvikla seg særleg dårleg disiplin både med tanke på oppførsel, men òg med handsaming av fiskevarene. Spesifikt skal det ustraffa ha blitt skrudd og knipe dårleg fisk i lag med den skikkelege. Klagarane har laga i stand eit *project*, med formål å betra stoda på Bryggen. Det er lagt til responsen frå kollegiet, der Generalprokurør Justisråd Bolle Willum Luxdorph avslår førespurnaden om å overta dei hanseatiske privielgia med knusande ord: «[Privileiga] som kun er givet fremmede og icke og stemmer overeens med landets brug og skicker, saa vilde det blive en unyttig, ja maa skee skadelig ting.» Med andre ord, ser Luxdorph eit kontor, slik dei søker at det skal bli, som skadeleg. Årsaka til dette synspunktet kan me forstå at kjem at måten ein forstod *kontor* som

---

<sup>233</sup> Namnet kan synast forvirrende, fordi Stiftamtmanden berre ti år tidlegare heitte Christian Bagger. På grunn av den varierende ortografien i språket, blir begge stundom omtala som *C. Bager*. Det er likevel mogleg å slå fast at det er tale om Claus Bager, fordi Christian Bagger levde frå 1692 til 1741. Sjå respektive artiklar på [lokalhistoriewiki.no](https://lokalhistoriewiki.no) for meir informasjon: [https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Claus\\_Bager](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Claus_Bager) [lesen 12.04.19] og [https://lokalhistoriewiki.no/Christian\\_Bagger](https://lokalhistoriewiki.no/Christian_Bagger) [lesen 12.04.19]

<sup>234</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, Journaler (1736-1771), pk. 53: Journal nr. 5, 1750-1753 – nr. 168

korporasjon; det skulle vera ein privilegert handel, gitt utanlandske borgarar, i avtale med heimbyane til kjøpmennene. I staden føreslår Luxdorff at Stiftamtmanden gjennomgår og sender nemnde prosjekt til kollegiet.<sup>235</sup> I kopiboka finn me brevet til Stiftamtmanden, datert 5. desember 1750:

*Endeel af de handlende i Bergen som er i Possession af de tydske handels Stuer haver beklaget hvorledis adskillig Uorden samme steds gaaer i Svang i blandt deris folck fornemmelig med Kiøbmands vahres Slette behandling og falske ind packning, og derfor søges om tilladese at indsende et forslag hvor ved denne u-lempe kunde hæves, thj skulde vi hr Stiftsbefalingsmand herved have anmodet at hand sig et saadant forslag af dennem vilde lade give og det tillig med hans gode betenckning derover os behagelig indsender.*<sup>236</sup>

Som me forstår er det ikkje tvil om kva kollegiet legg vekt på når dei ønsker eit slikt forslag. Hovudproblemet er at varene ikkje blir handsama på skikkeleg vis. I deliberasjonsprotokollen, som er forhandlingsprotokollen til supplikken, blir slått fast at eit komande kontor treng eigne vedteker, heller enn å følga dei gamle, og at det «de udi Domnestique affaires kand være hiulpne med prima Instantia at adressere sig til Politie eller andre retter.»<sup>237</sup> Slik eg forstår dette, er det underforstått at det nye kontoret skulle ha sin interne domstol, men at det er eit forslag at dei òg kunne vera koma godt ut av det med å nytta vernetinget som førsteinstans. Frå sluttresultatet av hele saksgangen, kapittel 2, artikkel 7, veit me at Det norske Kontor hadde ein intern domstol som førsteinstans, med vernetinget som ankeinstans.

18. november 1751, eit knapt år etter at Kommercekollegiet hadde sendt ein førespurnad til Stiftamtmanden i Bergen om å få i retur ein revidert versjon av dette forslaget til kontoriske vedteker, blei det mottatt eit slikt forslag frå Ulrich Frederik de Cicignon.<sup>238</sup> Forslaget er ført inn i supplikkprotokollen, og Cicignon skriv at det følgande utkastet til regelverk er til erstatning for «de paa det forige Hansestædiske Contoir værende fremmede

---

<sup>235</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, Supplikprotokoller (1736-1756), pk. 33: Supplik Protokol C, 1745-1756 – nr. 115

<sup>236</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, Brevprotokoller (1735-1771), pk. 44: Dansk-Norsk kopibog, 1748-1754 – nr. 504

<sup>237</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, Deliberationsprotokoller til supplikprotokollene (1736-1756), pk. 36: Deliberationsprotokol C, 1742-1752 – nr. 115

<sup>238</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, Journaler (1736-1771), pk. 53: Journal nr. 5, 1750-1753 – nr. 680



Kiøbmænds og deris Laugs Articler», og at eit nytt regelverk er naudsynt fordi «de norske Handels Stuer med deris folck formeente sig at være eximeret<sup>239</sup>, og derfor icke holt nogen Orden eller Vedtegt imellem sig, eller sikkerhed for Vahrenes reddelige behandling.» På slutten av supplikken er det føydd til at Cicignon tilrår søknaden godkjent.<sup>240</sup>

Det kanskje mest interessante med sistnemnte supplikk er merknaden kollegiet har ført i margin. Der blir det opplyst at saka er handsama 10. juli 1754, altså to og eit halvt år etter at utkastet blei mottatt frå Cicignon, samt: «Allerunderd. forestillet d. 7 octobr. 1754, da udi Planen hist og her adskillige smaae forandringer ere gjorte.» Med tanke på at det tydeleg blir uttrykt at dette er ei hastesak slik Stiftamtmanden ser det, kan me spørja oss om kollegiet har tatt seg god tid, men at dei plutselig har fått dårleg tid med å framstilla saka for kongen. Sikkert veit me frå journalen at det blei mottatt eit brev frå oldermannen og forstandarane på Det hanseatiske Kontor i juni/juli 1754. Dei purrar på sakshandsaminga og på at deira *project*, altså utkastet, ikkje er konfirmert. Dei skildrar ei stode på Bryggen som nok kan verka skremmande for kollegiet: Det er så stor oppstand, at det kan skildrast som «Rebellion». Drengane og gesellane har «sammenrotted sig, og icke vil gjøre Natte Vagt, hvorover Stifftamtmand Cicignon haver ladet 12 af dem arre[s]tere, men drengene have derpaa rottet sig samen, og uedgived et Skriff, som sigter til Ulydighed og Opsatsighed». Kanskje på grunn av denne skildringa, er det merkt i margin: «Gived Sagen bliver med første at foretage.»<sup>241</sup> Oldermannen og forstandarane var på denne tida Henrick Pegelau, Johan Hammecken og Diderich Schlömer, som blei demokratisk valt ved eit møte mellom stoveeigarane på Bryggen den 8. mai 1754.<sup>242</sup>

For betre å forstå saksgangen, samt dei to og eit halvt åra frå det innsendte utkastet til saka blei handsama i kollegiet, ville det vore særst interessant å undersøka deliberasjonen til supplikken. Diverre er ikkje dette mogleg, fordi deliberasjonsprotokollen ser ut til å ha forsvunne frå arkivet. I datasystemet til Rigsarkivet, *Daisy*, står det at arkivserien «Deliberationsprotokoller til supplikprotokollerne» omhandlar tidsrommet 1736-1756, men pakke 36 inneheld «Deliberationsprotokol til supplikprotokol litr. B nr. 264-346 og C nr. 1-

---

<sup>239</sup> Unntatt, fritatt (<https://ordnet.dk/ods/ordbog?query=eksimere> [lesen 12.04.19])

<sup>240</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, Supplikprotokoller (1736-1756), pk. 33: Supplik Protokol C, 1745-1756 – nr. 137

<sup>241</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, Journaler (1736-1771), pk. 54: Journal nr. 6, 1753-1755 – nr. 519

<sup>242</sup> BBA A-0585 B:1 (kopibok) fol. 9a-11a

134.»<sup>243</sup> Supplikken det dreier seg om i saka over står ført i supplikprotokoll C, som nr. 137. Pakke 37-38 i arkivet er prosjektprotokoll A og B, som ikkje inneheld relevant informasjon.

Sakas vidare gang, er at ho blei framstilt for kongen 7. oktober. Førestillinga er vel ei slags oppsummering av saka. Det blir opplyst om eigedomstilhøva, der 50 av 56 handelsstover var eigd av kongens undersåttar, medan dei andre 6 er eigd av borgarar av Bremen og Lübeck. Deretter blir det vist til klaga frå Mathiesen og kjøpmennene, der det blei klaga over aukande uorden mellom drengane, samt kor nyttig ei gjeninnføring av den tidlegare brukte, men no utgatte, gardsretten ville vore. Dette ville ikkje berre ført til disiplinær orden, men òg betre omgang med fiskevarene. Det blei bede om lov til å initiera eit prosjekt som kongen blir beden om å approbera. Igjen blir det vist til klagemåla frå stoveeigarane. På dette grunnlaget fekk dei kontoriske tilbod om å forfatta eit regelverk. Dette regelverket blei gjennomgått av Stiftamtmanden, som ikkje fann noko som var i strid med kongens «forhen allernaadigst udgivne forordninger». Deretter er ei oppsummering av forslaget oppført:

*det 1st Capitel handler om Contoirets forstandere, hvorledes de skal vælges, og hvad deres Embede skal være udi.*

*2det Capitul foreskrives, hvorledes huusbonder og handels-forvaltere som forestaae andres Handel sig udi deres forretninger skal opføre sig udi*

*3die Capitul ordineres og fastsættes hvorledes med Vagt og brandordningen ved Contoiret skal forholdes det*

*4de Capitul Handler om gaards Retten ved Contoiret for Naboer, husbonder, geseller og Dreng, med hvad videre deraf dependerer samt hvorledes de som tiene ved Contoirerne skal examineres om deres Kyndighed og hvad indsigt de i Handelen bør have, og paa hvad maade Vahrene med Packning, Skuvning og andre appreture, skal behandles til at forekomme bedragerie og Negotien.<sup>244</sup>*

Vidare kunne kollegiet melda at alle kapitla var gjennomgått, og kapittel 1-3 blei godkjent der. Desse blei vurdert slik at dei ville vera til stor gagn både for ro og orden på Bryggen, samt for handsaminga av handelsvarene – her under òg førebyggjande for bedrag i handelen –

---

<sup>243</sup> Rigsarkivet Daisy, <[https://www.sa.dk/daisy/arkivserie\\_detaljer?a=&b=&c=dansk-norske&d=1&e=2019&f=&g=&h=&ngid=121545&ngnid=&heid=1583583&henid=1583583&epid=&faid=&meid=&m2rid=&side=&sort=&dir=&gsc=&int=&ep=&es=&ed=>](https://www.sa.dk/daisy/arkivserie_detaljer?a=&b=&c=dansk-norske&d=1&e=2019&f=&g=&h=&ngid=121545&ngnid=&heid=1583583&henid=1583583&epid=&faid=&meid=&m2rid=&side=&sort=&dir=&gsc=&int=&ep=&es=&ed=>)

<sup>244</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat (1736-1771) / Kommercedeputationen (1771-1773), Forestillinger og kgl. resolutioner, pk. 9: 1753-1756 – nr. 1047

samt at det ville overhalda fiskeriforordninga av 12. september 1753. Kapittel 3, om vakt- og brannordninga, blei sett på som «høist tienlig, og u-omgiengelig fornøden». I kapittel 4 blei det derimot blitt funne ein del ord og «u-nødige vitløftigheder» i stilen, som blei utelatne i anordninga; i tillegg blei strukturen i kapittelet òg ordna. Spreidd i heile prosjektet fanst det stadar der Kommercekollegiet måtte retta og endra på ord og anna som ikkje passa inn i ei anordning (teksten blei såleis tilpassa sjangeren). Det siste førestillinga kan fortelja, er at saka blei godkjend og underskriven av kongen:

*Dette bliver saaledes af os i alt allernaadigst approberet, til hvilcken ende Vi dend herved forhen til Vores allernaadigste underskrivelse allerunderdanigst fremlagde anordning og Articler for handels Contoirerne i Bergen, allerede allernaadigst have underskrevet og ladet tilbage levere.*

*Givet paa Vort Slot Christiansborg udi vores Kongelige Residence Stad Kiøbenhavn demd 19. Octobr 1754*

*Frederich R.*<sup>245</sup>

Etter dette finn me anordninga innført i si heilheit i den dansk-norske privilegieprotokollen,<sup>246</sup> samt at dei kontoriske fekk tilsendt sin versjon (som er den som for det meste har blitt nytta som ‘originalversjon’ i denne oppgåva).

Korleis skal me så forstå saksgangen, slik han er skildra over? Det første er ved å spørja kva for motiv som blir presenterte og korleis desse blir vektlagt. Det som openbart er det mest nytta argumentet, det er i alle fall det som går igjen i materialet, er disiplinærproblemet. Til dette kjem eit underliggende, eventuelt sideordna, problem: den dårlege omgangen med handelsvarene. Dette siste kan me undrast om det eigentleg var grunna i ein tanke om at ei svekking av kvaliteten på handelsvarene i neste omgang ville føra til ein svekka omdømme og renommé. Eit anna argument me har sett, er argumentet i førestillinga om at ei innføring av denne anordninga, vil verka inn på vernebuinga i Bergen; det ville verka som ei styrking av brannvernet, samt at vektarordninga ville føra til auka trygging av staden. Det blir skrive som at det tidlegare fanst ein tilstand av god orden, disiplin

---

<sup>245</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat (1736-1771) / Kommercedeputationen (1771-1773), Forestillinger og kgl. resolutioner, pk. 9: 1753-1756 – nr. 1047

<sup>246</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, Koncessions- og privilegieprotokoller (1735-1771), pk. 22: Dansk-Norsk Privilegie-Protokol C, 1755-1763 – nr. 1

og tryggleik, men at noko hende som førte til ein slutt på dette. Kva som hendte kan me ikkje veta sikkert, men i og med at gesellane og drengane blei opplyste om at det gamle regelverket ikkje gjaldt dei, vil det vera naturleg å tenka at ei mogleg forklaring er omveltinga frå at Bryggen i hovudsak bestod av hanseatiske handelsstover, til å mest berre bestå av handelsstover eigde av bergensborgarar. Dersom det berre var nokre få handelsstover i eigarskap av bergenske byborgarar, ville det ikkje vore eit stort problem – problemet melde seg først når talet på dei som ikkje var underordna ein jurisdiksjon, og som nok hevda seg sideordna frå den elles gjeldande bylova, blei så stort at det utgjorde ein trugsel.

I prosessen med å gjennomgå arkivmaterialet nytta over, har eit anna funn synt seg. For dersom me til dømes undersøker kopiboka til det dansk-norske sekretariatet for 1748-1754<sup>247</sup>, er forholdet mellom brev til Stiftamtmanden i Bergen som gjeld fiskerianordninga for det nordanfjelske av 12. september 1753 og anordninga for Det norske Kontor av 7. oktober 1754 1:8, i favør til førstnemnde. Det er eit tilsynelatande veldig forhold: Kan det faktisk at sakshandsaminga var av så ulik storleik fortelja oss noko? Det kan sjølv sagt henda at det dreisa seg om at anordninga av 1754 blei oppfatta som mindre viktig. Den lange tida frå utkastet til regelverk blei registrert i journalen fram til det blei framstilt for kongen, kan jo underbygga dette. Likevel ser eg på det som meir sannsynleg at misforholdet kan forklarast med kompleksiteten i sakene. Fiskeriforordninga var nok langt meir innvikla; det var nok fleire aktørar å ta omsyn til, og ho var kanskje vanskelegare å utforma. Som det har kome fram gjennom saksgangen, fekk dei som saka gjaldt sjølv utforma regelverket. Regelverket blei berre revidert hjå kollegiet, før det blei sendt til kongen for godkjenning. Denne saka kan såleis seiast å ha vore meir likefram.

Etter å gjennomgått saksgangen kan me spørja om det finst moment me kunne venta å finna, men som ikkje er nemnde eller handsama. Det første av dette er dei kontoriske institusjonane, Mariakyrkja og St. Katarinas fattighus. For førstnemnde, kan svaret på kvifor ikkje, vera innlysande; kan hende var det ikkje eit problem med Mariakyrkja. Kanskje blei det frå styresmaktene sett på som ein fordel om restane av Det hanseatiske Kontor heldt fram med å underhalda Mariakyrkja. Då trong ikkje kongen sjølv betala, i tillegg til at utgiftene til kyrkja tynga hansastovene økonomisk – slik kongen ønska. At St. Katarinas fattighus ikkje er

---

<sup>247</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, Brevprotokoller (1735-1771), pk. 44: Dansk-Norsk kopibog, 1748-1754

spesielt handsama, som me kan rekna var ein vesentleg utgiftspost for dei kontoriske kjøpmennene, kan ha likande forklaring Mariakyrkja. Nokre år etter at dei siste hansastovene blei selde, oppstod problema med dei kontoriske institusjonane – og desse måtte ordnast. For fattighuset, var uansett ein del av utgiftene dekkja gjennom bøtene, gitt etter fiskeriforordninga av 1753, slik det har kome fram over. Det blir jamvel heller ikkje nemnt noko i saksgangen om forsyningssituasjonen for den nordanfjelske Noreg. Dette er underleg, fordi Cicignon argumenterte for å fremja handelsflåten til Bergen: «i begyndelsen af dette Seculum eyedede Bergens Bye 122 Skiberomme, som udgiorde 8605 Læsters Drægtighed, nu i Aar 1753 er bem. Stad icke mere eyedede end 93 Skibe af 3326 Læster, altsaa 5278 læster mindre end 1701.»<sup>248</sup> Kanskje kan fråværet til dette temaet forklarast med at det var dei kontoriske kjøpmennene som sjølv forfatta reglementet sitt. Dersom det frå kongens side, med tanke på monopol, var naudsynt å regulera handelen, blei dette gjort med eigne reskript og forordningar som òg dei kontoriske kjøpmennene måtte retta seg etter.

### 5.3 Avslutning

Prosessen fram til Det norske Kontor blei skipa, var ingen hurtig politisk vending. Frå ideen om å reformera nordlandshandelen kom til uttrykk i stiftrelasjonsprotokollen, til Det norske Kontor blei fekk signert si anordninga, gjekk det 21 år. Idéskaparen var i dette tilfellet københavnske kjøpmenn, men aktørane som utgjorde det eigentlege utfallet, var dei hansakontoriske og dei borgarskaplege i Bergen, som i lag med styresmaktene utforma anordninga og såleis Kontoret. Med tanke på at handelskompania gjerne fekk tilsvarande spelerom, var dette neppe eit oppsiktsvekkande moment i samtida. Av dei gjennomgåande argumenta, var disiplinærproblemet det mest nytta. Dette er det viktig å prøva å sjå forbi, fordi det nok for det meste blei nytta som ein skremmande faktor – ein pådrivar, eller katalysator. Eit argument som ikkje blei nemnd direkte, men som det stadig blei hinta til når det blei påpeika kor få stover som var att ved DHK, var ønsket om at stovene igjen skulle samlast under eitt styre. Dette motivet, som kan kallast eit konservativt motiv, kan kanskje òg ha vore medverkande til at det var kjøpmennene sjølv som sendte inn eit utkast til anordning og artikkelar. Dersom stovene var samla under eitt styre – eitt Kontor – ville det vera sterkare til

---

<sup>248</sup> DRA, Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat, Supplikprotokoller (1736-1756), pk. 33: Suplik Protokol C, 1745-1756 – nr. 142

å stå mot angrep som ville gjort at dei hadde mist heile næringsgrunnlaget, slik som forslaget til Severin om å gjera monopol på nordlandshanden.

## 6 Opphevinga av Det norske Kontor

I det førre har me fått ei forståing for prosessen som førte til at Det norske Kontor blei skipa. I det følgande skal me gjera oss betre kjende med opphevinga av vedtektene til DNK. Det norske Kontor som juridisk person med eige juridisk vern, blei oppheva ved lov av 12. mai 1866,<sup>249</sup> iverksett 1. januar 1867 (NB! Kontoret heldt fram, på eige initiativ, som «en sluttet korporasjon innen byens handelsstand» fram til utgangen av 1899)<sup>250</sup>. Opphevinga er interessant fordi vedtaket fordra ei skildring av kva DNK var blitt. Målet med denne undersøkinga er å svara på kva som blei vektlagt då DNK skulle skildrast i prosessen fram mot 12. mai 1866. I forarbeidet til denne lova blir nettopp dette klargjort. Det er å venta at Kontoret, slik det blei oppheva, ikkje samsvarer fullstendig med kva det var då det blei oppretta 112 år tidlegare. Kva trekte dei ulike instansane som kom med innspel fram som det vesentlege ved Det norske Kontor? Finst det moment som går igjen? Kva blir ikkje nemnt, og korleis kan det i så fall bli forstått? Det er verdt å leggja merke til at resultatane frå dei følgande undersøkingane, ikkje gir eit svar på kva DNK var, sett frå ein objektiv ståstad, men kva særleg myndigheitene såg på som dei vesentlege trekka.

Kjelda til forarbeidet er *Stortingsforhandlinger 1865/1866 vol. 18*. Det er i band 9 me finn Odelstingets endelege vedtak, nummer 126.<sup>251</sup> Forarbeidet til lovvedtaket er samla i band 5, der regjeringas forslag med argumentasjon, blir lagt fram.<sup>252</sup> Innspel frå ulike aktørar finn me i band 7, dokument nummer 44,<sup>253</sup> bortsett frå innstilling frå kyrkjekomiteen, som finst i band 9.<sup>254</sup>

I denne saka må me starta med bd. 7, dok. 44. Her er det attgjeve fire brev frå ulike instansar. Det er: 1) Stortingsrepresentantane Ivar Christian Sommerschild Geelmuyden, Jørgen Breder Faye, Timandus Jonas Løberg og Adolph Jørgen Prante;<sup>255</sup> 2) Dei 53 kjøpmennene ved Kontoret; 3) Magistraten, ved Borgarmeister Carl Platou og hans to

---

<sup>249</sup> Finst i Paulsen 1905 II: 539 (*Almindelig norsk Lovsamling*)

<sup>250</sup> Koren Wiberg 1934: 39f

<sup>251</sup> Stortingsforhandlinger 1865/66 volum 18, band 9, beslutning nummer 126

<sup>252</sup> Stortingsforhandlinger 1865/66 volum 18, band 5, odelstingsproposisjon nummer 48

<sup>253</sup> Stortingsforhandlinger 1865/66 volum 18, band 7, dokumentnummer 44

<sup>254</sup> Stortingsforhandlinger 1865/66 volum 18, band 9, innstilling nummer 108

<sup>255</sup> Høvesvis 1.-4.-representant for Bergen. Sjå: NSD *Representanter og suppleanter 1865-67*. Internett: [http://www.nsd.uib.no/polsys/index.cfm?urlname=storting&lan=&MenuItem=N1\\_1&ChildItem=&State=collapse&UttakNr=104&Periodetekst=18](http://www.nsd.uib.no/polsys/index.cfm?urlname=storting&lan=&MenuItem=N1_1&ChildItem=&State=collapse&UttakNr=104&Periodetekst=18)

rådmenn; 4) Medlem av den tyske kyrkjelyden (Mariakyrkja). Brevet frå kjøpmennene er det eldste av dei (datert 20. april 1865). Dei legg fram eit ønske til kongen om å løysa opp anordninga av 7. oktober 1754 fordi ho inneheld «en hel Del Forskrifter om Forholdet mellem Stueeierne, Handelsfuldmægtigerne samt deres Dreng og disses Rettigheder og Pligter» og dette er «Bestemmelser der, om end muligens af Betydning for Tydskerne, neppe nogensinde har været af stor Betydning for de Norske og som ialfald nu i lange Tider ikke have været practiserede.»

Kjøpmennene skreiv at det ikkje var noko hinder for å oppheva kontoret. Dette skulle skje ved å oppheva anordninga av 7. oktober 1754, samt tilhøyrande reskript av

- 1) 20. august 1756 [Angående vakt, som DHK unngår]<sup>256</sup>
- 2) 13. januar 1758 [DNK og DNK skulle halda kyrkja i lag]<sup>257</sup>
- 3) 23. februar 1770 [Alle skulle halda kyrkja og vakt]<sup>258</sup>
- 4) 25. april 1772 [Alle 58 stoveeigarar må (faktisk) bidra]<sup>259</sup>

Problemet som oppstod, i følge kjøpmennene, var at kontoret, som juridisk person, var knytt til Mariakyrkja. Løysinga blei, nærast sjølvst, å løysa bandet mellom kontoret som juridisk person og Mariakyrkja. For at dette skulle gjerast blei følgande reskript føreslått oppheva:

- 1) 08. august 1771 [angående den tyske kyrkja og presten]<sup>260</sup>
- 2) 18. september 1776 [tillegg til 1771]<sup>261</sup>, samt tilhøyrande:
  - a. 24. november 1774 [tillegg til 08.08.1771]<sup>262</sup>
  - b. 12. mai 1787 [Oppmoding til å leggja til rette for at bidra skal betalast]<sup>263</sup>
  - c. Lov 09. august 1839 [angående medlemmane i den tyske kyrkjelyden]<sup>264</sup>

---

<sup>256</sup> Sjå Wessel-Berg II: 221f

<sup>257</sup> Sjå Wessel-Berg II: 248

<sup>258</sup> Sjå Wessel-Berg II: 482f

<sup>259</sup> Sjå Wessel-Berg II: 530

<sup>260</sup> Sjå Wessel-Berg II: 520f

<sup>260</sup> For tillegg: sjå Stortingsforhandling 1836, volum 8, band 5, s. 232-42, samt ditto volum, band 6, s. 335-49

<sup>261</sup> Sjå Wessel-Berg II: 696

<sup>262</sup> Sjå Wessel-Berg II: 606

<sup>263</sup> Sjå Wessel-Berg III: 308

<sup>264</sup> Vogt IX: 361f



Av det som finst dokumentert i desse kjeldene, blir saka tatt opp til Odelstinget 24. oktober 1865 av dei bergenske stortingsrepresentantane. Magistraten kunngjorde til Bergen stift at dei hadde mottatt førespurnaden frå dei kontoriske kjøpmennene 27. oktober (med følgande attgjeving av forslaget). Til slutt kjem eit tilsvaer frå den tyske kyrkjelyden i Mariakyrkja 24. november, der dei, ikkje overraskande, argumenterer mot opphevinga. Deretter finn me òg innstillinga frå kyrkjekomiteen frå 19. mars 1866. Dei stiller seg positive til nedlegginga av Kontoret, men ønsker å halda den tyske kyrkjelyden. Kyrkjekomiteen gir oss innblikk i at diskusjonen rundt den tyske kyrkjelyden hadde føregått over fleire tiår, der det mellom anna blir referert til utsegner frå dei bergenske representantane frå 1839, som vel viser deira lange engasjement i saka.

31. januar 1866 kom odelstingsproposisjonen frå regjeringa ved sjef for kyrkje- og undervisningsdepartementet, statsråd Riddervold [d.e. Hans Riddervold], som er ei særskild oppsummering av saka som var oppe til handsaming.<sup>265</sup> Her er innspela frå dei ulike aktørane skildra, der særleg utsegna til Magistraten i Bergen og stiftsdireksjonen i Bergen er vektlagt. Innspela frå kyrkjelyden sjølv og frå kjøpmennene blir tatt med berre som innspel.

At proposisjonen er lagt fram av kyrkje- og undervisningsdepartementet, berre med innspel frå og referansar til indredepartementet, er i seg sjølv ein indikator på oss for korleis saka blir forstått og prioritert av myndigheitene. Når me går djupare ned i dokumentet, finn me fort at det blir argumentert for at det ikkje burde vera noko problematisk ved å oppheva lovgjevnaden rundt Det norske Kontor, fordi det ikkje lenger tente ein funksjon:

*nu, efterat den sidste Handelsstue forlængst er gaaet ud af de Tydskes Eie, har [DNK] tabt saa godt som al betydning, idet paa den ene Side dens Forskifter om Forholdet mellem Stueeierne, Handelsfuldmægtigerne og deres Drengene ikke i lange Tider have været praktiserende, medens paa den anden Side de Bestemmelser, der anordne særeget Vagt- og Lygtevæsen for Tydskebryggen, under de nuværende Forholde savne enhver Grund.*

Vidare skriv departementet at kjøpmennene i Bergen meiner at

---

<sup>265</sup> Stortingsforhandlinger 1865/66 volum 18, band 5, odelstingsproposisjon nummer 48

*der under Nutidens mere frie og udvidede Handelsforhold idethele ikke er nogen Grund til, at en saadan særskilt Korporation med den for samme anordnede, af Stueeierne valgte Bestyrkelse fremdeles skal bestaa [...]*

Desse sitata er for så vidt representative for korleis Det norske Kontor blir skildra i prosessen med å løysa det opp. Alle innsåg, òg bergenskjøpmennene, at Kontoret som handelskorporasjon ikkje hadde livets rett under ei tid med nærings- og handelspolitikk prega av økonomisk liberalisme. Ei vidare utgreiing av innhaldet er mogleg, men ikkje naudsynt. For det viser seg at det største problemet med ei oppheving av Det norske Kontor, er knytt til Mariakyrkja, just som kjøpmennene var inne på då dei tok opp Kontoret som juridisk person. Resten av saka dreier seg om Mariakyrkja og den tyske kyrkjelyden, og om kyrkjelyden bør leggast ned – i så fall korleis.

Dersom me ser på dei den endeleg vedtekne lova av 12. mai 1866, ser me at det for kjøpmennene i det store og heile enda med at dei fekk medhald i sine førespurnadar og sine forslag. Alle forslaga dei kom med, enda opp i den endelege lova. Dette stemmer òg stort sett over eins med kva for lovbod Wessel-Berg jamfører anordninga av 1754 med, sjølv om han set opp fleire, som ikkje blir handsama i opphevingsprosessen, til dømes *Lov angaaende Bygningsvæsenet i Bergen* av 13. september 1830.

At kontoret var avleggs og ikkje lenger tente nokon funksjon, blir lagt fram som hovudargumentet for nedlegginga. Men dersom me opnar for tolking, blir det fort synleg at det kunne ligga andre årsaker bak å fremja spørsmålet nettopp våren 1865. Konteksten til lovforslaget kjøpmennene kom med, var eit vedtak frå forstandarskapet 15. og 20. mars 1865. Det var mindre enn fem månadar sidan fredsavtalen som enda Den andre slesvigske krig.<sup>266</sup> Dette var krigen som har stått som kulmineringa av skandinavismen,<sup>267</sup> der *tyskaren* representerte den ytre fienden. Som Anders Nilsen har vist, var det sjølv lenge etter 1754, framleis definitivt flest tyskfødde gesellar som blei eksaminerte ved Kontoret.<sup>268</sup> Dersom ein les argumenteringa ut frå denne informasjonen, vil ein fort merka seg den retoriske bruken av

---

<sup>266</sup> Brunbech *Krigen i 1864 (2. Slesvigske Krig)*. Internett: <https://danmarkshistorien.dk/leksikon-og-kilder/vis/materiale/krigen-i-1864/>. I tillegg til: Petersen *Krigen 1864 (2. Slesvigske Krig) - og Freden i Wien*. Internett: <https://danmarkshistorien.dk/perioder/det-unge-demokrati-1848-1901/krigen-1864-2-slesvigske-krig-og-freden-i-wien/>

<sup>267</sup> Dette er diskutabelt; Magdalena Hillström hevdar dette er gjengs innan historiefaget, men argumenterer mot det; «Men skandinavismen dog inte 1864. Skandinavisterna forsatte att verka för bildandet av en skandinavisk union» (Hillström, M. «Nordiska museet och skandinavismen», side 222. I: Hillström & Sanders (2014) *Skandinavism: En rörelse och en idé under 1800-talet*. Makadam förlag)

<sup>268</sup> Nilsen 2010: 39ff. Merk at Nilsen har henta tala sine frå Koren Wiberg.

adjektivet «tysk». Det er med andre ord tydeleg, og verdt å merka seg, at kjøpmennene nyttar det tyske, kontra det norske, som ein patosappell til myndigheitene for å få gjennomslag for si sak. Denne utsegna kan underbyggast med argumentet til kjøpmennene om at ei oppheving av Mariakyrkja, ville setta ein stoppar for inntektene til kyrkjelyden, som i neste rekke ville setta ein stoppar for tyske gudstenester i Bergen – som igjen vil føra til at kyrkja vil stå ledig og såleis kunne gjerast om til ei sårt trengd soknekyrkje, eit «Kirkerum saa høiligen tiltrænges af Byens øvrige Indvaanere.» Såleis blir patosappellen underbygd med logiske argument.

Det blir i desse kjeldene vist til at ei oppheving av DNK ville føra til vesentlege endringar i organisasjonen rundt den tyske kyrkjelyden og Mariakyrkja. Ut frå funna ovanfor, kan det synast som at problematikken rundt Mariakyrkja var den mest vesentlege rundt opphevinga av DNK. Det er likevel grunn til å setta dette i tvil. Jamfør teorien til Jens Arup Seip om vikarierende motiv er det god grunn til å spørja seg om det finst andre moglege saker som vel så gjerne skulle vore trekte fram. For å spekulera i dette, må ein først spørja seg kva DNK var tenkt som. Det var eit fellesskap for å verna om interessene til kjøpmennene – profitt og fortjeneste, med andre ord. Rett nok kan det løynde motivet for kjøpmennene ha vore å kvitta seg med koplinga til Mariakyrkja og utgiftene med denne. Like fullt er mogleg å tenka seg at motivet kan ha vore å verna om inntektene – ikkje kyrkja, som tente som ein utgiftspost for DNK. Kva var det som førte til inntekter for dei kontoriske? Jo, det var naturlegvis det same som for alle kjøpmenn: sal, samt transport, spesielt av tørrfisk. Det kan med andre ord ha vore fiskevekta, vrakinga (kvalitetssorteringa) og priskuranten som kunne vore det viktigaste for dei kontoriske kjøpmennene å klarlegga. Skulle me likevel gått ut frå at dokumenta spegla problema, blir det som for saksgangen fram mot 1754, der disiplinærtilhøva tilsynelatande var vitigast, kyrkjelyden som var problemet 112 år seinare.

Trass i moglege kritiske vinklingar, synest det å vera semje om at den faktiske årsaka til opphevinga ikkje er så langt frå den kjøpmennene presenterer. Sagen & Foss peiker på den same stoda,<sup>269</sup> medan Egil Ertresvaag skriv om korleis handelen og næringspolitikken var reformert og liberalisert i tida før 1866 gjennom ulike lovbod.<sup>270</sup> Han trekker fram handverkslova av 15. juli 1839,<sup>271</sup> som forbaud danning av nye laug, samt særleg

---

<sup>269</sup> Sagen & Foss 1824: 353

<sup>270</sup> Ertresvaag 1982: 126f

<sup>271</sup> For lova, sjå Vogt IX: 308

handverkslova av 8. august 1842,<sup>272</sup> som gjorde det lettare å ta borgarskap (som var viktig med tanke på handel). Dersom det er korrekt at DNK i 1866 ikkje lenger fungerte etter anordninga av 1754 eller seinare vedtekter, men at det berre måtte dekkja utgiftene til Mariakyrkja og den tyske kyrkjelyden, er det sanneleg forståeleg at kjøpmennene ønska å løysa opp Kontoret.

---

<sup>272</sup> Lova er gjort digitalt tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket: [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2010042703033](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2010042703033).

## 7 Avslutning

Målet med denne oppgåva har vore å klarlegga kva Det norske Kontor av 7. oktober 1754 var for slags organisasjon. For å gjera dette mogleg, har eg tatt utgangspunkt i forskingslitteraturen, der synet på viktigheita av eit slikt handelskontor har variert. Eg har stilt spørsmåla: Kvifor blei Det norske Kontor skipa i 1754 – kva for motiv kan ha lege til grunn? Kva var Det norske Kontor jamført med andre handelskorporasjonar i samtida? Kunne det kallast eit typisk handelskontor? Korleis var det bygd opp og kva regulerte kontoret – og kva regulerte det ikkje? Representerte det Det norske Kontor noko nytt, eller var det ei vidareføring av Det hanseatiske Kontor? For å gjera det mogleg å svara på desse spørsmåla, har eg undersøkt Det norske Kontor frå ulike innfallsvinklar, og sett både på skipinga og oppløysinga.

Eg har freista å klarlegga kva Det hanseatiske Kontoret var og korleis det var organisert. Dette har utgjort den historiske konteksten for opprettinga av Det norske Kontor. Deretter har eg analysert det såkalla skipingsdokumentet for Kontoret, signert 7. oktober 1754. Det er dette som har fått det litterært klingande namnet «grunnloven». Eg har freista å bryta dokumentet opp, slik at innhaldet ikkje berre skal kunna forståast, men òg brukast for å forklara kva skiparane ønska at Kontoret skulle vera. Deretter har eg forsøkt å plassera skipinga av Det norske Kontor i ein politisk kontekst. Meir spesifikt har eg nytta heilstaten, den dansk-norske merkantilismen, og privilegie- og oktrojpolitikken som bakteppe. I dei siste delane av oppgåva har eg føretatt ei kort gransking av saksgangen, prosessen, fram mot skipinga i 1754. Til denne har eg forsøkt å avdekka kva for aktørar som spela ei rolle og kva for motiv – altså argumentasjon – som blei trekt fram. Deretter har å nytta forarbeidet til loven som 112 år etter skipinga, oppløyste Det norske Kontor som juridisk verna organisasjon.

Kva var så Det norske Kontor? Jo, som studiet har vist, var Det norske Kontor eit forsøk på samling av kjøpmannsinteresser i Bergen. Om det var eit handelskontor i snever forstand, finst det ikkje eit eintydig svar på. Grunnen til dette er at *kontortermen* før Det norske Kontor, berre blei forstått som dei fire hansakontora Novgorod, Brügge, London og Bergen. I samtida og i snever forstand var nemleg eit kontor ein samanslutning av framande, hanseatiske kjøpmenn, ikkje undersåttar av den dansk-norske krona. Dei framande

kjøpmennene dreiv handel på grunnlag av privilegium (pliktar og fridomar) dei hadde fått av kongen i bytte mot retten til å styra seg sjølv innfor eit avgrensa territorium, som ein mikrostat midt i Bergen. At Det hanseatiske Kontor i Bergen utelukkande bestod av utanlandske kjøpmenn som hadde fått sine handelsrettar gjennom kongelege privilegium, skil det frå det norske Det norske Kontor.

Såleis kan me spørja om det heller likna handelskompania. I grunnen var det eit skilje mellom handelskompania og Det norske Kontor. I utgangspunktet var dei finansiert ved at oppstartskapitalen og driftskostnadane blei betalte av at ulike folk kunne kjøpa 'lodd' i kompaniet. I sin tur kunne dermed «aksjonæranne» heva eit utbytte som tilsvara innskotet. I så måte likna det prinsippet for moderne aksjeselskap. Den andre tydelege skilnaden mellom kompania og Det norske Kontor, var at kompania fekk sine privilegium gjennom oktrojar, som gjerne gjaldt ein spesifikk handel med ei spesifikk vare i eit spesifikt tidsrom. Så som handelskompania, hadde Det norske Kontor òg sine fortrinn framfor kjøpmenn som stod utfor organisasjonen, men fortrinnet til Kontoret var langt mindre konkrete enn for kompania. Når det gjaldt likskapane, er den tydelegaste at dei bestod av innanlandske kjøpmenn, samt at dei var gitt intern jus- og domsfridom på lågaste rettsnivå, med den sivile retten som ankeinstans. Som Det norske Kontor, kunne kompania ha eit stort handlingsrom innanfor sine gjevne oktrojar. Den mest overordna likskapen mellom Det norske Kontor og dei dansk-norske handelskompania – som skilde dei drastisk frå Det hanseatiske Kontor – var at dei gav kongen moglegheit til å regulera handelen med den uavgrensa autoriteten han hadde elles i samfunnet. Heilt sidan mellomalderen hadde kongen vore nøydd til å inngå nærast bilaterale avtalar for å sikra seg handelens vitalitet – med Det norske Kontor trong ikkje kongen lenger gje for å få.

Angående administrasjon og oppbygninga, likna Det norske Kontor mykje på det hanseatiske, både med tanke på den indre rangen og at dei hadde intern jurisdiksjon og domsmakt. Dei hadde fleire likskapar, kanskje som følge av at vedtektene og dermed utforminga, mellom anna var forfatta av tidlegare medlemmar av Det hanseatiske Kontor. Ikkje minst heldt Det norske Kontor i stor grad fram med å nytta den same terminologien. For vår oppfatning av dei to kontora, spelar det òg inn at kjøpmennene, ved å skipa Det norske Kontor, kunne halda fram med å nytta Bryggen som base – den beste hamna i den største byen i Noreg. Når det kjem til nordlandsgjelda, blei denne halden i hevd av Det norske Kontor – det blei òg andre ikkje-formaliserte ordningar, så som fastsetjinga priskuranten. Noko som òg kan ha verka inn på korleis særleg bergensarar har oppfatta vidareføringa av

handelen, og som kan ha bidratt til bildet av at Det norske Kontor og det hanseatiske nærast var identiske, er at Det norske Kontor i stor grad heldt fram med bli drive av tyskfødde folk like til inn på 1800-talet. Sjølv i dag er Bergen påfallande prega av tyskklingande etternamn.

Å hevda at Det norske Kontor var ein hybrid mellom handelskompania og det tidlegare hanseatiske Kontor, er ikkje heilt presist, men heller ikkje direkte gale. Hadde ikkje Det norske Kontor blitt skipa i samband med det hanseatiske, kan me ikkje å sjå bort frå at det neppe ville fått nemninga *kontor*, men kanskje heller *kompani*. Konnotasjonen til *kontor* er den som heldt fram i det norske – det opphavelige meiningsinnhaldet i ordet døydde ut med det hanseatiske. Som nemning må me kalla Kontoret av 1754 ein anakronisme. Me kan i tillegg undrast over om Det norske Kontor var meir enn berre anordninga si. Til dømes var Det norske Kontor meir enn berre ei samanslutning av handelsverksemder; det var eit sosialt fellesskap, eit samfunn – truleg som følge av dei historiske banda til det lukka Det hanseatiske Kontor. I tillegg må det ha vore band mellom den tyske kyrkjelyden og Det norske Kontor som ikkje var formaliserte juridisk.

Eit anna stort spørsmål er kvifor Kontoret blei skipa i 1754. Dette er nok eit spørsmål som heller ikkje har eit ordentleg svar. Dersom me skal vurdera etter kva for argument som blei nytta i skipingsprosessen, er svaret enkelt: Det hadde oppstått ein situasjon der det ikkje lenger var god orden på Bryggen, korkje med tanke på den faglege kvaliteten eller på oppførselen til tenestefolket ved stovene. Dette er kalla disiplinærproblemet. Å forklara skipinga med dette argumentet, er i beste fall naivt; det kan godt henda det skildra situasjonen, men det var nok meir eit symptom. Med tanke på at det ei stund i forvegen hadde krystallisert seg ei rekke problem på Bryggen, er det mogleg å sjå skipinga av Det norske Kontor eit forsøk på den endelege løysinga på problem ein hadde freista å ordna fleire gonger – men som stadig var mislukka. Likevel er det heilt naudsynt å sjå på bakomliggende forklaringar, just som ein ikkje berre kan ta det for god fisk at problemet Mariakyrkja og den tyske kyrkjelyden, var den djupaste årsaka til at Kontoret blei vedtatt oppløyst i 1865.

Sjølv om disiplinærproblemet blei mykje nytta, blei òg ei rekke andre problem framsette. Det dreia seg om eit omdømmeproblem på den europeiske marknaden, som skildrar konsekvensen av å halda fram med dårleg kvalitet på handsaminga av fiskevarene – enten det dreia seg om latskap eller kunnskapsløyse. Det var naudsynt hindra kvalitetsfall frå fangst til endeleg eksportprodukt. Eit anna problem som ikkje blir nemnt eksplisitt, var

konkurransproblemet. Handelen i Bergen var basert på tørrfisk, medan marknaden i aukande grad ønska klippfisk – eit produkt både England, Nederlanda og mørebyane hadde, og som ein nok frykta konkurranse frå. Denne konkurransen kom i tillegg til den konkurransen borgarkjøpmennene hadde frå dei hanseatiske kjøpmennene. Til konkurranseproblemet kom i tillegg privilegieproblemet, ei nemning på behovet dei bergenske kjøpmennene hadde for å styrka seg mot dei privilegerte kompania – uttrykt gjennom den danske kjøpmannen Jacob Severin. Saman med den felles konsekvensen av alle ovanfor nemnde problem, utgjorde den ytre marknaden eit siste problem. Auka prisar på korn og salt, kombinert med dårlegare prisar på fiskevarene, ville gjort stor skade på nordlandshandelen. Som igjen ville slått ut negativt for kjøpmennene i byen, og ikkje minst for forsyninga til innbyggjarane i Noreg. Av dette kom nok viljen styresmaktene hadde til å styrka dei som dreiv handelen.

Alle dei nemnde problema var meir eller mindre utløysande faktorar. Likevel er det påfallande at fleire av dei mest sannsynleg var nokså potente, uavhengig av tid og omstende. Ei overordna forklaring på at ordenen på Bryggen var gjort sårbar for nemnde problem, er at det på 1730-talet ikkje var mange hansastover att. Av dette skjønner me at det ikkje hadde vore mogleg for Det hanseatiske Kontor framleis å utføra pliktene sine i byen på skikkeleg vis, så som pliktene angåande brann- og vakt. Den manglande ordenen i stoda, saman med merkantilismen som ideologisk straum i samtida, altså kongens ønske om å legga handelen i hendene på eigne undersåttar – rett nok med import av utanlandsk korn og salt – er grunnlaget for den mest sannsynlege forklaringa for kvifor Det norske Kontor blei skipa i 1754. Denne omskiplinga kan settast i samband den fullstendige endringa i fiskeripolitikken på 1750-talet (initiert med ein komité i 1749) – ei endring som òg resulterte i fiskeriforordninga av 12. september 1753. Dette sambandet er særleg synleg dersom ein kjem i hug at det var direkte band mellom 1753-forordninga, Det norske Kontor og institusjonane knytte til dette.

Eit interessant bilde av kjøpmennene på Bryggen, enten det var for Det norske Kontor, eller det var det hanseatiske, får me om me prøver å klarlegga aktørane som var avgjerande både for skipinga i 1754 og for oppløysinga i 1866. Som me har sett, var det for skipinga slik at kjøpmennene sjølv sende inn eit utkast til anordning og artiklar for dei kontoriske på Bryggen. Dei fekk med andre ord ei stor påverknad på korleis Det norske Kontor skulle sjå ut, berre med små korreksar frå styresmaktene. Ved oppløysinga ser me jamvel at den same gruppa var initiativtakarane: kjøpmennene ved Kontoret. Den gongen fekk dei politisk støtte, noko som førte meg seg at Kontoret blei oppløyst juridisk, og såleis berre hadde få år igjen



som organisasjon. Dersom me tar høgde for at ein under skipingsprosessen neppe kunne vera framsynt nok til å sjå liberalismens inntog i siste kvartal av 1700-talet, er det mogleg å hevda at både skipinga og oppløysinga av Kontoret stemte godt over eins med den politiske vinden, og med tanke på rolla aktørane har fått spela, kan me litt forenkla, seia at kjøpmennene på Bryggen hadde sterk sjølvråderett.

Til spørsmålet om skipinga av Det norske Kontor representerte noko nytt eller om det berre var ei vidareføring av Det hanseatiske Kontor, har me no fått eit rimeleg grunnlag for å koma med ei vurdering. I ein periode på rundt ti år eksisterte det to *kontor* i Bergen. Dei to kontora skilde seg markant frå kvarandre, og med tanke på mellom anna nasjonal forankring og organisasjonsform, var Det norske Kontor meir i tråd med tida. Det er gode grunnar både til å hevda at dei to kontora likna kvarandre og at dei var ulike. Etter mi vurdering blei Det norske Kontor skipa som ei naturleg følge av ei endra samfunnsnorm og politiske idear – sikkert var det i alle fall at Det hanseatiske Kontor i 1754 levde på lånt tid. I funksjon var Det norske Kontor på mange måtar ein arvtakar, både når det gjaldt handel, og som institusjon i bybildet. Å hevda at Det norske Kontor var Det hanseatiske, berre i ny drakt – slik mange tidelgare historikarar har gjort – er etter mi oppfatning for enkelt. Slik eg vurderer det, var Det norske Kontor ei nyvinning på Bryggen, men det var ei nyvinning som hadde sprunge ut or Det hanseatiske Kontor – og bar preg av det.



# 8 Litteratur og kjelder

## 8.1 Litteratur

- Blom, Grethe Authén (1973) «Die Hanseaten in Oslo und Tønsberg». I: Hanse in Europa: *Brücke zwischen den Märkten 12.-17. Jahrhundert: Ausstellung des Kölnischen Stadtmuseums 9. Juni–9. September 1973*. Kusthalle Köln.
- Brekke, Øystein Hellesøe (2009) ”Ersamen, besunderen guden frunde”: *Det hanseatiske kontoret i Bergen som politisk aktør i seinmellomalderen*. Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Bruns, Friederich (1939) *Die Sekretäre des Deutschen Kontors zu Bergen*. Det hanseatiske museums skrifter nr. 13
- Coldevin, Axel (1938) *Næringsliv og priser i Nordland*. Det hanseatiske museums skrifter nr. 11
- Dollinger, Phillippe (1970) *The German Hansa*. Original tittel: *Die Hanse*. Omsett av D. S. Ault & S. H. Steinberg. Stanford university press, California i U.S.A.
- Dyrvik, Ståle et al. (1979) *Norsk økonomisk historie 1500-1970: bd. I – 1500-1850*. Universitetsforlaget, Bergen
- Døssland, Atle (2014) Del 1: «Kjøpmenn går inn i nye roller 1720-1815.» I: Kolle, Nils red. *Norges fiskeri- og kysthistorie, bd. II: Ekspansjon i eksportfiskeria 1720-1880*. Fagbokforlaget, Bergen.
- Ersland, Geir Atle (2011a) *Das kaufmannshaus: Det hanseatiske kontorets rettslokale og administrasjonshus i Bergen*. Det hanseatiske museums skrifter nr. 30

- Ersland, Geir Atle (2011b) *Kven eigde byen? Bygrunnlegging, grunneige og grunnleige i Bergen og eit utval nordeuropeiske byar*. Dreyers forlag, Oslo.
- Feldbæk, Ole (1986) *Danske Handelskompagnier 1616 – 1843: Oktrojer og interne Ledelsesregler*. Selskabet for Udgivelse af Kilder til Dansk Historie, København
- Fossen, Anders Bjarne (1979) *Bergen bys historie bd. 2: Borgerskapets by: 1636 – 1800*. Universitetsforlaget, Bergen.
- Helle, Knut (1982) *Bergen bys historie bd. 1: Kongssete og kjøpstad: Til 1536*. Universitetsforlaget, Bergen.
- Herstad, John (2000) *I helstatens grep: kornmonopolet 1735-88*. Tano-Aschehoug, Oslo
- Holsen, Britt Kristin (1984) *Nordlandshandelarkiver: Historikk, veiledning og arkivfortegnelser*. Bergens byarkivs skrifter, rekke B, nr. 3. Bergen byarkiv
- Hutchinson, Alan (2014) Del 5: «Lavkonjunktur og nedgang i fiskeriene ca. 1600-1720» I: Kolle, Nils red. *Norges fiskeri- og kysthistorie, bd. I: Fangsmenn, fiskerbønder og værfolk fram til 1720*. Fagbokforlaget, Bergen.
- Innis, Harold A. (1954) *The cod fisheries: The history of an international economy*. Universitetet i Toronto.
- Kiil, Alf (1940) *Nordlandshandelen i det 17. århundre*. Svokmo prenteverk, Svorkmo
- Kiil, Alf (1993) *Da børnderne seilte: bygdefarsbrukets historie i Nordlandene*. Messel forlag (i samarbeid med Akademisk publisering, Oslo)
- Kjeldstadli, Kjell & Jahn Myhre (1995). *Oslo – spenningenes by: oslohistorie*. Pax forlag, Oslo

- Koren Wiberg, Christian (1899) *Det tyske Kontor i Bergen: Tegninger med beskrivelse*. Det hanseatiske museums skrifter nr. 1
- Koren Wiberg, Christian (1921) *Bergenfarer-Dokumenter i tyske Arkiver*. Det hanseatiske museums skrifter nr. 4
- Koren Wiberg, Christian (1932) *Hanseatene og Bergen: Forholdet mellem de kontorske og det bergenske bysamfund*. Det hanseatiske museums skrifter nr. 6
- Koren Wiberg, Johan (1934) *Det norske kontor: en orientering*. Det hanseatiske museums skrifter nr. 9
- Lindbekk, Kari (1974) *Norsk Tørrfiskhandel i det 16. og 17. århundre*, del I og II. Heimen XVI, s. 379-390 og 441-456
- Lorentzen, Bernt (1971) *Den berømmelige handelsstad Bergen gjennom tidene 1660-1814*. Det hanseatiske museums skrifter nr. 19
- Lorentzen, Bernt (1976) *Den berømmelige handelsstad Bergen gjennom tidene 1070-1660*. Det hanseatiske museums skrifter nr. 21
- Lunden, Kåre (1976) *Fisket og Norsk økonomi på 1500- og 1600-tallet*. I: Heimen XVII: 129-158
- Moseng, Ole Georg et al. (2003) *Norsk historie II: 1537-1814*. Universitetsforlaget
- Nesse, Agnete (2011) «Hanseatene og språket». I: Geir Atle Ersland, *Das kaufmannshaus: Det hanseatiske kontorets rettslokale og administrasjonshus i Bergen*. Det hanseatiske museums skrifter nr. 30
- Nielsen, Alf Ragnar (2014) Del 3: «Markedsretting og nasjonal betydning av fiskeriene 1000-1300». I: Kolle, Nils red. *Norges fiskeri- og kysthistorie, bd. 1: Fangsmenn, fiskerbønder og værfolk fram til 1720*. Fagbokforlaget.

- Nilsen, Anders (2010) *Handelskontoret i Bergen av 1754: Fellesskap under forvitring?* Masteroppgåve, Universitetet i Bergen
- Nielsen, Yngvar (1877) *Bergen fra de ældste Tider indtil Nutiden: En historisk-topografisk Skildring (Med 1 Prospekt og 1 Kart.)*. Chr. Tønsbergs forlag, Christiania
- O'hara, Glen (2010) *Britain and the Sea: since 1600*. Palgrave macmillan forlag.
- Tveite, Stein (1965) «Framgangen for norsk skipsfart etter 1690». I: Imsen, Steinar red. *Norske historikere i utvalg VIII: Studier i norsk historie 1537 – ca. 1800*. Tvillingriket 1660 – ca. 1800. Ved Imsen, Steinar & Supphellen, Steinar. (1984). Universitetsforlaget.
- Schreiner, Johan (1941) *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*. Det norske videnskab-akademi i Oslo. I kommisjon hos Jacob Dybwad, Oslo
- Seip, Jens Arup (1963) «Nasjonalisme som vikarierende motiv». I: *Fra embedsmannsstat til ettpartistat og andre essays*. Universitetsforlaget, Bergen
- Solberg, O. (1917) *Det bergenske handelskompani av 1721 og Grønlands kolonisastion: nogen kildeundersøkelser*. Bergens historiske forening skrifter nr. 23
- Sollibakke, Janita Kristin (2018) *De hanseatiske stuene på Bryggen 1300-1750: Brudd eller kontinuitet?* Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Steen, Sverre (1970) *Bergen: byen mellom fjellene*. Utgitt av Bergen kommune

## 8.2 Trykte kjelder

- Bendixen, Bendix Edvard (1901) «Bergens økonomiske stilling i og ved aaret 1735.» I: Bergen historiske forening *Skrifter*, nr. 7
- Bendixen, Bendix Edvard (1902) «Bergens økonomiske stilling i og ved aaret 1735. (Slutning)» I: Bergen historiske forening *Skrifter*, nr. 8
- Frimann, Christopher (1777) *Almindelig Samling af Stiftelser og Gavebreve i Kongeriget Norge med fornødne Oplysninger. Anden Deel*. Det typografiske Selskab, Kiøbenhavn
- Fogtman, Laurids (1809) *Kongelige Rescripter, resolutioner og Collegial-breve for Danmark og Norge*. Bd. 2: 1670-1699. Gyldendal, Kiøbenhavn
- Krohn, W. D. og Bendixen, B. E. (1895) *Dat Gartenrecht in den Jacobsfjorden vnnndt Beligarden med oversættelse*. I: Bergen historiske forening *Skrifter*, nr. 1
- Holberg, Ludvig (1737) *Den Berømmelige Norske Handel-Stad Bergens Beskrivelse*. Kjøbenhavn
- Meyer, Hildebrand (ca. 1764) *Samlinger til den Berømmelige og Navnkundigste Norske Handelstad: Bergens Beskrivelse. Bind 2*. Plassering av original: BBA A-0527 Ia2. Transkribert av Knut Geelmuyden, publisert av Bergen byarkiv, 2016.
- Meyer, Hildebrand (1775) *Korte betagninger om handelen*. Tilegnet det nyttige Selskab. Utgitt av Bergens historiske forening, ved Knut L. Espelid, Bergen 2001
- Monrad, Peter Johan (1813) *Collegial-Tidende for Danmark og Norge. Med Kongeligt allernaadigst Privilegium*. Sextende Aargang. Kjøbenhavn, 1813

- Nielsen, Yngvar (1879) *Vedtægter for det hanseatiske Kontor i Bergen fra det sextende og syttende Aarhundrede*. Christiania Videnskabsselskabs Forhandlinger for 1878, No. 1, Christiania.
- Nielsen, Yngvar (1880) *Vedtægter for det hanseatiske Kontor i Bergen fra det syttende Aarhundrede*. Christiania Videnskabsselskabs Forhandlinger for 1880, No. 13, Christiania.
- *Norske kongebrev: men innlegg: register. Bd. 2: Kongebrev under Christian V, hefte 1: 1670*. Redaktør: Fladby, Rolf. 1968, Universitetsforlaget, Oslo
- *Norske kongebrev: men innlegg: register. Bd. 2: Kongebrev under Christian V, hefte 2: 1671-1672*. Redaktør: Fladby, Rolf. 1968, Universitetsforlaget, Oslo
- Paulsen, P. I. et al. (1905) *Almindelig norsk Lovsamling, andet Bind 1851-1876*. Forlagt af H. Aschehoug og Co. (W. Nygaard), Kristiania.
- Sagen, Lyder & Foss, Henrik (1824) *Bergens beskrivelse*. Chr. Dahl forlag, Bergen
- Schou, Jacob Henric (1795) *Chronologisk Register over de Kongelige Forordninger og aabne Breve, samt andre trykte Anordninger, som fra aar 1670 af ere udkomne, tilligemed et nøiagtigt Udtog af de endnu giældende, for saavidt samme i Almindelighed angaae Undersaatterne i Danmark og Norge, forsynet med et alphabetisk Register. I. Deel. Som indeholder K. Christian V Frr. fra 1670 til 1699 samt nogle før Hans Tid udkomne Anordninger*. Kiøbenhavn
- Schou, Jacob Henric (1795) *Chronologisk Register over de Kongelige Forordninger og aabne Breve, samt andre trykte Anordninger, som fra aar 1670 af ere udkomne, tilligemed et nøiagtigt Udtog af de endnu giældende, for saavidt samme i Almindelighed angaae Undersaatterne i Danmark og Norge, forsynet med et alphabetisk Register. IV. Deel. Som indeholder K. Fredrik V Frr. fra 1746 til 1765*. Kiøbenhavn



- Schou, Jacob Henric (1814) *Chronologisk Register over de Kongelige Forordninger og aabne Breve, samt andre trykte Anordninger, som fra aar 1670 af ere udkomne, tilligemed et nøiagtigt Udtog af de endnu giældende, for saavidt samme i Almindelighed angaae Undersaatterne i Danmark og Norge, forsynet med et alphabetisk Register. XVI. Deel. Som indeholder K. Fredrik VI Frr. for 1812 og 1813.* Kiøbenhavn, 1814
- Stortingsforhandlinger 1865/66 volum 18, band 5. Tilgjengeleg digitalt via Nasjonalbiblioteket *Statsmaktene*:  
<<https://www.nb.no/statsmaktene/nb/ed5955778d0992cd9a9dfa36b8768926.nbdigital?lang=no>>
- Stortingsforhandlinger 1865/66 volum 18, band 7. Tilgjengeleg digitalt via Nasjonalbiblioteket *Statsmaktene*:  
<<https://www.nb.no/statsmaktene/nb/2f7c7838628d6c6dc3caa0ae5d3c665c.nbdigital?lang=no>>
- Stortingsforhandlinger 1865/66 volum 18, band 9. Tilgjengeleg digitalt via Nasjonalbiblioteket *Statsmaktene*:  
<<https://www.nb.no/statsmaktene/nb/f8e905fcd50b62a0901470ccc1869489.nbdigital?lang=no>>
- Vogt, Nils (1843) *Love, Anordninger, Kundgjørelser, aabne Breve, Resolutioner m. M., der vedkomme Kongeriget Norges Lovgivning og offentlige Bestyrelse, i tidsfølgende Orden og udtogviis: 9de Bind, indeholdende Aarene 1838, 1839 og 1840, med hosføiede Registerne.* Christiania
- Wessel-Berg, Fredrik August (1841) *Kongelige Rescripter, resolutioner og Collegialbreve for Norge: I tidsrummet 1660-1813.* Bd. 1: 1660-1746. Cappelen, Christiania.
- Wessel-Berg, Fredrik August (1842) *Kongelige Rescripter, resolutioner og Collegialbreve for Norge: I tidsrummet 1660-1813.* Bd. 2: 1746-1780. Cappelen, Christiania.

## 8.3 Internettressursar

- Brunbech, Peter Yding (2014) *Krigen i 1864 (2. Slesvigske Krig)*. danmarkshistorien.dk, Aarhus universitet. Internett:  
<<https://danmarkshistorien.dk/leksikon-og-kilder/vis/materiale/krigen-i-1864/>> [Lese: 24.03.19]
- Burkhardt, Mike (2010) *The German Hanse and Bergen – new perspectives on an old subject*. Scandinavian Economic History Review [internett] Tilgjengeleg frå:  
<http://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/03585520903561201> [Lese: 29.02.19]
- Degn, Jens (1999) «Hvad er helstaten?» I: Tidsskrift *Fortid og Nutid* oktober 1999, s. 220-226. Internett: [http://tidsskriftetkulturstudier.dk/kulturstudier/wp-content/uploads/Low\\_Fortid-og-nutid-3-1999.pdf](http://tidsskriftetkulturstudier.dk/kulturstudier/wp-content/uploads/Low_Fortid-og-nutid-3-1999.pdf) [Lese 28.02.19]
- NSD *Representanter og suppleanter 1865-67*. Internett:  
[http://www.nsd.uib.no/polsys/index.cfm?urlname=storting&lan=&MenuItem=N1\\_1&ChildItem=&State=collapse&UttakNr=104&Periodetekst=18](http://www.nsd.uib.no/polsys/index.cfm?urlname=storting&lan=&MenuItem=N1_1&ChildItem=&State=collapse&UttakNr=104&Periodetekst=18) [Lese: 21.01.19]
- Katalog *Findburch* nr. 9 hjå AHL, tilgjengeleggjort via nettsidene til BBA. Internett:  
[http://www.bergenbyarkiv.no/wp-content/uploads/sites/4/2003/11/AHL\\_Total.pdf](http://www.bergenbyarkiv.no/wp-content/uploads/sites/4/2003/11/AHL_Total.pdf)
- Petersen, Erik Strange (ukjend år) *Krigen 1864 (2. Slesvigske Krig) - og Freden i Wien*. danmarkshistorien.dk, Aarhus universitet. Internett:  
<<https://danmarkshistorien.dk/perioder/det-unge-demokrati-1848-1901/krigen-1864-2-slesvigske-krig-og-freden-i-wien/>> [Lese: 24.03.19]
- Skivenes, Arne (2003) *Priskurant*. Bergen byarkiv, Oppslagsverket oVe. Internett:  
<https://www.bergenbyarkiv.no/oppslagsverket/2003/10/24/priskurant/> [Lese 11.03.19]

## 8.4 Ikkje-trykte kjelder

- Archiv der Hansestadt Lübeck (**AHL**)
  - Bergenfahrerarchiv
  - Archiv des Kontor in Bergen
- Bergen byarkiv (**BBA**)
  - Arkiv etter Det norske Kontor (A-0585)
  - De Eligerte menn (A-0527)
  - Finnegården (A-0640)
  - Solegården (A-0641)
  - Bredsgården (A-0644)
  - Søstergården (A-0591)
  - Christian Koren Wiberg, avskrifter (A-0646)
  - Magistraten (A-0651)
- Danmarks riksarkiv (**DRA**)
  - Kommercekollegiet, Dansk-Norske Sekretariat (367+A)
- Statsarkivet i Bergen (**SAB**)
  - Arkiv etter Stiftamtmanden (A-100006)
  - Arkiv etter Politimesteren – Bergen politidistrikt (A-60401)
- Riksarkivet i Oslo (**RA**)
  - Danske Kanselli 1572-1799 (EA-3023)
- Universitetsbiblioteket i Bergen, spesialsamlingane (**UBB-S**)
  - Ms 70 – Hildebrand Meyers betragtninger om Handel
  - Ms 213 - Gaardsret for Jacobsfjorden og Belgaarden 1578 – 1638